

”Dei e teite og dei e mær stril enn oss”

**Ein komparativ analyse av talemål, haldningar og
samfunnsforhold i nordhordlandskommunane**

Meland og Radøy

Mariann Birkeland



**Mastergradsavhandling i nordisk språkvitskap
Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studium**

Universitetet i Bergen

Våren 2008

Forord

Først og fremst vil eg takka informantane mine frå Austrheim vidaregåande skule og Knarvik vidaregåande skule hausten 2006. Utan dykk hadde ikkje dette prosjektet late seg gjennomføra. Dei to rektorane ved skulane, Magnus Kvingedal og Inge A. Alver, var positive og imøtekommande då eg fortalde om prosjektet mitt, og fleire av lærarane ved skulane viste stor interesse. Takk til dykk. Ein særleg takk til Margreta Tveisme, som la alle forhold til rette for at eg kunne gjennomføra taleopptaka på Knarvik vidaregåande skule.

Eg vil også retta ein stor takk til rettleiaren min, Gunnstein Akselberg. Du har heile vegen vore positiv til prosjektet mitt, og komme med gode kommentarar.

Takk til Anders Lundberg for hjelp til å finna passande kart, og til Ingvild Vevle for å ha lese delar av avhandlinga.

Medstudentane på nordisk fortener ein stor takk for å ha gjort kvardagen på lesesalen triveleg. På grunn av dykk står til og med dei siste hektiske vekene på lesesalen att som eit godt minne.

Å skriva mastergradsavhandling er tidkrevjande. For meg har denne prosessen teke ekstra lang tid, fordi eg har fått begge dei to barna våre medan eg har arbeidd med avhandlinga. Å kombinera dette med å vera masterstudent hadde vore svært vanskeleg utan den gode støtta eg har fått frå familien min, og særleg frå sambuaren min. Takk skal de ha. Tusen takk til Ingvild, Steinar og Gisle fordi det alltid har vore kjekt å komma heim, uansett korleis dagen på lesesalen har vore.

Til slutt vil eg takka alle dei som har vist interesse for undersøkinga mi. Det har vore til stor inspirasjon at temaet eg har valt engasjerer dykk. Håper de vil ha glede av å lesa resultatet.

Bergen, mai 2008

Mariann Birkeland

Innholdsliste

1	Innleiing	1
1.1	Avklaring av dialektermar	2
1.2	Val av tema	3
1.3	Hovudproblemstilling og forskingsspørsmål	4
1.4	Nordhordland	5
1.5	Heimkommunane til hovudinformatane	7
1.5.1	Meland	7
1.5.2	Radøy	9
1.6	Skildring av aktuelle dialektar	11
1.6.1	Tradisjonelt nordhordlandsmål	11
1.6.2	Bergensk	12
1.7	Relevant forskning	13
1.7.1	Sosiolingvistisk forskning i Nordhordland	13
1.7.2	Sosiolingvistisk forskning i andre område rundt Bergen	14
2	Teori	16
2.1	Samfunnsstruktur	16
2.1.1	Inndeling av samfunnet	16
2.1.1.1	Inndeling utanfrå – regionar og kommunar	17
2.1.1.2	Inndeling innanfrå – stader og lokalsamfunn	19
2.1.2	Samfunnstypar	20
2.2	Individet som aktør i samfunnet	24
2.2.1	Språksamfunn	24
2.2.2	Sosiale nettverk	27
2.2.3	Sosiale felt	28
2.2.4	Personlegdomsfunksjonar	30
3	Metode	33
3.1	Kvalitativ eller kvantitativ metode?	33
3.2	Innsamling av data	34
3.2.1	Spørjeskjema	34
3.2.1.1	Spørsmål 1–3	36
3.2.1.2	Spørsmål 4 og 5 – Språklege variablar	38
3.2.1.3	Gjennomføring av spørjeundersøkinga	41
3.2.2	Taleopptak og nettverksskjema	43
3.2.2.1	Utseljing av informantar	43
3.2.2.2	Planlegging og gjennomføring av taleopptak	44
3.2.2.3	Planlegging og gjennomføring av nettverksregistreringa	47
3.3	Behandling av data	48
3.3.1	Behandling av spørjeskjemadata	48
3.3.2	Behandling av taleopptaksdata	49
3.3.3	Behandling av nettverksdata	50
4	Presentasjon av resultatata	51
4.1	Resultat frå spørjeskjemaet	51
4.1.1	Spørsmål 1 – bustad og flyttemønster	51
4.1.2	Spørsmål 2 – namn på talemål	52
4.1.3	Spørsmål 3 – informantane si oppfatning av talemålssituasjonen i Nordhordland	54
4.1.4	Spørsmål 4 og 5 – eigenrapportert realisasjon av språklege variablar	56
4.2	Resultat frå nettverksundersøkinga	57

4.3	Resultat frå teikneoppgåva – faktisk realisasjon av språklege variablar.....	60
4.4	Presentasjon av hovudinformantane	63
4.4.1	Merete.....	64
4.4.1.1	Språkleg kartlegging.....	64
4.4.1.2	Nettverk og interesser.....	64
4.4.1.3	Haldning til eige og andre sitt talemål.....	65
4.4.1.4	Haldning til heimstaden.....	67
4.4.1.5	Om Meland-buarar, radværingar, byfolk og strilar	68
4.4.1.6	Samanfatning av samtalen med Merete.....	68
4.4.2	Marit.....	69
4.4.2.1	Språkleg kartlegging.....	69
4.4.2.2	Nettverk og interesser.....	69
4.4.2.3	Haldning til eige og andre sitt talemål.....	71
4.4.2.4	Haldning til heimstaden.....	72
4.4.2.5	Om Meland-buarar, radværingar, byfolk og strilar	73
4.4.2.6	Samanfatning av samtalen med Marit	73
4.4.3	Magne.....	73
4.4.3.1	Språkleg kartlegging.....	73
4.4.3.2	Nettverk og interesser.....	74
4.4.3.3	Haldning til eige og andre sitt talemål.....	75
4.4.3.4	Haldning til heimstaden.....	76
4.4.3.5	Om Meland-buarar, radværingar, byfolk og strilar	76
4.4.3.6	Samanfatning av samtalen med Magne.....	76
4.4.4	Mons.....	77
4.4.4.1	Språkleg kartlegging.....	77
4.4.4.2	Nettverk og interesser.....	77
4.4.4.3	Haldning til eige og andre sitt talemål.....	79
4.4.4.4	Haldning til heimstaden.....	80
4.4.4.5	Om Meland-buarar, radværingar, byfolk og strilar	81
4.4.4.6	Samanfatning av samtalen med Mons.....	81
4.4.5	Felles og individuelle trekk hos Meland-informantane.....	81
4.4.6	Reidunn.....	82
4.4.6.1	Språkleg kartlegging.....	82
4.4.6.2	Nettverk og interesser.....	83
4.4.6.3	Haldning til eige og andre sitt talemål.....	84
4.4.6.4	Haldning til heimstaden.....	85
4.4.6.5	Om Meland-buarar, radværingar, byfolk og strilar	86
4.4.6.6	Samanfatning av samtalen med Reidunn.....	86
4.4.7	Randi.....	87
4.4.7.1	Språkleg kartlegging.....	87
4.4.7.2	Nettverk og interesser.....	87
4.4.7.3	Haldning til eige og andre sitt talemål.....	88
4.4.7.4	Haldning til heimstaden.....	89
4.4.7.5	Om Meland-buarar, radværingar, byfolk og strilar	90
4.4.7.6	Samanfatning av samtalen med Randi.....	91
4.4.8	Rune.....	91
4.4.8.1	Språkleg kartlegging.....	91
4.4.8.2	Nettverk og interesser.....	92
4.4.8.3	Haldning til eige og andre sitt talemål.....	93
4.4.8.4	Haldning til heimstaden.....	94

4.4.8.5	Om Meland-buarar, radværingar, byfolk og stril	94
4.4.8.6	Samanfatning av samtalen med Rune.....	95
4.4.9	Ragnar.....	96
4.4.9.1	Språkleg kartlegging.....	96
4.4.9.2	Nettverk og interesser.....	97
4.4.9.3	Haldning til eige og andre sitt talemål.....	98
4.4.9.4	Haldning til heimstaden.....	99
4.4.9.5	Om Meland-buarar, radværingar, byfolk og strilar	100
4.4.9.6	Samanfatning av samtalen med Ragnar.....	100
4.4.10	Felles og individuelle trekk hos Radøy-informantane	100
5	Drøfting av resultatata.....	102
5.1	Språklege resultat.....	102
5.1.1	Talemålet i Meland og Radøy	102
5.1.2	Namn på talemål	103
5.1.3	Språklege nivelleringsinstansar.....	104
5.2	Samfunnsmessige resultat	105
5.2.1	Samfunnsstruktur	105
5.2.2	Samfunnstypar	107
5.2.2.1	Meland som samfunnstype	107
5.2.2.2	Radøy som samfunnstype	107
5.3	Individet som aktør i samfunnet	109
5.3.1	Språksamfunn.....	109
5.3.1.1	Språksamfunns-strukturen i Meland.....	110
5.3.1.2	Språksamfunns-strukturen i Radøy	110
5.3.2	Sosiale nettverk.....	111
5.3.3	Sosiale felt.....	113
5.4	Haldningsmessige resultat	114
5.4.1	Språkhaldningar	114
5.4.2	Strilestereotypien.....	116
5.4.2.1	Strilestereotypien i eit kjønnsperspektiv.....	118
6	Sluttord	120
6.1	Svar på forskingsspørsmåla.....	120
6.1.1	Språk.....	120
6.1.2	Samfunn.....	120
6.1.3	Individet som aktør i samfunnet.....	121
6.1.4	Haldningar	122
6.2	Konklusjonar.....	122
6.3	Sluttord om Meland og Radøy.....	123
6.4	Forslag til vidare forsking	124
	Samandrag.....	125
	Litteraturliste.....	127
	Vedlegg 1: Spørjeskjema.....	133
	Vedlegg 2: Nettverksskjema.....	136
	Vedlegg 3: Teikneoppgåvene.....	137
	Vedlegg 4: Intervjugaid.....	138
	Vedlegg 5: Kart over informantane sine heimstader	139
	Vedlegg 6: Busetjingstettleik i Meland og Radøy.....	141

Figurar og tabellar


Figur 1: Oversiktskart over Nordhordland, Bergen og nærliggjande kommunar	1
Figur 2: Folkemengd i Meland kommune	8
Figur 3: Busetjingsmønster i Meland	9
Figur 4: Folkemengd i Radøy kommune	10
Figur 5: Busetjingsmønster i Radøy	10
Figur 6: Modell for samfunnstype	22
Tabell 1: Variablar i spørjeskjemaet	40
Tabell 2: 'Tilfeldige' variablar i spørjeskjemaet	41
Tabell 3: Sannsynlege variablar i teikneoppgåva	45
Figur 7: Informantane si namngjeving av eigen dialekt	53
Figur 8: Syn på grad av dialektbevaring	55
Figur 9: Eigenrapporterte talemålsformer	56
Figur 10: Talemålet til informantane sine venner	58
Figur 11: Talemålet til informantane sin familie	59
Figur 12: Bustad til informantane sine venner	60
Tabell 4: Realisasjonar av variablar i variabelgruppe 1: Personlege pronomen	61
Tabell 5: Realisasjonar av variablar i variabelgruppe 2: Presens av verb	61
Tabell 6: Realisasjonar av variablar i variabelgruppe 3: <i>a</i> -mål/ <i>e</i> -mål	61
Tabell 7: Realisasjonar av variablar i variabelgruppe 4: Hokjønnsendingar	62
Tabell 8: Gjennomsnittleg realisasjonsprosent av dei spåkelege variablane	62
Tabell 9: Opplysningar frå spørjeskjema, Merete	64
Tabell 10: Realisasjonar av dei fire variabelgruppene, Merete	64
Figur 13: Venner i Merete sitt nettverk	65
Tabell 11: Opplysningar frå spørjeskjema, Marit	69
Tabell 12: Realisasjonar av dei fire variabelgruppene, Marit	69
Figur 14: Venner i Marit sitt nettverk	70
Tabell 13: Opplysningar frå spørjeskjema, Magne	74
Tabell 14: Realisasjonar av dei fire variabelgruppene, Magne	74
Figur 15: Venner i Magne sitt nettverk	75
Tabell 15: Opplysningar frå spørjeskjema, Mons	77
Tabell 16: Realisasjonar av dei fire variabelgruppene, Mons	77
Figur 16: Venner i Mons sitt nettverk	78
Tabell 17: Opplysningar frå spørjeskjema, Reidunn	83
Tabell 18: Realisasjonar av dei fire variabelgruppene, Reidunn	83
Figur 17: Venner, Reidunn sitt nettverk	83
Tabell 19: Opplysningar frå spørjeskjema, Randi	87
Tabell 20: Realisasjonar av dei fire variabelgruppene, Randi	87
Figur 18: Venner i Randi sitt nettverk	88
Tabell 21: Opplysningar frå spørjeskjema, Rune	92
Tabell 22: Realisasjonar av dei fire variabelgruppene, Rune	92
Figur 19: Venner i Rune sitt nettverksskjema	93
Tabell 23: Opplysningar frå spørjeskjema, Ragnar	96
Tabell 24: Realisasjonar av dei fire variabelgruppene, Ragnar	96
Figur 20: Venner i Ragnar sitt nettverk	97
Figur 21: Plassering av Meland og Radøy i samfunnstypemodellen	109

1 Innleiing

Den overordna målsetjinga med denne avhandlinga er å finna ut meir om samanhengen mellom den *samfunnstypen* ein har vakse opp i, og kva for *haldningar* og *talemål* ein har. Utgangspunktet mitt er at eg trur det er ein samanheng mellom samfunnstype, og danning og endring av haldningar, og at desse haldningane blant anna blir reflekterte gjennom talemålet.

Avhandlinga dreier seg altså om *relasjonane* mellom språk, haldningar og samfunn. I tillegg til dei språklege tilhøva har eg lagt stor vekt på å undersøkje og analysere sosiologiske og samfunnsmessige aspekt. Det er derfor lagt noko mindre vekt på å skildra enkeltvis språklege trekk enn det som er vanleg i tradisjonelle sociolingvistiske undersøkingar.

Som utgangspunkt for undersøkinga har eg valt nordhordlandskommunane Meland og Radøy (sjå figur 1 og vedlegg 5). Desse vil eg undersøkje kvar for seg, og samanlikna. Dei er eigna for samanlikning ut frå innbyggjartal, storleik og avstand til Bergen. I tillegg synest eg det er interessant å studera nettopp desse to kommunane, fordi eg sjølv har budd begge stader, og har opplevd at talemålet dei to stadene er ulikt, trass i at begge kommunane høyrer til det same dialektområdet.



Figur 1: Oversiktskart over Nordhordland, Bergen og nærliggjande kommunar. Meland og Radøy er markerte med grønt, medan dei andre nordhordlandskommunane¹ er markerte med brunt.

¹ Sjå avsnitt 1.4 for grunngjeving av kva for kommunar eg reknar som nordhordlandskommunar.

Eg har brukt fire ulike metodar for å samla inn data til undersøkinga: *spørjeskjema* (sjå vedlegg 1), *nettverksskjema* (sjå vedlegg 2), taleopptak av ei *parvis teikneoppgåve* (sjå vedlegg 3) og *kvalitative djupintervju* (sjå vedlegg 4).

147 tredjeklassingar frå dei to vidaregåande skulane i Nordhordland, Austrheim vidaregåande skule og Knarvik vidaregåande skule, har delteke i ei *kvantitativ spørjeundersøking*. 109 av desse oppfylte dei kriteria eg hadde sett for å delta i undersøkinga (sjå avsnitt 3.2.1). Resultata frå spørjeundersøkinga fungerer som ein peikepinn på kor godt det tradisjonelle talemålet i Nordhordland held seg i regionen generelt, og i dei to kommunane eg vil undersøkje nærmare, spesielt.

Av dei 109 informantane som deltok i spørjeundersøkinga, har eg plukka ut åtte personar som har laga ei oversikt over det sosiale nettverket sitt, og som har delteke i taleopptaka. Desse informantane kallar eg for hovudinformatar (sjå avsnitt 3.2.2.1 for utveljing av informatar).

Nettverksskjemaet viser storleiken og tettleiken i hovudinformatane sine sosiale nettverk, og det fortel om talemålet og bustaden til nettverkspersonane (sjå avsnitt 3.2.2.3).

Gjennom ei *parvis teikneoppgåve* (sjå avsnitt 3.2.2.2), der ein informant skal forklara korleis ein annan informant skal laga ei teikning, har eg gjort opptak av taledata som viser kor stor realisasjonsprosent kvar av dei åtte hovudinformatane har av bergensformer og nordhordlandsformer innom fire språklege variabelgrupper.

Den siste innsamlingsmetoden er *kvalitative djupintervju* (sjå avsnitt 3.2.2.2), der eg har snakka med éin og éin av dei åtte hovudinformatane. Også desse dataa er tekne opp på band. Dette materialet har eg brukt til å gjera kvalitative analysar på individnivå.

I det følgjande vil eg først gjera greie for kva for termar som vil bli brukte om dei ulike talemålsvarietetane og språkformene (1.1). Eg vil så leggja fram mine personlege grunnar for å velja tema for avhandlinga (1.2). Etterpå kjem ein presentasjon av hovudproblemstilling og forskingsspørsmål (1.3), og så ein presentasjon av det geografiske området Nordhordland (1.4). Dei viktigaste trekka i nordhordlandsmål og bergensk blir gjort greie for under avsnitt 1.5. Til slutt i dette kapitlet presenterer eg andre sosiolingvistiske undersøkingar som eg vurderer som relevante for mi avhandling (1.6).

1.1 Avklaring av dialekttermar

Det tradisjonelle talemålet i Nordhordland blir oftast kalla *nordhordlandsmål* i dialektlitteraturen (sjå t.d. Sandøy 1990, Papazian & Helleland 2005) og *strilamål* eller *stril* på folkemunne. Når det er snakk om det tradisjonelle talemålet, bruker eg termene *strilamål*

med *a*-fuge, eller *tradisjonelt nordhordlandsmål*. I samtale med informantane var det naturleg å bruka termen *strilamål* om det tradisjonelle målet og termen *nordhordlandsmål* om ein moderne variant av det tradisjonelle målet. Eg bruker termen *bergensk* eller *bergensmål* om det tradisjonelle bergenske talemålet (sjå t.d. Pettersen 1990, Papazian & Helleland 2005). Termen *nordhordlandsmål* blir altså brukt om den typen talemål som ligg ein stad mellom *tradisjonelt nordhordlandsmål/strilamål* og *bergensk*.

Dei talemålsformene som informantane bruker, som fell saman med former i bergensk, kallar eg for *bergensformer*, og i samband med dette snakkar eg om *påverknad frå bergensk*. Dette kan vera problematisk, fordi det ikkje treng å vera samanheng mellom bruk av former som *fell saman* med former i bergensk og påverknad *berre* frå bergensk. Desse formene fell som oftast også saman med andre *bymål* eller med *skriftspråket bokmål*. Fleire sosiolingvistiske undersøkingar i område nær Bergen viser at det er sannsynleg at det er andre påverknadskjelder enn det bergenske talemålet som spelar inn i språkendringsprosessane her (sjå t.d. Akselberg 2003b og Hernes 2006). Eg vil likevel bruka termane *bergensk* og *bergensformer* som utgangspunkt, og så diskutera denne problematikken ut frå resultatane frå undersøkingane mine, under avsnitt 5.1.3.

1.2 Val av tema

Våren 2005 skreiv eg ei oppgåve i emnet sosiolingvistik ved Universitetet i Bergen som eg kalla "*Light bergensk*" – *ei sosiolingvistisk undersøking av talemålet til tiandeklassingar ved Rossland skule i Meland kommune* (Birkeland 2005). Her fann eg ut at ungdom frå Meland hadde eit talemål som likna meir på bergensk enn på det tradisjonelle nordhordlandsmålet. Eg syntest det kunne vera interessant å undersøkje om dette var ein tendens som gjaldt for heile Nordhordland, eller spesielt for Meland. Derfor har eg valt å gjera ein *komparativ* analyse av Meland og nabokommunen Radøy.

Eg har valt å samanlikna Meland med Radøy, fordi eg har ei førestelling om at talemålet i Radøy ligg nærmare det tradisjonelle nordhordlandsmålet enn det funna frå "*Light bergensk*"-undersøkinga viser at talemålet i Meland gjer. Sidan eg har valt å samanlikna to nabokommunar der eg trur talemåls situasjonen er ulik trass i at dei høyrer til det same dialektområdet, synest eg det kan vera interessant å sjå om ein kan finna årsaker til dette i samfunnsforholda. Dette har eg særleg fått inspirasjon til gjennom Unn Røyneland (2005) si doktorgradsavhandling om dialektnivellering hos ungdom på Røros og Tynset. Desse to kommunane høyrer ikkje til det same dialektområdet, slik som Radøy og Meland, men dei ligg nær kvarandre, med om lag like lang veg til Oslo og til Trondheim. Røyneland

(2005:539) forklarer blant anna den ulike graden av dialektbevaring i dei to kommunane med at oppfatningane av dei to kommunane er ulike:

I denne studien har vi sett ganske klart at det er ein generell tendens til at ungdom på Røros er meir medvitne om og stolte av heimplassen og dialekten sin enn det tynsetungdomen er. Både Bergstaden og rørosdialekten blir av dei aller fleste ungdomane skildra som spesiell, og som noko det er verdt å ta vare på. Ei slik positiv identitetskjensle og positive haldningar til heimplassen og dialekten kan vere med på å demme opp for endringar, både språkleg og kulturelt. Dette er nok ein vesentleg del av forklaringa på kvifor rørosdialekten er såpass resistent som han er.

Når det gjeld den språklege delen av denne undersøkinga, er dette interessant fordi det er gjort lite sosiolingvistisk forskning på nordhordlandsmålet frå før. Ein viktig del av dagens sosiolingvistiske forskning går ut på å studera korleis bytalemål påverkar talemål i sentrumsnære område. Rundt Bergen er det gjort sosiolingvistiske undersøkingar på Sotra (Revheim 1997), i Os (Hernes 1998 og 2006), på Vaksdal (Bleikli 2005), på Voss (Akselberg 1995 og Molde 2007), i Jondal (Toreid 1999), på Stord (Høyland 2005), i Aurland (Stokstad 2007) og i Sogndal (Haugen 1998 og 2004). Den einaste undersøkinga eg kan finna frå Nordhordland er ei undersøking frå Fedje (Marøy 1998). Fedje ligg isolert ytst i havet, og ein kan truleg ikkje seia noko generelt om talemålet i Nordhordland ut frå ei undersøking der. Nordhordland er altså eit utforska felt innom norsk sosiolingvistikk, og mitt arbeid vil såleis vonleg vera eit viktig bidrag til å skildra talemålsutviklinga i områda rundt Bergen.

1.3 Hovudproblemstilling og forskings spørsmål

Hovudproblemstillinga for avhandlinga er som følgjer: Eg ønskjer å finna ut noko om korleis samfunn og individ påverkar kvarandre gjensidig, og korleis dette samspelet kjem til uttrykk gjennom talemål og haldningar i dei to kommunane Meland og Radøy.

Ut frå denne problemstillinga har eg formulert følgjande forskings spørsmål kring dei overordna emna *språk, samfunn, individet som aktør i samfunnet og haldningar*:

Språk:

- Kan talemålet i Nordhordland seiast å vera homogent?
- Er det store språklege skilnader mellom dei ulike kommunane i Nordhordland? Korleis plasserer Meland og Radøy seg i denne samanhengen?
- Kan talemålet innom Meland kommune og Radøy kommune seiast å vera homogent?
- Går det føre seg talespråkleg regionalisering i Nordhordland? I kva grad fungerer Bergen som spreingsentrum i denne prosessen?

Samfunn:

- På kva måte relaterer informantane seg til regionen, kommunen og heimstaden? Kva kan ein ut frå dette seia om regionen Nordhordland og kommunane Meland og Radøy som samfunnstypar?
- Er det tydelege samfunnsmessige skilje mellom dei to kommunane Meland og Radøy? Korleis kjem i så fall dette til uttrykk, og kva kan årsakene vera?

Individet som aktør i samfunnet:

- Korleis fordeler informantane seg i sosiale felt og sosiale nettverk?
- Kva fortel desse nettverka og felta om samfunnet?
- Kva samanheng har dei sosiale felta og dei sosiale nettverka med talemålet?

Haldningar:

- Kva for haldningar har informantane til eige og andre sitt talemål?
- Korleis ser informantane på seg sjølve, innbyggjarane i resten av Nordhordland og bergensarane?

1.4 Nordhordland

I dette avsnittet vil eg presentera det geografiske området Nordhordland. Eg vil først seia noko generelt om området, for så å presentera dei to kommunane Meland og Radøy kvar for seg. Framstillingane er i stor grad basert på Tungodden (1993) og på informasjon frå Statistisk sentralbyrå sine nettsider.²

Det finst fleire definisjonar på kva for kommunar som høyrer til området Nordhordland. I denne undersøkinga har eg valt å ta med informantar frå dei seks kommunane som er dei som oftast blir nemnde under Nordhordland, nemleg Austrheim, Fedje, Lindås, Masfjorden, Meland og Radøy (sjå t.d. Tungodden 1993 og Ertresvaag 2001). Kommunane Gulen, Modalen, Osterøy og Øygarden blir i somme tilfelle rekna med til Nordhordland, men vil ikkje bli rekna med i denne avhandlinga (sjå figur 1 i avsnitt 1).

Sjøen har alltid vore viktig for folk i Nordhordland. Utanom i Masfjorden, der mykje av landskapet er fjell, finn ein typisk kystlandskap her. Lindås kommune ligg på Lindås-halvøya, og delar av Austrheim kommune ligg også på denne. Resten av Austrheim kommune består av ei mengd småøyar. I dei tre siste kommunane, Fedje, Meland og Radøy, finn ein ei

² <http://www.ssb.no/>

hovudøy og fleire småøyar. Fram til 1994, då Nordhordlandsbrua kom, var det ingen annan måte å komma seg til Bergen eller andre stader på, enn sjøvegen.

Folk i Nordhordland levde tidlegare stort sett av ein kombinasjon av fiske og jordbruk. Etter kvart som Bergen blei ein stor by der kjøpmenn og embetsmenn etablerte seg, byrja strilane³ å selja og byta varer i Bergen. Denne handelen blei etter kvart sjølv livsgrunnlaget deira (Tungodden 1993:27). Strilane og bergensarane har altså hatt jamnleg kontakt i lange tider. Dei blei gjensidig avhengige av kvarandre, sjølv om bergensarane gjerne såg ned på strilane. Amalie Skram skildrar forholdet mellom bergensarar og strilar godt i denne samtalen:

”[...] Ka ska du ha for lyren, din strilestabeis? Ve du svare, eller eg sitter polletie på deg.”

”Du kadn sjøl vera stril, di byslaska,” sa en ilter, gneldrende røst, og en gutt i topplue, grå vadmelkskufte med tinnknapper og en tine i hånden hoppet fra trappen over i båten. ”Me æ inkje stril, me,” vedblev han utfordrende og grep efter soplimen, ”me æ nor ifrå Hedlå.”

”Ka skjiller det meg!” [...] ”Strilene, di e vel like go, di, så inkven anen.”

[...]

”Din strilepeis!” ropte hun hoverende til avskjed, ”for stril e du no, og stril blir du no!” Hun slo en skrallende latter opp, idet hun skyndte seg av sted (Skram 2002:18–19 [1887]).

Fram til 1950-åra var jordbruket kombinert med attåtningar hovudnæringa i Nordhordland (Tungodden 1993:97). Rundt 1900 voks det fram mykje industri, slik som i resten av landet, men nedtrappinga av primærnæringane utover på 1900-talet førte likevel til at folk måtte flytta der det var arbeid å få. På 1960-talet gjekk folketalet i Nordhordland ned, samtidig som Hordaland fylke hadde ein monaleg folkeauke (98). Mange av dei nordhordlendingane som blei buande, byrja å pendla til og frå arbeid. Gjennomsnittsinntekta i Nordhordland i 1965 var berre 67 prosent av landsgjennomsnittet (98). Det måtte gjerast noko for å få regionen til å reisa seg att. I 1965 blei administrasjonssenteret Knarvik peikt ut til vekstsenter for Hordaland, og ein fekk gymnas og yrkesskule her (99). Etter kvart lukkast ein også å få industri utanfrå til å etablere seg i regionen. I 1969 vedtok Hordaland fylkesting at storindustri i fylket skulle etablerast på Mongstad i kommunane Austrheim og Lindås. Etter mykje diskusjon om kva for type industri ein skulle satsa på, blei ein einige om å oppretta eit oljeraffineri. Dette stod ferdig i 1975 (101). Raffineriet har ekspandert, og Mongstad er i dag eit av dei viktigaste industrianlegga i Noreg. Mange arbeidsplassar har òg komme til som ein ringverknad av anlegget på Mongstad (102).

³ Termen *stril* kan brukast om alle som bur utanfor Bergen i Nordhordland og Midthordland. Ein nordhordlending kan altså også kallast stril. Det er svært vanleg å bruka denne nemninga, både skriftleg og munnleg.

I dag arbeider størsteparten av nordhordlendingane i tertiærnæringane, slik det også er på landsbasis. Mange nordhordlendingar pendlar til og frå arbeid. Dei nyaste tala eg har funne på dette er frå 2001. Desse viser at heile 46,7 prosent av dei sysselsette i Nordhordland pendlar ut av kommunen⁴. Dei aller fleste pendlar til ein annan stad i Hordaland, men det var vanskeleg å finna ut kor mange som pendla ut av Nordhordland. Ifølgje rapporten som er skriven i samband med denne teljinga av pendlarar⁵, finn ein den største utpendlinga frå kommunar rundt dei store byane i Noreg. Ut frå dette er det sannsynleg at store delar av pendlarane i Nordhordland arbeider i bergensområdet.

1.5 Heimkommunane til hovudinformatane

Eg har teke utgangspunkt i Radøy og Meland, to kommunar eg meiner ein kan samanlikna både geografisk og språkleg. Dei ligg begge sentralt i Nordhordland med om lag like lang veg til Bergen. Innbyggjartala er òg heller like. Pr. 01.01.2007 hadde Radøy 4658 innbyggjarar, medan det budde 6016 personar i Meland kommune⁶. Meland kommune er 92,5 km² i flateareal, medan Radøy kommune er 111,8 km².

1.5.1 Meland


Meland kommune består av øyane Holsnøy, Flatøy, Håøy og Øpsøy. Dei fleste innbyggjarane bur på Holsnøy, som med sine 87,9 km² er den største av øyane.

Meland kommune blei oppretta i 1923, men då i form av dei nordre delane av Holsnøy og Askøy. Det var først etter ei omfattande kommuneregulering i 1964 at Meland kommune, slik vi kjenner han i dag, blei stifta. Dei første åra frå 1964 og fram til byrjinga av 1970-talet heldt folketalet seg nokolunde jamnt, men med ein svak auke dei fleste åra. Etter dette og fram til i dag har Meland hatt ein jamn og kraftig folkeauke (sjå figur 2).

⁴ <http://www.ssb.no/emner/02/01/fobpend/tab-2002-12-06-01.html>

⁵ <http://www.ssb.no/emner/02/01/fobpend/>

⁶ <http://www.ssb.no/kommuner/region.cgi?nr=12>



Figur 2: Folkemengd i Meland kommune. Søylen viser tal på innbyggjarar frå år til år frå 1964 til 2007.


Kommunesenteret, Frekhaug, ligg heilt sør i kommunen, altså i den delen som ligg nærast Knarvik og Bergen. Det er litt over tre mil til Bergen herifrå. Frekhaug hadde 1596 innbyggjarar pr. 01.01.2007, altså om lag ein fjerdedel av innbyggjarane i kommunen. Litt lengre nord på øya finn ein Holme, som også kan seiast å vera ein tettstad⁷. Her bur det 627 personar. Det tredje området i kommunen som blir rekna som tettstad, er Krossneset på Flatøy, like ved Nordhordlandsbrua. Her budde det 443 personar i 2007. Nær halvdelen (44prosent) av innbyggjarane i Meland bur i tettbygde strok, noko som er godt under både lands- og fylkessnittet, som begge er på 78 prosent⁸. Særleg i nordre delen av kommunen ligg bustadene meir spreidd, og det er færre som bur her (sjå figur 3).

⁷ for definisjon på tettstad, sjå til dømes <http://www.ssb.no/emner/02/01/10/bef tett/digtettgr.html>

⁸ <http://www.ssb.no/kommuner/region.cgi?nr=12>

1256 Meland kommune – busetjingsmønster

Tallet på busette per rute 250 m x 250 m. Ikke fargelagde ruterområde er utan busetjing. Befolkningsdata per 1. januar 2002.



Figur 3: Busetjingsmønster i Meland (sjå vedlegg 6 for større format)

Heile 61,6 prosent av innbyggjarane i Meland pendlar ut av kommunen for å arbeida. 3,0 prosent av innbyggjarane jobbar i primærnæringane, 29,9 prosent i sekundærnæringane og 66,7 prosent i tertiærnæringane. 20,1 prosent av innbyggjarane over 16 år har høgare utdanning.

Meland kommune profilerer seg som ein kommune som er i sterk vekst, og som har kort reisetid til Bergen:


Meland er nabokommune til Bergen, med reisetid frå Bergen sentrum til kommunesenteret Frekhaug på under ein halv time. Kommunen er landfast via Nordhordlandsbrua og er såleis det geografiske bindeleddet mellom Bergen og Nordhordland. Meland kommune er i sterk vekst, med eit innbyggjartal på nær 6000⁹

Same stad blir det også nemnt at Meland har vakker natur, "[...] ei av dei finaste golfbanene i Europa [...]" og den største folkehøgskulen i landet.

1.5.2 Radøy

Radøy kommune består av hovudøya Radøy, og ei rekkje mindre øyar. Som Meland kommune, blei også Radøy kommune slik vi kjenner han i dag, grunnlagd i 1964. Men i motsetnad til Meland har Radøy hatt eit svært stabilt folketal (sjå figur 4). I 1964 hadde Radøy 4329 innbyggjare, medan det i 2007 budde 4658 personar i kommunen. Folketalet har lege ein stad mellom 4100 (1970) og 4678 (2004) i alle åra kommunen har eksistert.

⁹ <http://www.meland.kommune.no/artikkel.aspx?AId=365&back=1&Mid1=631&Mid2=632>




Figur 4: Folkemengd i Radøy kommune. Søylen viser tal på innbyggjarar frå år til år frå 1964 til 2007.

Manger, som er kommunesenter i Radøy, ligg om lag midt på Radøy, litt over fem mil frå Bergen. Her budde det 829 personar i 2007, medan det budde 392 personar i Austmarka, som er den andre staden i Radøy som blir rekna som tettstad. 35 prosent av radværingane er busette i tettbygde strøk. På same måte som Meland, er Radøy mindre tettbygd i dei nordre delane av kommunen, men dette er endå tydelegare i Meland (sjå figur 3 og 5).

1260 Radøy kommune – busetjingsmønster

Talet på busette per rute 250 m x 250 m. Ikkje fargelagde ruter/område er utan busetjing. Befolkningsdata per 1. januar 2002.



Figur 5: Busetjingsmønster i Radøy (sjå vedlegg 6 for større format)

Radøy har ein utpendlingsprosent på 45,7, eit tal som er ein god del lågare enn talet for Meland (61,6 prosent). Radøy har ein større del enn Meland som arbeidar i primærnæringa: 5,7 prosent kontra 3,0 prosent. 32,3 prosent arbeidar i sekundærnæringa, medan 61,5 prosent er tilsett i tertiærnæringa. I forhold til Meland, har Radøy ein låg del innbyggjarar med høgare utdanning: 14 prosent kontra 20,1 prosent.

På nettsidene til Radøy kommune framstår kommunen som ein stad med flott natur og eit rikt kulturliv. I 2004–2005 blei kommunen kåra til kulturkommune i Hordaland¹⁰.

1.6 Skildring av aktuelle dialektar

Når det gjeld dialekten som høyrer heime der informantane i undersøkinga kjem frå, det tradisjonelle nordhordlandsmålet, vil ikkje dei målmerka som blir framstilte under neste avsnitt (1.6.1) vera i bruk i like stor grad i alle områda nordhordlandsmålet femner om, og av alle dei ulike individa som bur der. Ut frå tidlegare undersøkingar av det tradisjonelle nordhordlandsmålet (sjå Marøy 1998 og Birkeland 2005) er det sannsynleg at talemålet til informantane i denne undersøkinga vil liggja på ulike punkt på ein skala mellom den tradisjonelle forståinga av nordhordlandsmål og bergensk. Dette er grunnen til at eg skil mellom termane *tradisjonelt nordhordlandsmål* og *nordhordlandsmål* (sjå avsnitt 1.1). Noko av poenget med denne oppgåva er å kunna plassera informantane sitt talemål på ein slik skala og dermed seia noko om talemålssituasjonen i Nordhordland i dag. Det er derfor viktig å skildra ytterpunktta, altså *tradisjonelt nordhordlandsmål* (1.6.1.) og *bergensk* (1.6.2). Framstillingane er hovudsakleg basert på Sandøy (1990), Pettersen (1990) og Papazian & Helleland (2005).

1.6.1 Tradisjonelt nordhordlandsmål

I norsk dialektlitteratur (sjå t.d. Sandøy 1990 og Papazian & Helleland 2005) blir det tradisjonelle nordhordlandsmålet rekna som ein del av det sørvestlandske målføreområdet, som igjen er ein del av det vestlandske målføreområdet. På same måte som det geografiske området Nordhordland blir definert på ulike måtar, er det òg vanskeleg å setja ei grense for kor langt det tradisjonelle nordhordlandsmålet strekkjer seg. I tillegg til kommunane som er rekna med til Nordhordland (sjå avsnitt 1.5), meiner Helge Sandøy (1990) at ein også kan rekna med at det tradisjonelle nordhordlandsmålet blir brukt i store delar av det området som administrativt er kalla Midthordland (78). Desse områda omfattar til saman dei atten kommunane Austevoll, Os, Fusa, Samnanger, Vaksdal, Bergen, Fjell, Sund, Øygarden,

¹⁰ <http://www.radoy.kommune.no/Om-Radoy-kommune/>

Askøy, Osterøy, Modalen, Masfjorden, Lindås, Meland, Radøy, Austrheim, Fedje (sjå figur 1 i avsnitt 1). Dei seks siste er dei som eg reknar som nordhordlandskommunar, og som er tekne med i denne undersøkinga.

Nabodialektområda er Bergen, Sunnhordland, Sogn, Voss og Hardanger ifølgje inndelinga til Sandøy (1990). Tradisjonelt nordhordlandsmål skil seg frå dialektane i Sogn, Voss og Hardanger først og fremst ved ikkje å ha diftongering, og frå sunnhordlandsmål ved å ha delt hokjønnsbøying (77). I det følgjande vil eg kort skissera dei mest særlege målmerka i det tradisjonelle nordhordlandsmålet. Dette vil først og fremst vera dei målmerka som skil dialekten frå ein eller fleire av nabodialektane.

Dei viktigaste målmerka i tradisjonelt nordhordlandsmål:

- Rulle-*r*
- Fråvær av tonelag 2
- Gamal kort *o* blir uttala med ein open *ø*-lyd, ein stad mellom *ø* og *å*. Døme: *løv* (nynorsk: *lov*).
- Lange *n*-ar (*nn*) som kjem frå gammalnorsk *-rn*, blir uttala *-dn*, med *-d* som eit svakt føreslag til *-n*. Døme: *kådn* (nynorsk: *korn*).
- Lang *-ll* og lang *-mm* har blitt til *-dl* og *-bm*, som i *kadla* og *kåbma*, men gammalnorsk *-mb* uttalast *-mm*. Døme: *kamm* (nynorsk: *kam*).
- Infinitiv og hokjønnsstaktiv i ubunden form eintal endar på *-a*, (*-a*-mål). Døme: *å håppa*, *ei jænta* (nynorsk: *å hoppa*, *ei jente*).
- Bortfall av *-r* i ubunden form fleirtal og presens av svake verb. Døme: (*fleire*) *tima*, (*no*) *håppa* (*eg*) (nynorsk: (*fleire*) *timar*, (*no*) *hoppar* (*eg*)).
- Delt hokjønnsbøying. Døme: *moræ* og *jento* (nynorsk: *mora*, *jenta*).
- Endestavingar i fleirtal er *-ane* og *-ena*. Døme: *gutane* og *jentena* (nynorsk: *gutane*, *jentene*).
- Gamle kortstavingsord har som oftast lang vokal. Døme: *gut* (nynorsk: *gut*).

1.6.2 Bergensk

I bergensk er det vanleg å skilja mellom to varietetar, som ofte blir omtalt som lågstatusspråk og høgstatusspråk (sjå t.d. Nesse 1994). Eric Papazian og Botolv Helleland (2005:114) omtalar desse som ”bymål” og ”[...] eit meir standardisert bergensk bokmål”, men meiner dei

to varietetane har dei fleste målmerka til felles. Eg vil kort skissera dei bergenske målmerka eg ser på som mest relevante i samband med denne undersøkinga:

Dei viktigaste målmerka i bergensk:

- Skarre-*r*.
- Infinitiv og hokjønnsst substantiv i ubunden form eintal endar på *-e* (*-e*-mål). Døme: *å hoppe, en jente* (nynorsk: *å hoppa, ei jente*).
- Alle hokjønnsord får hankjønnsendingar (felleskjønn). Døme: *moræn* (nynorsk: *mora*).
- Endinga *-et* i preteritum og perfektum partisipp av *a*-verb. Døme: *jåbbet* (nynorsk: *jobba*).
- Endinga *-ar* (eller *-er*) i presens av sterke verb, utan omlyd. Døme: *kåmmar* (nynorsk: *kjem*).
- *-r*-ending i ubunden form fleirtal og i presens av svake verb. Døme: *timar, håppar* (nynorsk: *timar, hoppar*).
- Endingane *-ar* og *-ene* i mest alle fleirtalssubstantiv. Døme: *jentar, jentene, guttar guttene* (nynorsk: *jenter, jentene, gutar, gutane*).
- Gamle kortstavingsord har som oftast kort vokal. Døme: *gutt* (nynorsk: *gut*).
- Mykje monoftongering. Døme: *bet* (nynorsk: *beit*).
- Pronomen og determinativ som skil seg frå skriftleg bokmål (gjeld berre lågstatusbergensk): *ikkje, mykkje, nåkke(n), eg, honn, dåkkar* (nynorsk: *ikkje, mykje, noko(n), eg, ho, de*).

1.7 Relevant forskning

Eg vil først presentera det som finst av sosiolingvistiske undersøkingar i Nordhordland (avsnitt 1.7.1), for så å sjå på forskning gjort i andre område nær Bergen (avsnitt 1.7.2).

1.7.1 Sosiolingvistisk forskning i Nordhordland

Som eg nemnde tidlegare (avsnitt 1.2), er det gjort lite sosiolingvistisk forskning i Nordhordland. Dei einaste undersøkingane eg kan finna er Beate Husa Marøy (1998) si hovudfagsoppgåve ”Ei sosiolingvistisk gransking av talemålet på vestlandsøya Fedje”, og mi eiga undersøking frå Meland (Birkeland 2005).

Marøy (1998) har undersøkt dei språklege variablane *r* og *kj* i forhold til dei sosiale variablane alder, kjønn og region. Sjølv om talemålet på Fedje kjem inn under termen

nordhordlandsmål i dialektlitteraturen (sjå t.d. Sandøy 1990), bruker Marøy termen fedjedialekt. Ho meiner talemålet på Fedje kan seiast å vera ein eigen dialekt, fordi øya ligg geografisk isolert frå nabokommunane og fordi mange av informantane markerer avstand til talemåla i nabokommunane (Marøy 1998:22–23). Eg ser på Fedje som ein av dei seks kjernekommunane i Nordhordland, og vil derfor rekna det tradisjonelle talemålet på Fedje inn under termene *tradisjonelt nordhordlandsmål* eller *strilamål*.

Resultata til Marøy viser at skarre-*r* er vanleg blant den yngre generasjonen, og hyppigare hos kvinner enn hos menn. *Kj*-lyden held seg godt i alle aldersgrupper, men det er ei viss endring i den yngste gruppa. Endringane er større sør på øya, og ho meiner endringane har starta der, og så spreidd seg til resten av øya. Informantane i undersøkinga er positive til fedjemålet og negative til bergensk. Dei er også negative til dei som legg om talemålet. I og med at Marøy berre undersøker to fonetiske variablar, blir ikkje undersøkinga så relevant i forhold til denne avhandlinga.

Undersøkinga blant 10.klassingar på Rossland skule i Meland kommune (Birkeland 2005) er i høgste grad relevant for denne avhandlinga. Her har eg undersøkt talemål og haldningar hos ungdom frå ein av dei to kommunane som er undersøkingsobjekt i denne avhandlinga. Resultata frå denne undersøkinga tyder på at talemålet i rosslandsområdet er i kraftig endring, på den måten at tradisjonelle nordhordlandsformer er bytte ut med bergensformer. Sju av dei ti hovudinformatane i undersøkinga brukte over 90 prosent bergensformer i taleopptaka som blei gjorde (Birkeland 2005:14).

1.7.2 Sosiolingvistisk forskning i andre område rundt Bergen

Særleg i samband med språkleg regionalisering er det interessant å sjå på tilhøva i dei andre områda rundt Bergen. Reidunn Hernes (1998) har undersøkt talemålet til ungdommar i Os i hovudfagsoppgåva si. I doktorgradsavhandlinga si (Hernes 2006) har ho undersøkt talemålet til dei same ungdommane åtte år seinare. I hovudoppgåva fann Hernes ut at osmålet er i kraftig endring på den måten at stadig fleire trekk frå bergensk blir tekne opp i dialekten. Ho refererer til Irene Revheim (1997), som har funne liknande resultat på Sotra (sjå under), og seier ein truleg vil "[...] finna liknande utviklingstrekk i dei andre grannekommunane til Bergen" (Hernes 1998:121). Hernes meiner at det som er avgjerande for at osmålet skal halda seg, er at innbyggjarane oppfattar seg sjølve som osingar, og ikkje som del av ein region der Bergen er sentrum. I doktorgradsavhandlinga peikar Hernes på at påverknaden ikkje berre kjem frå bergensk, men at bergensk "[...] fungerer som ein formidlar av norsk standardtalemål [...]" (Hernes 2006:284).

Revheim (1997) har undersøkt talemålet på Sotra. Ho deler dette inn i tre kategoriar: *eldre sotramål*¹¹, *ynge sotramål* og *bergensk*. Slik eg ser det, tilsvarar desse kategoriane om lag det same som mine, som blir kalla *tradisjonelt nordhordlandsmål/strilamål*, *nordhordlandsmål* og *bergensk*. Revheim har funne ut at ungdom frå Telavåg og Klokkarvik i Sund kommune ikkje bruker eldre sotramålsformer lenger. Ho har også funne ut at informantane frå Klokkarvik bruker større grad av bergensformer enn informantane frå Telavåg. Dette meiner ho kan ha samanheng med meir innflytting til Klokkarvik og sterkare identitet og tilknytning til heimstaden hos informantane frå Telavåg (Revheim 1997:116–117).

Det er også gjort undersøkingar i område som ikkje grensar direkte til Bergen, men som ligg såpass nært at spørsmålet om språkleg regionalisering vil vera aktuelt. Særleg Gunnstein Akselberg (sjå t.d. Akselberg 1995 og 2003b) har teke opp dette i sine undersøkingar av talemålet på Voss. Han har funne ut at det går føre seg urbane og rurale regionaliseringstendensar samtidig i vossasamfunnet, men han finn liten påverknad frå bergensk. Det er også mange tradisjonelle trekk i vossamålet som held seg godt hos vossaungdommen.

På Vaksdal, som ligg mellom Voss og Nordhordland har Cathrine Bleikli (2005) undersøkt vaksdalsmålet i forhold til lokal identitet, språknormer og haldningar. Bleikli fann ut at det tradisjonelle vaksdalsmålet heldt seg godt, også hos ungdommen. Ho fann også ein samanheng mellom tilknytning til heimstaden og bevaring av talemål.

Trude Toreid (1999) har undersøkt jondalsmålet, og har funne ut at det er i sterk endring, særleg hos ungdommar. Ho fann eit skilje mellom dei unge jentene og dei unge gutane i undersøkinga, der gutane heldt meir på det tradisjonelle talemålet. Også Toreid fann ein tydeleg samanheng mellom tilknytning til heimbygda og bevaring av talemålet.

Desse undersøkingane viser at dei tradisjonelle talemåla held seg godt i dei indre delane av Hordaland, medan det verkar som det er større påverknad frå bergensmålet i Os og på Sotra og til dels i Nordhordland. Det vil vera interessant å sjå korleis resultata frå denne undersøkinga passar inn i dette biletet.

¹¹ Revheim (1997) bruker termen *sotramål* om talemålet på Sotra utan å grunngje dette. Ifølgje Sandøy (1990) kjem det tradisjonelle talemålet på Sotra inn under termen *Nordhordlandsmål*, og vil altså vera det same talemålet som ein finn i Nordhordland.

2 Teori

Eg har som utgangspunkt at det er språklege og haldningsmessige skilnader mellom ungdom i Radøy og Meland kommune. Desse skilnadene vil eg prøva å forstå og forklara bakgrunnen for, og samanhengen mellom. Forskingsspørsmåla mine (sjå avsnitt 1.3) er laga ut frå ei førestelling om at skilnadene har samheng med at ungdommane er oppvaksne i ulike *miljø* som har ført til at dei har utvikla ulike *haldningar*. Dette har igjen ført til at *handlingane* deira, inkludert *språkhandlingane*, har blitt ulike. Eg vil derfor presentera nokre vitskaplege teoriar knytt til dei overordna emna *samfunnsstruktur* (avsnitt 2.1) og *språkbrukaren som aktør i samfunnet* (avsnitt 2.2). Å skildra samfunnsstrukturen i området eg skal undersøkje (avsnitt 2.1), meiner eg er viktig, fordi det fører til at ein får ei sosial ramme som ein kan plassera dei individuelle språkbrukarane i. Dette perspektivet kan omtalast som eit *sosialt makronivå*. Avsnitt 2.2 tek for seg ulike perspektiv på korfor individet utviklar haldningar som fører til visse handlingar som er relevante for denne undersøkinga. Eit slikt nivå kan kallast for eit individnivå eller eit *sosialt mikronivå*. Eg trur det er viktig å kombinera teoriar frå eit sosialt makronivå og eit sosialt mikronivå for å kunna oppnå ei grundig forståing av dei språklege og haldningsmessige prosessane eg vil undersøkje.

2.1 Samfunnsstruktur

Omgrepet *samfunn* er sentralt i problemstillinga og forskningsspørsmåla mine (sjå avsnitt 1.3). Eg vil undersøkje korleis krefter i samfunnet verkar på individet og korleis dette påverkar talemålet både på gruppenivå og på individnivå.

Under dette avsnittet blir det presentert ulike syn på korleis ein kan dela samfunnet inn i ulike *typar* samfunn. Under avsnitt 2.1.1 vil eg sjå på korleis ein administrativt deler samfunnet inn i *regionar* og *kommunar*, og om desse einingane kan seiast å fungera på andre plan enn det administrative. Eg vil også gjera greie for kva som er meint med eit *lokalsamfunn*. Under avsnittet *samfunnstypar* (2.1.2) drøftar eg omgrep som *stadidentitet*, *fokuserte og diffuse samfunn*, og presenterer ut frå dette eit forslag til ein *modell for samfunnstypar*.

2.1.1 Inndeling av samfunnet

Eg undersøker nordhordlandsmålet innom eit spesifikt geografisk område, nemleg regionen Nordhordland, og då hovudsakleg dei to kommunane Meland og Radøy. Det ville vera vanskeleg å gjera ei sosiolingvistisk undersøking utan å seia noko om kor informantane bur

og er oppvaksne. I denne undersøkinga er eg særleg oppteken av kva staden informantane kjem frå har å seia for talemålet og haldningane deira. Å avgrensa det geografiske området i ei sosiolingvistisk undersøking, er først og fremst eit metodisk spørsmål, men eg vil no drøfta kva som ligg til grunn for dei grensene ein set for ei slik inndeling, og om denne inndelinga er tenleg på andre plan enn det administrative. Sentrale omgrep her vil vera *region*, *kommune*, *stad* og *lokalsamfunn*.

2.1.1.1 Inndeling utanfrå – regionar og kommunar

Det er vanleg å omtala Nordhordland¹² som ein *region*. Ein har til dømes eit eige *regionråd*¹³ som har som mål å utvikla regionen ”[...] næringsmessig, sosialt og kulturelt”.

I innstillinga for det tverrfakultære satsingsområdet Region og regionalisering ved Universitetet i Bergen blir region definert på denne måten:

En region er et område med ett eller flere felles karakteristika (naturgitte eller menneskeskapte) som gjør området internt homogent og som skiller det fra omkringliggende områder. Regioner er dessuten hensiktsmessige, mer eller mindre internt homogene områder for beskrivelse, analyse og sammenligning.¹⁴

Eg har valt å bruka ei inndeling av regionsomgrepet som er basert på Salomonsson (1996). Anders Salomonsson deler regionsomgrepet inn i det han kallar *funksjonell* og *kulturell region*. ”Den *funktionella* regionen [...] är resultatet av utifrån verkande krafter”, og han seier denne typen region ofte blir referert til som *administrativ* eller *økonomisk* region, medan den kulturelle regionen ”[...] utmärkes av likhet i historia, dialekt, religiösa förhållanden samt en känsla av samhörighet bland befolkningen”(15).

Ved å bruka Salomonsson (1996) sine definisjonar kan ein lett finna ut kva for funksjonelle regionar som eksisterer i Noreg, medan det kan vera vanskeleg å seia noko om kulturelle regionar. Nordhordland kan kallast ein funksjonell region, men det er ikkje like enkelt å avgjera om området også kan kallast ein kulturell region. Nordhordlandsområdet kan seiast å ha stor grad av likskap med omsyn til historie og religiøse tilhøve. Når det gjeld likskap i dialekt og ”känsla av samhörighet bland befolkningen”, er dette noko av det eg vil finna ut meir om. Eg vil altså prøva å komma fram til om Nordhordland kan seiast å vera ein region også på det kulturelle planet.

¹² Det eksisterer ulike oppfatningar om kva for kommunar ein reknar med når ein omtalar Nordhordland som ein region (sjå avsnitt 1.4). I min omtale reknar eg med dei kommunane som er med i denne undersøkinga, nemleg Austrheim, Fedje, Lindås, Masfjorden, Meland og Radøy (sjå grunngeving for dette synet i same avsnitt).

¹³ <http://www.nordhordland.net/>

¹⁴ <http://www.uib.no/region/documents/Region%20og%20regionalisering.pdf> side 6.

Kan henda ser vi på område som regionar fordi styresmaktene kallar dei det, og fordi desse områda *tidlegare* har oppfylt dei krava som Salomonsson (1996) har sett for ein kulturell region. Sannsynlegvis er det ein samanheng mellom administrativ inndeling og historiske, religiøse, topografiske og sosiale forhold, men dette tyder ikkje dermed at området eksisterer som kulturell region i dagens samfunn. Salomonsson meiner det er viktig å sjå på den kulturelle regionen i eit tidsperspektiv (16). Det må vera *langvarig interaksjon* mellom menneske for at ein kulturell region skal kunna oppstå, noko som gjer at regionane vil vera i stadig endring. Ein må sjå på regionen meir som ein "[...] *fortgående process* än ett tillstånd" (16).

Erik Fossåskaret (1996) definerer region i norsk samanheng som "[...] dei område som det er vanleg å dele kvart fylke opp i" (82), og viser til Nordhordland som ein av fire regionar i Hordaland (82). Fossåskaret meiner det lokale og det regionale forvitrar i den globaliseringa som går føre seg i dagens samfunn. "I det store og heile har det funne stad ein global vertikal kulturell integrasjon som gir ein horisontal desintegrasjon på alle nivå frå det lokale, via det regionale til det nasjonale" (89). Han meiner også at dersom ein region ligg tett opp til eit dominerande sentrum, kan dette verka desintegrerende for regionen. Kommunikasjonslinene her ligg som spiler i ei vifte, der ein lett kjem seg til byen, men ikkje til stader i regionen som ligg utanfor ei slik innfartsåre (85). Etter at Nordhordlandsbrua kom i 1994, har kommunikasjonen mellom Bergen og Nordhordland blitt betre, og innbyggjarane i Nordhordland har gjerne følt at byen har komme nærmare fordi det er enklare å komma seg der til. Fossåskaret (2000) meiner det er lite tenleg å bruka regionsomgrepet både når det gjeld geografisk utbreiing og identitetsbyggjande kraft (36).

Inndelinga i kommunar kan sjåast på på same måten som inndelinga i regionar. Dette er også konstruerte samfunn, fordi grensene er sett utanfrå. Likevel er det grunnar for at desse grensene er sette, ein har ikkje delt inn noregskartet med linjal. Meland kommune og Radøy kommune slik dei er i dag, har berre eksistert sidan 1964 (sjå avsnitt 1.3). Før dette var kommunane delte inn på ein annan måte, hovudsakleg fordi kommunikasjonsforholda var annleis. Nordre del av Meland kommune utgjorde til dømes saman med Herdla og nordre del av Askøy Herdla kommune. Det er berre ein kort båttur mellom desse områda, men om ein skal køyra bil frå nordre Holsnøy til Herdla er dette over 9 mil.

Eg vil sjå på kommuneinndelinga på same måte som regionsinndeling og vurderer om desse kan kallast for kulturelle einingar i tillegg til å vera funksjonelle. Sidan dei åtte hovudinformantane i undersøkinga er delte inn i to grupper ut frå heimkommune (sjå avsnitt 3.2.2.1), er dette interessant å sjå nærmare på. Er det tenleg å gjera ein komparativ studie av

desse to kommunane? Dersom dei ikkje kan sjåast på som kulturelle samfunn i tillegg til å vera funksjonelle, må ein kan henda operera med andre inndelingar av samfunnet for å kunna gjera relevante samanlikningar.

I det følgjande vil eg komma inn på alternative måtar å dela samfunnet inn på, som tek utgangspunkt i det kulturelle meir enn det administrative.

2.1.1.2 Inndeling innanfrå – stader og lokalsamfunn

Termene *region* og *kommune* refererer til klart avgrensa område, og er definerte *utanfrå*, frå administrativt hald. Det finst ei rekkje termar for inndeling av samfunnet som ein kan seia er definerte *innanfrå*. Her vil ein ikkje kunna setja klare grenser for kor desse einingane startar og sluttar. Det er opp til *individet* å setja desse grensene, sjølv om det ofte eksisterer kollektive førestellingar av slike grenser. Av slike einingar vil eg nemna *stad* eller *heimstad* og *lokalsamfunn*.

Eg ser på *heimstad* eller *stad* som dei mest individuelle einingane. Dette er det området kvar enkelt person opplever som *sitt område*. Brit Mæhlum (1999:17) peiker på at ein i tillegg til det geografiske, også bør fokusera på sosiale og kulturelle aspekt i forståinga av ein stad:

[...] i tillegg til at stedet eksisterer som en fysisk-materiell realitet, danner også dette stedet rammen omkring et bestemt sosiokulturelt fellesskap. Og dermed vil stedet normalt representere en totalitet i folks bevissthet – der det framstår både som fysisk territorium og sosialt rom.

Fossåskaret (2000:36) synest det gjev meir mening å bruka termen *lokalsamfunn* enn *region*, og skildrar det på følgjande måte: ”Den geografiske eininga som retteleg kjem oss ved i denne verda vil i alle høve ikkje vera vidare enn at ho også kan gjelde som ei sosial eining” (36). Mæhlum (1999) peikar på verdet av å erkjenne at grensene for eit lokalsamfunn heile tida endrar seg. Ho meiner måten å finna ut av korleis dette går føre seg på er å ”[...] opparbeide en mer inngående forståelse av og innsikt i hva som faktisk blir opplevd som folks relevante sosiokulturelle referanserammer” (18).

Det er desse syna på eit lokalsamfunn som Fossåskaret (2000) og Mæhlum (1999) skisserer, eg vil leggja til grunn i denne avhandlinga. Det må vera ein viss grad av samhandling og fellesskapskjensle mellom innbyggjarane. Eit lokalsamfunn vil altså vera ei *kulturell eining*, slik Salomonsson definerer ein kulturell region (sjå avsnitt 2.1.1.1). Når eg snakkar om å finna ut om ein region eller kommune kan seiast å vera kulturell i tillegg til å vera funksjonell, meiner eg altså om regionen eller kommunen også kan sjåst på som eit *lokalsamfunn*.

Termene *bygd*, *grend* og *by* vil eg bruka som omtale av administrative einingar som er avgrensa geografisk gjennom stadnamn. Desse kan altså samanliknast med termene region og kommune, men særleg *bygd* og *grend* vil vera litt meir vage nemningar som gjerne vil variera ut frå det enkelte individ sitt syn.

I analysen av samtalanene med informantane vil eg fokusera på deira kjensler til og opplevingar av heimstaden, bygda/grenda, kommunen og regionen deira, og ut frå dette seia noko om desse einingane fell saman på noko måte, og om dei også kan kallast lokalsamfunn. Dette fungerer som eit grunnlag for forståinga av informantane sine haldningar og bruk av talemål.

2.1.2 Samfunnstypar

Mange sosiolingvistiske undersøkingar tyder på at det er ein viktig samanheng mellom å vera positiv til heimstaden sin og å bruka den lokale dialekten (sjå t.d. Røyneland 2005, Høyland 2005 og Bleikli 2005). I møte med andre menneske er språket det første som seier noko om kor ein kjem frå. Dersom ein ikkje vil vedkjenna seg heimstaden sin, kan ein kamuflera dette ved å moderera talemålet. I motsett fall, om ein er stolt av heimstaden sin, er det å bruka det lokale talemålet ein måte å visa dette på.

Kva er det med sjølve samfunnet som gjer at innbyggjarane utviklar så ulike meiningar om og kjensler for staden dei bur? I sosiolingvistiske undersøkingar snakkar ein ofte om *lokal identitet*, altså korleis menneske er knytte til ein stad (sjå t.d. Høyland 2005). Eg vil leggja fokus på korleis *staden* i seg sjølv har ein identitet, altså *stadidentitet*, og korleis dette påverkar innbyggjarne. Stadidentitet og identitet knytt til ein stad heng sjølvstamt saman. Skilnaden er at medan lokal identitet handlar om individet sine opplevingar av staden, er stadidentitet eit meir samansett omgrep som handlar om korleis *kollektivet*, både innbyggjarar og utanforståande, sine oppfatningar av eit samfunn kjem til uttrykk på ulike måtar. Desse *kollektive haldningane* skapar eit bilete av samfunnet som ein kan kalla ein stadidentitet. Det vil sjølvstamt alltid råda ulike individuelle syn på ein stad. Stadidentiteten vil vera ei *allment kjent* oppfatning som folk veit eksisterer, uansett om dei er einige eller ikkje. Denne kollektive oppfatninga, eller stadidentiteten, påverkar innbyggjarane direkte, gjennom den oppfatninga dei sjølve har av heimstaden sin, og indirekte, gjennom den måten dei ser for seg at andre ser på heimstaden deira. Guri Mette Vestby (2003:14) skildrar stadidentitet på denne måten:

”Bildet av bygda” er formet av hvordan bygda faktisk er mht. naturlandskap, bebyggelse, arkitektur, kulturlandskap og ferdselsårer. Men stedets identitet er ikke bare forbundet med det

vi kan fastslå eller få inntrykk av med det blotte øye, det er like så mye det vi *ikke* kan se, som for eksempel den sosiale kulturen, stedsrelaterte erfaringer, sosial integrasjon eller kultur i betydningen hverdagslivets praksisformer. Dette er praksisformer som dannes på grunnlag av omgangsformer, lynne, vaner, kommunikasjonsformer og holdninger. Dette hører til stedets *indre kvaliteter eller kjennetegn*, positive eller negative, - en type kvaliteter det tar tid å "se".

Vestby skil altså mellom *indre og ytre kvaliteter* som til saman skapar ei allmenn forståing av staden, som står fram som staden sin identitet. Både innbyggjarar og utanforståande er med på å skapa denne identiteten. For nokon stader vil identiteten vera tydeleg og einsarta, medan han for andre stader vil vera meir vag. Han kan også ha ulik grad av positiv eller negativ valør.


Eit samfunn kan karakteriserast som *diffust* eller *fokusert*. Forenkla kan ein seia at i eit fokusert samfunn er ein oppteken av staden og samfunnseininga, medan ein kallar samfunnet diffust om ein ikkje er oppteken av dette (Sandøy 2003:237–238). Det er altså snakk om kor stort *medvit* ein har om det å *høyra til* ein stad. Dess meir fokusert eit samfunn er, dess *tydelegare* vil stadidentiteten vera. Eg vil derfor også omtala stadidentiteten som diffus eller fokusert. Alle typar samfunn vil ha ei form for stadidentitet, men i eit fokusert samfunn vil stadidentiten vera ekstra tydeleg.

Stadidentiteten vil i tillegg bera preg av å vera positiv eller negativ. For å finna fram til ein *samfunnstype* må ein derfor undersøkje kor diffust eller fokusert samfunnet er, kombinert med graden av noko eg vil kalla *positiv* eller *negativ valør*. Termen valør viser i denne samanhengen til den allmenne oppfatninga av staden, som er omtalt over. Graden av positiv eller negativ valør har samanheng med omgrepet *etnolingvistisk vitalitet*. Røyneland (2005:126) omtalar dette som "[...] først og fremst ein psykologisk storleik som viser til kor positivt eller negativt individet opplever det å vere frå ein bestemt stad". Skilnaden er at positiv og negativ valør i samband med samfunnstype viser til den *kollektive* oppfatninga av staden, medan etnolingvistisk vitalitet viser til *individet* si oppfatning og *oppleving* av staden. Dette har likevel ein klar samanheng, fordi graden av individet si positive identitetskjennele knytt til staden vil vera avhengig av dei kollektive haldningar til staden, og motsett. Det vil vera ei gjensidig påverknad mellom innbyggjarar og utanforståande sine haldningar, som til saman skapar ein viss grad av negativ eller positiv valør knytt til ein stad.

Ut frå desse vurderingane har eg sett opp ein *samfunnstypemodell* (sjå figur 6). Den vertikale aksene viser kor fokusert eller diffus stadidentiteten er, medan den horisontale aksene viser grad av positiv eller negativ valør. Fokuserte samfunn vil plassera seg høgt oppe på den vertikale aksene og diffuse samfunn vil plassera seg langt nede. Dersom staden i høg grad blir assosiert med positive verdiar, høyrer samfunnet til langt til høgre på den horisontale aksene,

og dersom ein helst knyter negative verdiar til samfunnet, vil det høyra til langt til venstre. Ut frå dette får ein grovt skissert fire samfunnstypar:

- A. Samfunn med fokusert identitet av negativ valør.
- B. Samfunn med fokusert identitet av positiv valør.
- C. Samfunn med diffus identitet av negativ valør.
- D. Samfunn med diffus identitet av positiv valør.



Figur 6: Modell for samfunnstype

Inndelinga i fire kategoriar av samfunnstypar er ein forenkla versjon av røyndomen, men eg vil likevel bruka desse kategoriane for å få fram eit oversiktleg bilete. I omtalen av stadene eg analyserer, vil eg bruka kategoriane til å seia noko om kva for nokre av samfunnstypene i modellen som best kan samanliknast med det aktuelle samfunnet.

Eit samfunn som høyrer til type A, vil vera fokusert, og det vil vera ulike faktorar ved dette samfunnet som gjer at både innbyggjarar og utanforståande har eit negativt inntrykk av det. Det kan til dømes vera kjent for å ha lite tiltalende arkitektur eller natur, eller det kan råda ulike typar fordommar om innbyggjarane som gjer at ein tenkjer negativt om samfunnet. Døme på eit slikt samfunn er Drammen, som er kjent som 'harrybyen'. Yngve Carlsson

(2006) meiner omdømmet til Drammen er skapt særleg av fire negative inntrykk, som fungerer forsterkande på kvarandre. Han meiner folk ser på Drammen som "[...] stygt, forurenset, uttrygt (sic.) og vulgært" (8).

Eit samfunn av type B vil også vera fokusert, men eit slikt samfunn vil det vera knytt positive førestellingar om. Her er gjerne innbyggjarane stolte av kultur og natur, samtidig som staden er kjent for dette på eit nasjonalt plan, eller staden er kjent for å ha positivt profilerte innbyggjarar som også dei andre innbyggjarane er stolte av. Eit døme på samfunnstype B kan vera Røros. Røyneland (2005) sine informantar frå Røros er stolte av staden og av rørosmålet (539). Røros er også kjent i Noreg for å vera ein tradisjonsrik gruveby med flott arkitektur. Også kulturarrangement som t.d. Vinterfestspela, som blir arrangert årleg på Røros, er viktig for både innbyggjarar og utanforståande si positive oppfatning av staden. Kulturforskar Lennart Fjell er også oppteken av betydninga arrangement som festivalar kan ha for eit samfunn:

– En vellykket festival har enormt mye å si for et lokalsamfunns selvfølelse. Det er samme hva slags festival det er, bare den blir anerkjent og setter bygden på kartet. Særlig er det viktig at folk utenfra sier at det er en bra festival. Det å bli sett og anerkjent av andre er utrolig viktig. En festival knytter lokalsamfunnet sammen, samtidig som lokalsamfunnet knyttes til det globale. Man føler dermed at man ikke bare er del av det mer eller mindre ikke-eksisterende bygdelivet, sier Lennart Fjell.¹⁵

Når det gjeld type C og D, som begge vil vera diffuse samfunn, vil dei positive eller negative førestellingane naturleg nok vera baserte hovudsakleg på innbyggjarane, fordi utanforståande ikkje har noko særleg kjennskap til desse samfunna. Dei samfunna som kjem inn under type C er diffuse samfunn som det er knytt negative førestellingar til. Bygda Åmål i Sverige blir gjennom filmen "Fucking Åmål" presentert som ein liten stad der 'alle kjenner alle', og det herskar klare normer for kva som er akseptert oppførsel. Det finst lite å gjera, særleg for ungdom, og hovudpersonane i filmen er tydeleg negative til staden. Eit velkjent sitat frå filmen seier mykje om stadidentiteten som blir skissert: "Varför måste vi bo i fucking, jävla, kuk-Åmål?"¹⁶ Etter at filmen blei kjent, kan ein seia at Åmål har stige på fokusert-aksen, men truleg blitt verande i den negative enden av den horisontale aksen. Ifølgje avisa VG, ser kommunepolitikarane i Åmål på tittelen på filmen som negativ reklame for bygda¹⁷.

Eit samfunn av type D er diffust, men med positiv valør. Det kan til dømes vera ei lita bygd der innbyggjarane har gode sosiale relasjonar, men der bygda ikkje har noko som gjer at ho skil seg ut på nokon måte. Det kan også vera ein anonym mellomstor by eller bygdeby der

¹⁵ http://nyheter.uib.no/?modus=vis_nyhet&id=39528

¹⁶ <http://www.filmlisten.no/cgi-bin/visfilm.cgi?id=105>

¹⁷ <http://www1.vg.no/film/artikkel.php?artid=44644>

innbyggjarane trivst godt. Ifølgje Bleikli (2005) er innbyggjarane i Vaksdal, ei lita vestlandsbygd, sterkt knytte til Vaksdal og har mykje positivt å seia om bygda. Dette er likevel ikkje ei bygd som er særleg fokusert. Det som gjer at innbyggjarane trivst er faktorar som natur, ro og tryggleik (119), faktorar som ikkje gjer bygda spesiell på nokon måte.

Det viktigaste poenget med å presentera denne samfunnstypemodellen er å kunna plassera heimstadene til informantane inn i modellen, og ut i frå dette og deira språklege strategiar, seia noko om samanhengen mellom eit visst språkleg mønster og samfunnstype.

2.2 Individet som aktør i samfunnet

Eg har no gjort greie for korleis ein kan sjå samfunnet frå eit makroperspektiv. I det følgjande vil eg ved hjelp av ulike teoriar knytt til individet, drøfta korleis eit samfunn fungerer sett frå eit mikronivå. Under avsnitt 2.2.1 presenterer eg ulike syn på korleis eit *språksamfunn* kan avgrensast, og kjem gjennom ei drøfting av desse fram til ein definisjon eg vil bruka i denne avhandlinga. Under dei neste to avsnitta presenterer eg den sosiale nettverksteorien (2.2.2) og teorien om sosiale felt (2.2.3) for å visa korleis individa fungerer som aktørar i ulike grupper i smafunnet. Til slutt legg eg fram Daniel Katz sin teori om personlegdomsfunksjonar for å prøva å forklara og forstå korleis haldningar blir skapte og endrar seg (avsnitt 2.2.4).

2.2.1 Språksamfunn

Undersøkinga mi baserer seg i stor grad på ei geografisk inndeling, der eg samanliknar talemålet og haldningane til personar frå eitt geografisk område, Radøy, med talemålet og haldningane til personar frå eit anna geografisk område, Meland. I tillegg blir talemålet i desse to områda sett på i forhold til talemålet i dei geografiske områda Nordhordland og Bergen. I samband med dette er det naturleg å diskutera omgrepet *språksamfunn*. Eg vil avklara korleis eg bruker dette omgrepet og sjå på om det let seg gjera å plassera informantane i denne undersøkinga i eitt eller fleire språksamfunn, og om desse språksamfunna er i samsvar med nokre av dei geografiske grensene som blir brukte.

Det er mange ulike meiningar om korleis ein skal definera eit språksamfunn. Nokre meiner også at det ikkje er noko poeng i å definera dette omgrepet, fordi det alltid vil bli gjort ut frå eigne premiss. Røyneland (2003) skriv at det som er felles for dei ulike definisjonane er "[...] at dei forsøker å avgjere om område som kan avgrensast geografisk, sosialt eller etnisk, også kan avgrensast lingvistisk" (29), men at det er ulikt kva for nokre av desse faktorane som blir lagt størst vekt på.

William Labov (1972) ser på heile New York City som eitt 'speech community', fordi han meiner innbyggjarane deler dei same *normene* for språkbruk.

The speech community is not defined by any marked agreement in the use of language elements, so much as by participation in a set of norms, these norms may be observed in overt types of evaluative behavior and by the uniformity of abstract patterns of variation which are invariant in respect to particular levels of usage (120f).

Medlemene i Labov sitt språksamfunn treng altså ikkje snakka på same måten, så lenge dei har ei felles forståing av normene for talemålet i området dei bur i. Labov er interessert i å finna ut korleis språkbruken varierer innom eit språksamfunn, og deler derfor medlemene inn i sosiale klassar ut frå målbare faktorar som inntekt, utdanning, yrke og bolig (sjå til dømes Labov 1972). Medlemene blir i tillegg delte inn etter alder og kjønn. Desse sosiale variablane blir så korrelerte med språklege variablar.

Fleire har kritisert Labov sine undersøkingar og hans syn på språksamfunnet for å ikkje ta omsyn til individet. Lesley Milroy (1980) meiner inndeling i sosiale klassar ikkje fungerer tilstrekkeleg, og at ein heller må operera med ei anna inndeling som er basert på individet si rolle i ei gruppe:

Membership of a group labelled 'lower-middle class' does not necessarily form an important part of a person's definition of his social identity. Yet smaller-scale categories are available which reflect the fact that there *are* social units to which people feel they belong and which are less abstract than social classes. For this smaller-scale, more concrete, unit we reserve the term *community*, used in a specific, technical sense (14).

Individet må altså sjølv føla at det høyrer til i eit 'community'. Milroy (1980) legg også vekt på *interaksjonen* i gruppa og at ein bur innom det same geografiske området (14–15). Milroy meiner det viktigaste poenget med ei individbasert samfunnsinndeling i forhold til Labov si klassebaserte inndeling, er at ein på denne måten kan oppdaga at det lokale talemålet kan bli brukt til å signalisera gruppetilhøyrse eller til å signalisera avstand frå den nasjonale standarden:

Thus, instead of positing a sociolinguistic continuum with a local vernacular at the bottom and a prestige dialect at the top, with linguistic movement of individuals in a generally upward direction, we may view the vernacular as a positive force: it may be in direct conflict with standardized norms, utilized as a symbol by speakers to carry powerful social meanings and so resistant to external pressures. This may happen in cities, towns or villages and it is likely that it can be observed wherever the linguist's unit of study is based on pre-existing groups in the community (Milroy 1980:19).

Eg er interessert i å sjå på informantane sitt talemål ut frå to ulike perspektiv: eit makronivå og eit mikronivå. Ut i frå dette har eg valt å definera språksamfunnet på to måtar, der den eine

definisjonen er inspirert av Labov sitt fokus på felles språknormer og det andre er inspirert av Milroy sitt fokus på individet og interaksjonen i ei gruppe. Den Labov-inspirerte typen av språksamfunn har eg kalla *overordna språksamfunn* og den Milroy-inspirerte typen *underordna språksamfunn*.

I eit *overordna språksamfunn* har medlemene *kjennskap* til det tradisjonelle talemålet i eit geografisk avgrensa område og til eventuelle andre talemål som blir brukte. Medlemene har også *kjennskap* til korleis ulike grupper i eit slikt språksamfunn forventar at desse talemåla blir realiserte. Denne definisjonen seier ingenting om *haldningane* medlemene har, og det er derfor rom for stor heterogenitet i talemål og haldningar til talemål innom denne typen språksamfunn. Innflyttarar kan også vera del av eit slikt språksamfunn, så lenge dei har ein viss kjennskap til samfunnet dei har flytta inn i.

Eit *underordna språksamfunn* vil ha medlemmer med nokolunde homogent talemål og homogene talemålshaldningar. Det vil vera ein viss grad av interaksjon mellom medlemene, og dei vil som oftast bu i det same geografiske området. Dette kan vera små nettverk, som ein vennegjeng, men det kan også vera bygder. Ut i frå ein slik definisjon vil det vera mange som fell utanfor, fordi dei ikkje er del av noko nettverk der desse kriteria er oppfylte. Desse vil då berre vera medlem av eit *overordna språksamfunn*.

Denne måten å definera språksamfunn på, gjer at ein kan seia noko om i kor stor grad eit geografisk avgrensa område kan seiast å innehalda *underordna språksamfunn*, og om det eksisterer eitt stort eller fleire små *underordna språksamfunn*. Definisjonane er tenlege på den måten at det ikkje blir forventa at alle skal passa inn under den same definisjonen, samtidig som dei gjer at ein kan få ein viss oversikt. For å finna fram til kven som høyrer saman i eit *underordna språksamfunn*, må ein gjera undersøkingar blant medlemene i eit *overordna språksamfunn*. I mi undersøking ser eg på Nordhordland som eit *overordna språksamfunn*, fordi innbyggjarane i Nordhordland har kjennskap til det same talemålet, det tradisjonelle nordhordlandsmålet, og dei har kjennskap til korleis det blir venta at dette talemålet blir brukt. Eg har som mål å finna ut om og korleis innbyggjarane i Nordhordland kan plasserast i *underordna språksamfunn*. Det vil særleg vera interessant å sjå i kor stor grad Meland og Radøy inneheld *underordna språksamfunn*.

Min definisjon av *underordna språksamfunn* skil seg frå Milroy si inndeling i 'communities' på eit sentralt område. Det *underordna språksamfunnet* er definert ut frå *likskapar* i talemål og haldningar til talemål, medan Milroy er ute etter å avdekkja *variasjon* i talemålet innan ei gruppe. Det *underordna språksamfunnet* er som nemnt ein kategori ein kan plasserast inn i *etter* at slik variasjon er avdekt.

Under dei neste to avsnitta, som tek for seg sosiale nettverk (2.2.2) og sosiale felt (2.2.3), vil eg komma inn på kva for inndeling som kan vera tenleg å operera med når ein skal undersøkje språkleg variasjon i eit overordna språksamfunn. Her vil aktørane plassera seg på ulike vis ut frå kva for interesser og sosiale relasjonar dei har. I tolkinga av resultata vil eg seia noko om kva for samanheng det er mellom informantane sine sosiale nettverk og plasseringar i sosiale felt, og deira plassering i underordna språksamfunn.

2.2.2 Sosiale nettverk

Teorien om sosiale nettverk og teorien om sosiale felt (sjå avsnitt 2.2.3) set fokus på *relasjonane* mellom medlemene. Desse teoriane vil eg bruka i forhold til resultata i undersøkinga på den måten at eg vil sjå korleis samspelet i slike grupper har innverknad på informantane sitt talemål og på haldningane deira.

Når Milroy deler samfunnet inn i 'communities' (sjå avsnitt 2.2.1), bruker ho den sosiale nettverksteorien. Teorien er mykje brukt innan sosiolingvistisk forskning, men blei først brukt innan sosiologisk og antropologisk forskning (Røyneland 2005:123). Milroy (1980) var den som introduserte teorien i sosiolingvistikken gjennom undersøkingar av sosiale nettverk i Belfast.

Dei mest sentrale omgrepa innan nettverksteorien er *tettleik* og *pleksitet* (Milroy 1980:20-21). *Tettleik* viser til kor mange av personane i nettverket som har relasjonar til andre personar i det same nettverket. Når vi snakkar om samfunn der 'alle kjenner alle', er dette eit samfunn som er prega av nettverk med høg grad av tettleik. Dette vil ofte vera rurale samfunn. I tilfelle der personane i eit nettverk kjenner få av dei andre personane i det same nettverket, vil dette vera eit *ope* nettverk, altså eit nettverk med låg grad av tettleik. Eit urbant samfunn vil gjerne vera prega av slike nettverk.

Pleksitet viser til i kva grad nettverkspersonane har fleire typar av interaksjon med andre personar i det same nettverket. Dette kan til dømes vera at ein person i nettverket til ein informant er både venn, fetter og arbeidskollega på same tid. Dess meir eit nettverk er prega av slike relasjonar, dess meir *multiplekst* er det. I motsett tilfelle snakkar vi om *uniplekse* nettverk. Multipleksitet blir ofte kopla til rurale samfunn, medan unipleksitet ofte blir kopla til urbane samfunn.

Milroy koplar den sosiale nettverksteorien til talemål på den måten at ho meiner at dess meir lukka og multiplekst eit nettverk er, dess større sjanse er det for at eit slikt nettverk vil fungera som ein kontrollinstans som hindrar språkending og bevarar det tradisjonelle

talemålet (Milroy 1980:20–21). I motsett tilfelle, dess meir ope og uniplekst eit nettverk er, dess større sannsyn er det for språkending.

Nettverksundersøkinga i dette prosjektet er basert på den sosiale nettverksteorien, og inspirert av Lesley Milroy, men den er ikkje på nær så inngående som til dømes dei undersøkingane Milroy har gjort i Belfast (Milroy 1980). Nettverksskjemaet eg har utarbeidd (sjå vedlegg 2) er først og fremst meint som eit metodisk supplement til dei kvalitative djupintervjua (sjå avsnitt 3.3). Eg undersøker *tettleik*, *talemål* og *geografisk spreining* i informantane sine nettverk. I tillegg ser eg på *storleiken* på nettverka.

Eg meiner det er særleg interessant å undersøkje nettverk i samfunn som Meland og Radøy, som verken kan seiast å vera utprega urbane eller rurale. Mange undersøkingar viser at rurale samfunn ofte er prega av tette, multiplekse nettverk, medan urbane samfunn ofte er prega av opne, uniplekse nettverk. Korleis vil då nettverka sjå ut i samfunn som ligg i skjeringpunktet mellom det urbane og det rurale? Og kva for innverknad vil dette ha på talemål og haldningar?

2.2.3 Sosiale felt

Til liks med nettverksteorien, handlar også Pierre Bourdieu sin teori om kultursosiologi om *relasjonar* mellom menneske (sjå t.d. Bourdieu 1989 og Broady 1991). Den kan forklarast ved hjelp av ein modell av *det sosiale rommet*, som er delt inn i ulike *sosiale felt*. Plasseringa i sosiale felt er avhengig av individet sin *habitus* og *kapital*. Ein viss type kapital skapar ein viss type habitus, som gjer at ein skapar relasjonar til personar med liknande habitus. I lag med desse personane strir ein om å oppnå ein viss type kapital som blir vurdert ulikt i dei ulike sosiale felta. Omgrepa her heng så nøye saman at det er vanskeleg å forklara det eine utan først å ha forklart dei andre (Broady 1991).

Ein person sin *habitus* er noko individuelt og unikt ved denne personen, sjølv om fleire menneske kan ha habitus som får dei til å minna om kvarandre.

Habitus är de system av dispositioner som människor förvärvar genom att vistas i en bestämd social miljö (hem, skola etc) och som sedan tillåter dem att utifrån ett litet antal principer generera de tanke- och handlingssätt som krävs på de olika sociale fält där de hamnar (Broady 1984: 63).

Røynealand (2005:108) forklarar habitus som "[...] produktet av heile den biografiske erfaringa til eit individ". Akselberg (2005:158) samanliknar habitusomgrepet med omgrepa *legning*, *personlegdom* og *tilhug*.

Kvart enkelt individ har ulik mengd av ulike typar *kapital*. Donald Broady (1984:63–64) peiker på at i det franske språket blir "capital" brukt i større utstrekning enn det blir i det

svenske språket. Dette gjeld også for det norske språket, der ein automatisk koplar kapital saman med økonomi. Bourdieu ser på *økonomisk kapital* som ein av fleire typar kapital. Saman med økonomisk kapital er *sosial kapital* og *kulturell kapital* dei viktigaste formene (64). Alt etter kven som vurderer det, kan dei ulike formene for kapital til saman utgjera ein viss grad av *symbolsk kapital*. Broady (1991:169) forklarar symbolsk kapital som "[...] *det som av sociala grupper igenkännes som värdefullt och tillerkännes värde*".

Det tredje nøkkelomgrepet hos Bourdieu er det han kallar *sosiale felt*. "Ett fält (*champ*), mer exact ett socialt fält, kampfält eller konkurrensfält, befolkas av människor som där strider om något som står på spel och som er gemensamt för dem" (Broady 1984:62). Broady er i tillegg oppteken av at det er snakk om "[...] *specialiserade* agenter och institutioner, en *specifik* art av symbolskt kapital [...], *specifika* investeringar [...], *specifika* insatser [...] och *specifika* vinster [...]" (Broady 1991:266, mi utheving). Desse spesialiseringane er ofte knytte til kunnskap og dugleik, og det er fokus på strid innom feltet om å ha mest mogleg av dette, altså mest mogleg kapital av den typen medlemene i det sosiale feltet er einige om at er den viktigaste. Eit sosialt felt kan til dømes bestå av ei gruppe musikarar, der det gjev høg status å ha gode musikalske ferdigheiter på visse instrument innan ein viss sjanger, og samtidig ha store kunnskarar om denne sjangeren. Muskarane vil då konkurrera seg i mellom om å vera best og å ha mest kunnskap, altså kulturell kapital. Dei vil kanskje også konkurrera om kontaktar og nettverk, altså sosial kapital.

Bourdieu har brukt modellen om det sosiale rommet på det franske samfunnet på 1970-talet, men meiner at modellen er utvikla med tanke på at han skal kunna brukast på alle typar samfunn til alle tider (sjå t.d. Bourdieu 1989).

Eg har først og fremst brukt Bourdieus kultursosiologi til å seia noko om informantane mine sine plasseringar i *lokalbaserte* og *ikkje-lokalbaserte felt*. Dette har også Ingunn Stokstad (2007) gjort i si masteravhandling. Ho har teke utgangspunkt i fire lokalforankra felt, tre ikkje-lokalforankra felt og to tilleggsregistreringar som omhandlar talemål og aurlandssamfunnet. Desse felta har ho sett opp på førehand, for så å samtala om dei med informantane i kvalitative djupintervju (49–54). Også Akselberg (1995) har ei liknande inndeling av felt i sin studie av talemålet på Voss. Han opererer med noko han kallar for *sosiale aktivitetsfelt*, som han har avgrensa til å vera seks felt som han reknar som moderne, fem felt som han reknar som tradisjonelle og to tilleggsfelt (174–180).

Mi vinkling er annleis enn Akselberg (1995) og Stokstad (2007) sine vinklingar på den måten at eg ikkje har avgrensa desse felta på førehand. Eg tek utgangspunkt i det informantane mine fortel at dei driv med på fritida og kva dei er opptekne av, og dreg så

konklusjonar om kva for felt dei tilhøyrer, og kva for felt som verkar å vera vanlege blant nordhordlandsungdommen. Det er ulikt frå samfunn til samfunn kor tydeleg slike felt er, noko eg vil tru har samheng med kva type samfunn det er snakk om (sjå avsnitt 2.1.2). Fleire av Akselberg (1995) sine aktivitetsfelt er slike som er allment kjende som typiske for bygda Voss, slik som skisport, jazz og folkemusikk. Det at desse felta er så tydelege er noko av det som gjer at vossasamfunnet kan seiast å ha ein fokusert identitet. Også i Aurland kan Stokstad visa til fleire slike tydelege felt. Eg synest det er vanskeleg å finna noko slikt i lokalsamfunna eg studerer, og har derfor valt å seia noko om slike felt i etterkant av samtalan med informantane.

Det viktigaste poenget med å undersøkje dei sosiale felta til informantane vil vera å kunna seia noko om kor vidt melandsamfunnet og radøysamfunnet inneheld tydelege lokalforankra felt. Ut frå dette vil eg sjå om det er ein samheng mellom eit samfunn som i stor grad inneheld tydelege, lokalforankra felt og innbyggjarar som held på det lokale talemålet.

2.2.4 Personlegdomsfunksjonar

Eg har til no sagt noko om korleis samfunnet kan delast inn utanfrå og innanfrå, og eg har presentert ulike tilnæringsmåtar til korleis individet plasserer seg i ulike former for samfunnsgrupper. Eg vil til slutt presentera ein teori som seier noko om kva som går føre seg inne i kvart enkelt individ, og korleis dette blir påverka av sosiale samhengar.

Mitt utgangspunkt for denne undersøkinga er at haldningar og talemål heng nøye saman, og når eg er oppteken av å undersøkje kva som gjer at vi held på eller endrar talemålet vårt, er det også interessant å sjå på kva som ligg til grunn for skaping og endring av haldningar. Det følgjande er i stor grad basert på Katz (1960).

Psykologen Katz (1960) meiner grunnen til at vi har dei haldningane vi har, og at dei kan endra seg har samheng med ulike typar av naturleg medfødde psykologiske funksjonar i mennesket: "At the psychological level the reasons for holding or for changing attitudes are found in the *functions* they perform for the individual, specifically the functions of *adjustments, ego-defense, value expression, and knowledge*" (163, mi utheving). Katz omtalar også haldningane med dei same omgrepa som han omtalar funksjonane med. Når ei haldning oppstår hos eit menneske kan denne haldninga altså kallast ei *tilpassingshaldning*, ei *ego-forsvarande haldning*, ei *verdihaldning* eller ei *kunnskapshaldning* (mine omsetjingar) ut frå kva for nokre av dei fire funksjonane haldninga spelar på.

”The value-expressive function” eller *verdifunksjonen* er den mest grunnleggjande av dei psykologiske funksjonane. Denne kan samanliknast med sjølvforståinga og identiteten til mennesket, og blir etablert tidleg i barndomen. Verdiane som er knytte til denne funksjonen kan ha samanheng med ideologiske, patriotiske og religiøse overtendingar og er ”[...] i pakt med det ”den indre stemma” seier er rett” (Haugen 2004:49). I barndomen er det foreldra og andre sentrale personar som er avgjerande for utviklinga av desse verdiane. Når ein blir eldre, kan møte med nye grupper føra til at verdier og haldningar endrer seg. I oppveksten vil det vera naturleg å ta etter talemålet til foreldra og andre nære personar. Talemålet vil vera ein del av den uttalte verdioverføringa ein får frå foreldregenerasjonen gjennom ein sosialiseringssprosess. Dersom ein møter sterke normeringskrefter gjennom nye sosialiseringssagentar i ungdomstida, kan dette føra til at ein endrar haldningar.

”The adjustment function” eller *tilpassingsfunksjonen* kan ein også kalla *utilitarismefunksjonen*, og er basert på *utilitarismefilosofien*, som fokuserer på *konsekvensene* av handlingane, ikkje på sjølve handlinga. Enkelt forklart kan ein seia at utilitarismefilosofien handlar om at mennesket heile tida prøver å oppnå størst mogleg vinst og minst mogleg straff. Ein funksjon som baserer seg på desse prinsippa gjer at ein utviklar positive haldningar til det som gjev vinst og negative haldningar til det som vil føra til at ein får ei form for straff. Vinst og straff i denne samanhengen er oftast knytt til ulike former for behag og ubehag. Overført til språkhaldningar kan ein då tenkja seg at grunnen til at vi utviklar visse haldningar til talemål, er at det vil vera enklare, og såleis føra med seg behag, å ha dei same haldningane som majoriteten rundt deg har.

”The ego-defensive function” eller *den ego-forsvarande funksjonen* gjer at ein har evnen til å skjerma seg sjølv frå sanninga om seg sjølv eller omverda, og er blant anna basert på freudiansk psykologi. Ein utviklar ego-forsvarande haldningar fordi ein har indre konflikter som resulterer i usikkerheit og lågt sjølvbilete. Desse haldningane kan gjera at ein held destruktive krefter på avstand, men ein kan også utvikla negative haldningar til ei gruppe ein ser på som lågare enn seg sjølv, for å hevda seg sjølv – ein ”sparkar nedover”. Dersom ein har eit talemål ein ikkje kjenner seg komfortabel med eller ein ser på seg sjølv som lågare enn andre ut frå kor ein kjem frå, kan denne funksjonen fungera på den måten at ein utviklar negative haldningar til andre som i større grad ein sjølv har det ein ser på som negative eigenskapar i denne samanhengen. Eit døme på dette finn ein i tittelen på oppgåva mi, som er eit sitat frå ein av informantane frå Radøy. ’Randi’¹⁸ seier om austrheimingane at ”dei e

¹⁸ Dei åtte hovudinformatane har fått fiktive namn. Sjå avsnitt 3.3.2.

teite og dei e mær stril enn oss”. Ho seier dette i ein spøkefull tone, men sitatet seier likevel noko om ei grunnleggjande oppfatning i hennar miljø.

”The knowledge function” eller *kunnskapsfunksjonen* er basert på at mennesket søker kunnskap for å få orden og system på inntrykket ein har av omverda. Ein har behov for eit rammeverk for å kunna forstå kva som skjer og skapa orden i sitt eige univers. Det er ikkje universell kunnskap som er det viktige her, men kunnskap som er knytt direkte til det personlege livet. Katz (1960:175) viser til Walter Lippmann, som i si forskning seier at stereotype haldningar skapar orden i noko som eigentleg er komplekst.

Eg vil analysere haldningane informantane mine har til talemål, talemålsbrukarar og samfunn i lys av Katz sin teori om personlegdomsfunksjonar.

3 Metode

Innom sosiolingvistik er det vanleg å ta i bruk samfunnsvitskaplege metodar. Om desse seier Sigmund Grønmo (2004:27) blant anna dette:

Samfunnsvitenskapelige metoder består [...] av de systematiske og planmessige framgangsmåtene som er spesielt innrettet mot å etablere kunnskap og teorier om ulike aspekter ved menneskenes samfunnsmessige liv og virke.

Ein definisjon som meir konkret fortel noko om desse framgangsmåtene er denne: "[...] et sett av regler for innsamling, bearbeiding og tolkning av data" (Engelstad 1985:7). Dette kapitlet er delt inn i tre hovuddelar på grunnlag av Fredrik Engelstad sin definisjon: Kvalitativ eller kvantitativ metode? (avsnitt 3.1), innsamling av data (avsnitt 3.2) og behandling av data (avsnitt 3.3). Tolking av data vil bli gjort i kapittel 4 og 5. I den første delen (avsnitt 3.1) vil eg gjera greie for kva som blir meint med termene kvalitativ og kvantitativ i samband med metodebruk, dessutan å presentera og grunnkje dei overordna metodiske vala eg har gjort i denne undersøkinga. Avsnitt 3.2 handlar om planlegging og gjennomføring av feltarbeidet, medan behandlinga av dataa blir forklart under avsnitt 3.3.

3.1 Kvalitativ eller kvantitativ metode?

Eg har valt å bruka ei metodetriangulering, der eg tar i bruk både kvantitativ og kvalitativ metode. Dette er meint å fungera slik at metodane utfyller kvarandre i forhold til måla for denne undersøkinga. Kvantitativ metode brukt i sosiolingvistisk samanheng blir forklart på denne måten:

Det fremste særmerket ved en kvantitativ sosiolingvistisk studie er [...] at en *kvantifiserer*, dvs. teller og måler de språklige og sosiale forholdene en ønsker å se i forhold til hverandre. Gjennom ulike former for statistisk baserte utvalgs-kriterier og analysemetoder kommer en slik fram til resultater som i varierende grad kan generaliseres. Det vil altså si at resultatene har gyldighet *ut over* de konkrete individene som deltok i selve undersøkelsen. (Akselberg & Mæhlum 2003:73).

Målet med ei kvalitativ sosiolingvistisk undersøking er ifølgje Akselberg & Mæhlum (2003:74) først og fremst

[...] å oppnå en dypere innsikt og forståelse av sammenhengene mellom språk og de konkrete individene som bruker språket. [...] I en slik tilnærming blir det viktig å innhente kunnskap om hvordan enkeltindivider opplever og tolker verden og den språklige virekligheten rundt seg. Her blir følgelig informantenes "*subjektive*" opplevelser og ulike psykologiske forhold viktige bakgrunnsfaktorer for forskeren som skal tolke den språklige atferden.

Spørjeskjemaet har blitt behandla og tolka hovudsakleg kvantitativt, medan dataa frå intervjuet først og fremst har blitt tolka kvalitativt. Når det gjeld nettverksskjemaet og teikneoppgåva, har eg brukt både kvalitativ og kvantitativ metode.

3.2 Innsamling av data

Det er brukt fire ulike metodar for å samla inn data: spørjeskjema, nettverksskjema og to former for taleopptak. Eg tek først for meg spørjeskjemaet (avsnitt 3.2.1), forklarar korleis dette blei til (avsnitt 3.2.1.1 og 3.2.1.2), og kjem deretter inn på gjennomføringa (avsnitt 3.2.1.3). Under avsnitt 3.2.2 vil eg skildra prosessane med utarbeiding og gjennomføring av taleopptak og nettverksskjema.

3.2.1 Spørjeskjema

Målet med spørjeskjemaet er å kartleggja språksituasjonen i Nordhordland generelt, og meir spesifikt å finna ut om det er tendensar til at visse område skil seg ut ved å vera meir eller mindre dialektkonservative enn andre. Når det gjeld det siste, er det særleg svara til informantane frå Meland og Radøy eg er interessert i.

For å få eit best mogleg bilete av språksituasjonen i eit så stort og mangfoldig område som Nordhordland er, synest eg det er ein fordel å ha så mange informantar som mogleg, som er fordelte på alle kommunane. Når ein skal analysere dataa kvantitativt, er det vanleg å bruka såkalla lukka spørsmål. Opne spørsmål dannar oftast grunnlaget for ein kvalitativ analyse. Grønmo (2004) definerer opne og lukka spørsmål på denne måten:

Et åpent spørsmål har ingen faste svaralternativer. Bare spørsmålet er formulert på forhånd, og det er satt av plass i spørreskjemaet til å skrive ned svaret slik det formuleres av respondenten selv. Et lukket spørsmål har faste svaralternativer, slik at respondentens svar kan registreres ved avkryssing av det svaralternativet som passer best (167).

Eg meiner denne definisjonen er litt for streng i forhold til lukka spørsmål. Så lenge spørsmåla anten er forma slik at ein skal setja kryss ved rett alternativ eller fylla inn svara i avmerkete område, eller dei er forma slik at det vil vera naturleg å svara på ein måte der svaret vil falla innanfor ein på førehand tenkt kategori, meiner eg dei kan kallast lukka spørsmål. Eg meiner det er svara som kjem fram som bør vera avgjerande for om spørsmåla kan kallast opne eller lukka. Om ikkje det er slik, vil spørsmåla i denne undersøkinga falla midt mellom dei to definisjonane. Spørsmåla i dette spørjeskjemaet er forma på ein slik måte eg har skildra (sjå vedlegg 1), og eg trur svara som kjem fram frå slike spørsmål like lett let seg kvantifisera i etterkant, som svar på lukka spørsmål etter Grønmo sin definisjon. Forminga av kvart enkelt spørsmål vil bli grunngjeve under avsnitt 3.2.1.1 og 3.2.1.2.

Innhaldet i spørjeskjemaet kan seiast å vera tredelt. I spørsmål 1 og 2 er eg ute etter personopplysningar frå den enkelte informant, for å kunna kategorisera svara i etterkant.

Spørsmål 3 handlar om informantane sine opplevingar av dialektsituasjonen i Nordhordland. Dette er det einaste spørsmålet der informanten blir beden om å ytra eigne meiningar om noko. Denne formen for spørsmål, som "[...] refererer til verdier og vurderingar" (Grønmo 2004:172), blir kalla evaluative spørsmål. Dei andre spørsmåla i skjemaet er kognitive, og "[...] dreier seg om faktiske forhold. Generelt vil kognitive spørsmål særleg dreie seg om bakgrunn, status og handlinger, mens evaluative spørsmål i hovudsak gjelder meninger" (same stad).

Dei to siste spørsmåla, spørsmål 4 og 5, utgjer hovuddelen av spørjeskjemaet. Her skal informantane rapportera kva for variantar dei bruker av visse variablar.

Bruken av spørjeskjema som metodisk hjelpemiddel er omdiskudert i det sosiolingvistske miljøet. Nina Berge Rudi (1999) meiner grunnen til at ein er skeptisk til å stola på rapportert språkbruk, har med at dette har vist seg å samsvara dårleg med faktisk språkbruk, særleg i angloamerikanske sosiolingvistske undersøkingar. Ho peiker på at dette ikkje tyder at ein vil få dei same resultatata i Noreg, fordi ein har ulike syn på dialektar og dialektbruk. Resultata frå undersøkinga hennar i Hallingdal og Gudbrandsdalen viser at rapportert og faktisk språkbruk stemmer overeins (Rudi 2007).

På spørsmålet om det er råd å stole på den rapporterte språkbruken til ein informant, er svaret mitt ja, fordi eg trur det språklege medvitet er større i Noreg (og kanskje Norden) enn i t.d. England, der språkbrukarar i mykje sterkare grad har lært at standardspråket er det "korrekte" språket (Rudi 1999:176–177).

Eg meiner at diskusjonen ikkje bør handla om "enten, eller", fordi det kjem an på så mange faktorar om eit spørjeskjema fungerer i ei undersøking eller ikkje. Ein må sikra seg at svara ein får er valide og reliable, altså at dei gjev svar på det ein ønskjer å finna ut, og at ein kan stola på desse svara. For å få til dette er det viktig å tenkja gjennom kva for feller ein kan gå i når ein lagar spørjeskjemaet, og så prøva å unngå desse.

Formuleringa av spørsmåla er avgjerande for at informantane skal forstå spørsmåla på den måten ein har tenkt. Det gjeld å formulera seg kort og presist, samtidig som ein må passa på å forklara grundig kva ein meiner. Etter mitt syn er det to vanlege feller ein kan gå i når det gjeld formulering av slike spørsmål, noko eg forenkla vil kalla *for lange spørsmål* og *for korte spørsmål*. Det første vil seia at ein skriv spørsmål som er vanskelege å forstå fordi ein bruker vanskelege ord eller lange, kronglete setningar. Dette kan føra til at nokre av informantane svarar noko som er litt på kanten av det du har tenkt dei skal svara på, eller at dei svarar noko

som er irrelevant. Ein kan også risikera at informanten svarar blankt, fordi ho ikkje forstår spørsmålet. Her er det viktig å ta med i vurderinga kor gamle informantane er. Dess yngre dei er, dess viktigare er det at spørsmåla er lette å forstå.

Med ”for korte spørsmål” meiner eg at ein formulerer spørsmål der instruksjonane til informanten ikkje er tydelege nok, eller rett og slett ikkje til stades. Her vil ein kunna få svar på vidt forskjellige ting, alt etter korleis informanten har tolka spørsmålet. I eit kvantitativt spørjeskjema der informanten ikkje eksplisitt er beden om å fortelja korleis ein forstår spørsmåla, skal det ikkje vera grunnlag for tolking i det heile, fordi du aldri vil få sjansen til å finna ut korleis informanten har tenkt når ho tolka spørsmålet.

3.2.1.1 Spørsmål 1–3

Under følgjer spørsmåla i første delen av spørjeskjemaet, saman med ei grunngjeving for korfor eg har valt dei, og korleis eg har komme fram til den forma dei har.

Det første informantane skal svara på er namn og klasse. Dette tek eg med fordi eg skal kunna plukka ut informantar til intervju i andre del av arbeidet ut i frå kva dei har svara i spørjeskjemaet.

1 a. Kor bur du? Skriv namnet på både kommune og tettstad/bygd.

Hovudmålet med spørjeskjemaet er å seia noko generelt om språksituasjonen i Nordhordland i forhold til Bergen. Om dette hadde vore det einaste målet, hadde spørsmål 1 vore overflødig. Eg har valt å ta det med fordi eg ved hjelp av spørjeskjemaet også søker å finna skilnader og likskapar mellom dei informantane som er frå Meland og Radøy.

I undersøkingar som denne er det vanleg å setja eit minimumskrav for kor lenge ein har budd i området som skal undersøkjast, og ha med som kriterium at ein eller begge av foreldra til informanten må vera frå området. Når målet mitt er å undersøkja språksituasjonen i dag i Nordhordland, synest eg det er viktig å ikkje vera for streng med slike krav. Ein kan då enda opp med eit skeivt bilete. Samtidig er eg ute etter å sjå om det finst språklege skilnader innom regionen, og det er då viktig at informantane har ein viss tilknytning til staden dei kjem frå. Ut frå dette har eg valt å ikkje ta omsyn til foreldra til informanten. Eg har teke med innflyttarar frå andre stader enn Nordhordland som har budd i same kommunen i Nordhordland frå dei var maksimalt fem år. Når det gjeld dei som har flytta innom Nordhordland har eg vore litt mindre streng, fordi det då ikkje er tale om å flytta til eit nytt dialektområde. Her har eg sett den nedre grensa for innflytting til ti år. Kortare opphald i utlandet (maksimalt tre år) har eg

ikkje teke omsyn til, fordi eg ikkje ser på dette som ei påverkingskjelde som fører til varig endring av talemålet.

Eg har valt å ta med alle tredjeklassingane på dei to vidaregåande skulane i Nordhordland i undersøkinga¹⁹, og så ta bort dei som ikkje oppfyller kriteria for å vera med i etterkant. På denne måten får eg betre oversikt over kor stor del av informantane som fell utanfor. Dersom dette viste seg å vera svært mange, kunne ein revurdera kriteria for å vera med. Dersom til dømes halvdel av informantane ikkje oppfylte krava for å vera med, kunne dette vera ein peikepinn på at ein ikkje ville få eit realistisk bilete av språksituasjonen i Nordhordland i dag. Dette vil eg ta opp under avsnitt 3.2.2. Ut i frå dette har eg formulert spørsmål 1b og 1c på følgjande måte:

1b. Har du budd i same kommunen heile livet? Set kryss. ja nei
1c. Dette skal du svara på dersom du svarte nei på spørsmål 1b. Skriv namnet på kommunen/kommunane du har budd i før, kor lenge du budde der, og kor gammal du var.

Her har eg bruk for lite informasjon frå dei som alltid har budd i same kommunen, medan eg treng utfyllande og presis informasjon frå dei som har budd andre stader, slik at eg kan sortera dei i etterkant. Derfor har spørsmål 1b svaralternativa ja og nei, medan informanten blir beden om å svara på tre spørsmål om tidlegare busituasjon under spørsmål 1c. Sidan informantane er såpass vaksne (17–18 år), trur eg dei greier å få med seg all informasjonen i eit slikt spørsmål.

2. Kva vil du kalla dialekten din? Set kryss Stril/Nordhordlandsmål <input type="checkbox"/> Bergensk <input type="checkbox"/> Anna <input type="checkbox"/>

Eg meiner ein bør vera forsiktig med bruken av svaralternativ, fordi dette kan føra til at informanten blir pressa til å svara noko ho eigentleg ikkje kan stå inne for, eller at informanten ikkje tenkjer seg om før ho svarar. Her har eg likevel valt å bruka dette. Eg er redd det hadde komme fram svært mange ulike svar dersom eg ikkje hadde hatt desse

¹⁹ I etterkant fekk eg greie på at det fanst ein tredjeklasse på Knarvik vidaregåande skule eg ikkje hadde teke med. Denne klassen er frå lina TAF – tekniske og allmenne fag. Eg vurderte det slik at det ikkje var nødvendig å reisa tilbake til Knarvik i etterkant for å få med denne klassen sidan eg hadde såpass stor mengde informantar spreidd utover i Nordhordland allereie.

alternativa. I "Light bergensk" (Birkeland 2005) var det eit liknande spørsmål, men utan svaralternativ. Her var det færre informantar, og litt av poenget var å *tolka* svara. Fokuset på denne undersøkinga er eit anna. Eg er ikkje ute etter kvar og ein av dei 109 informantane sitt syn på kva ein vil kalla eige talemål. Dette vil eg komma inn på i andre del av undersøkinga, der eg skal intervjuva åtte av informantane. I spørjeskjemaet er poenget heller å få ein oversikt over situasjonen, og då passar det bra å bruka svaralternativ på dette spørsmålet.

3. Ranger disse sju kommunane/områda etter kor vanleg du synes det er at innbyggjarane snakkar "ekte" strilamål:	
Austrheim, Fedje, Knarvik, Lindås utanom Knarvik, Masfjorden, Meland, Radøy.	
Mest stril	1)
	2)
	3)
	4)
	5)
	6)
Minst stril	7)

Dette er det einaste spørsmålet som opnar for informanten sine personlege meininger. Poenget her er å avdekkja om det er ei gjengs oppfatning av at ein i visse område av Nordhordland snakkar på ein annan måte enn i andre område. Svara her seier ikkje noko om kor stor skilnad det er, men det kan vera interessant å sjå om nokre av stadene skil seg ut på nokon måte. Eg vil særleg bruka desse resultatata til å sjå korleis Radøy og Meland blir plasserte her.

Eg har sett opp Knarvik for seg sjølv under dette spørsmålet, sjølv om dette ikkje er ein eigen kommune. Dette har eg gjort for å sjå om Knarvik, som er regionscenter i Nordhordland, framstår som ein stad der ein har eit særleg bergensnært talemål.

3.2.1.2 Spørsmål 4 og 5 – Språklege variablar

I dette avsnittet blir spørsmål 4 og 5 presenterte. Eg ser på desse som dei mest sentrale, fordi det er her informantane blir bedne om å rapportera bruken av språklege variablar. Ark 1 og ark 2 finst i vedlegg 1.

4. Ta fram **ark nr.1.** Tenk deg at du seier det som står på arket. Kva for nokre av dei orda som står inne i dei firkanta rutene ville du ha brukt? Set ring rundt desse orda.

Dersom du av og til seier det eine og av og til det andre skal du setja ring rundt begge.

Hugs at dette handlar om korleis du snakkar. Ikkje tenk på riktig skrivemåte.

5. Ta fram **ark nr.2.** Tenk deg at du er personen med toppplue. Set ring rundt dei orda du ville ha brukt. Gjer dette på same måten som du gjorde under spørsmål 4.

I ei undersøking som denne, der spørjeskjemaresultata skal seia noko generelt om talemålssituasjonen i området, kan det vera ein fordel å dekkja eit breidt spekter av variablar. Resultata skal ikkje seia noko om særskilde trekk ved nordhordlandsmålet, men visa eit mest mogleg *heilskapleg bilete av språksituasjonen i Nordhordland i dag*. Ut i frå dette står ein ganske fritt i valet av variablar, på den måten at ein ikkje treng velja dei ut frå visse delar av dialekten ein ønskjer å undersøkje. Dette tyder sjølvsagt ikkje at ein kan velja blindt. Målet med spørjeundersøkinga er å kunna seia noko generelt om tilstanden for nordhordlandsmålet i seg sjølv, og i forhold til bergensk. Variablane bør då ha variantar som er tydeleg ulike i bergensk og nordhordlandsmål, samtidig som dei er typiske i talemålet det er snakk om. Ein måte å finna fram til variablar er å dra nytte av litteratur som seier noko om typiske trekk for nordhordlandsmålet. Det kan også vera nyttig å bruka eigen intuisjon og eigne erfaringar. I mitt tilfelle kan eg særleg dra nytte av erfaringar frå oppgåva ”Light bergensk” (Birkeland 2005), der eg opererte med eit liknande spørjeskjema som i dette tilfellet.

I avsnitt 1.6.1 presenterte eg ti målmerke som er viktige og spesielle for det tradisjonelle nordhordlandsmålet. Etter å ha vurdert desse målmerka, kom eg fram til at eg ville bruka to av dei i spørjeskjemaet, nemleg følgjande:

- Infinitiv og hokjønnsst substantiv i ubunden form eintal endar på *-a*, (*-a*-mål). Døme: *å håppa*, *ei jænta* (nynorsk: *å hoppa*, *ei jente*).
- Delt hokjønnsbøying. Døme: *moræ* og *jento* (nynorsk: *mora*, *jenta*).

I tillegg har eg teke med nokre personlege pronomen som skil nordhordlandsmål²⁰ tydeleg frå bergensk. Dei personlege pronomena er ofte noko av det første ein legg merke til når ein skal definera eit talemål. Dei er gjerne særleg viktige for identiteten ein har i samband med talemålet sitt, fordi dei peiker direkte mot ein sjølv eller personar ein har relasjonar til. Ut i frå desse vurderingane har eg plukka ut variablane som er vist i tabell 1:

Tabell 1: Variablar i spørjeskjemaet

Ordklasse	Variabel	Nordhordlandsvariant	Bymålsvariant
verb infinitiv	KOSA	<i>kosa</i>	<i>kose</i>
	SLAPPA	<i>slappa</i>	<i>slappe</i>
	SEIA	<i>sei/seia</i>	<i>si</i>
	LEGGJA	<i>legga/ligga/liggja/leggja</i>	<i>legge/ligge</i>
substantiv hokjøn, ub.f.	JENTE	<i>jenta</i>	<i>jente</i>
substantiv hokjøn, b.f.	MORA	<i>more/mor</i>	<i>moren</i>
	JENTA	<i>jento</i>	<i>jenten</i>
	KLOKKA	<i>klokko</i>	<i>klokken</i>
personlege pronomen	HO	<i>ho</i>	<i>hon</i>
	VI	<i>me</i>	<i>vi</i>
	DE	<i>dåkke/dåke/de/deke*</i>	<i>dåkkar/dere*</i>
	DYKK	<i>dåkke/dåke/deke*</i>	<i>dåkkar/dere*</i>
	DEI	<i>dei</i>	<i>di</i>

*: Dette er variantar som ikkje står i skjemaet, men som eg har blitt gjort merksam på i etterkant, fordi fleire av informantane hevda dei brukte desse. Når det gjeld *dere* for DE og DYKK, var eg klar over at denne varianten eksisterte i bergensk talemål, men eg trudde ikkje det var aktuelt at han var i bruk i Nordhordland. Det viste seg å vera feil ifølgje fleire av informantane.

I tillegg har eg teke med nokre meir tilfeldige variablar. Dei er med fordi det skal bli ein god samanheng i historiene i spørjeskjemaet som informantane skal plassera variantane i, og fordi dei kan fungera som stikkprøver av andre målmerke i nordhordlandsmålet.

²⁰ I samband med spørjeskjemaet blir variantar som tilhøyrrer det eg tidlegare har nemnt som tradisjonelt nordhordlandsmål/strilamål og nordhordlandsmål sett saman i ein kategori som blir kalla nordhordlandsmål.

Tabell 2: 'Tilfeldige' variablar i spørjeskjemaet

Ordklasse	Variabel	Nordhordlandsvariant	Bymålsvariant
artikkel	EI	<i>ei</i>	<i>en</i>
verb presens	SIT	<i>sitte/sitt/sit</i>	<i>sittar</i>
	LES	<i>lese/les</i>	<i>lesar</i>
	KJEM	<i>komme/kjem</i>	<i>kommar</i>
	SEIER	<i>seie</i>	<i>siar</i>
talord/kvantor	SJU	<i>sju</i>	<i>syv</i>
	ÅTTE	<i>åtta</i>	<i>åtte</i>
	MYKJE	<i>mykje</i>	<i>mye</i>
adverb	BERRE	<i>berre/berre*</i>	<i>bare</i>
determinativ	DET	<i>da</i>	<i>det</i>
substantiv hokjønn ub. fleirtal	LEKSER	<i>lekse</i>	<i>leksar</i>

Eg har allereie vore inne på kritikken av spørjeskjema som metodisk hjelpemiddel i sosiolingvistiske undersøkingar, men eg vil ta det opp att her. Det er nemleg særleg på det punktet der informanten skal rapportera kva for variantar ho bruker at kritikken er sterkast. Sjølvstøtt er det mykje rett i den kritikken, så då gjeld det å vera ekstra nøye med korleis ein vel å forma spørsmåla som omhandlar dette. Eg har derfor valt å laga spørsmål 4 og 5 som ei oppgåve der informantane skal fylla ut to vedlagte ark med illustrasjonar og tekst (sjå vedlegg 1). Meininga med dette er hovudsakleg at situasjonen skal oppfattast meir naturleg for informanten. Det eine arket er ein teikneserie der nokre av orda er valfrie, og det andre inneheld ei historie med teikningar til der ein skal fylla inn på same måten. Det viktigaste grepet her er likevel at to og to informantar skal arbeida saman, men skriva individuelle svar når dei skal fylla ut skjema. Dette blir forklart under avsnitt 3.2.1.3.

3.2.1.3 Gjennomføring av spørjeundersøkinga

Eg byrja med å ta kontakt med rektorane på dei to skulane, ved først å ringja dei, og så senda ein e-post der eg forklarte grundigare kva prosjektet mitt gjekk ut på. Både rektorane og dei lærarane eg kom i kontakt med var svært positive til prosjektet. Eg fekk gjort avtalar om å komma inn i dei til saman sju tredjeklassane ganske snart. Det var to klassar på Austrheim vidaregåande skule og fem klassar på Knarvik vidaregåande skule.

Informantane har gjennomført utfyllinga av spørjeundersøkinga på ein litt utradisjonell måte. Elevane samarbeidde to og to, helst med ein person dei kjende godt. Kvar svarte individuelt, men diskuterte spørsmåla med sidemannen og reflekterte seg fram til sitt eige svar. Dette trur eg gjorde at dataa blei kvalitetssikra.

Ei vanleg oppfatning er at ein bør ta fokus *vekk* frå det språklege, slik at ein unngår at informanten bruker eller rapporterer eit talemål ho eigentleg ikkje bruker. Labov (1972) meiner det er sannsynleg at informantane snakkar meir standardnært dersom dei veit at dei blir observerte, fordi dette gjev meir prestisje. Samtidig er ein avhengig av å observera for å få tak i taledata. Labov kallar dette *the Observer's Paradox* (1972:209).

One way of overcoming the paradox is to break through the constraints of the interview situation by various devices which divert attention away from speech, and allow the vernacular to emerge (Labov 1972:209).

Eg har altså valt å gjera det motsette av det Labov råder, nemleg å fokusera ekstra mykje på det språklege, ved at to og to skal diskutera eigen språkbruk. Eg trur likevel denne metoden gjer at det blir vanskelegare å medvite feilrapportera, fordi samarbeidspartnaren vil korrigera ein på det. Eit problem som kan oppstå ved eigenrapportering er at informanten kan ha dårleg sjølvinnsett, og ikkje vera klar over kva for språkbruk ho har. Ved å diskutera eigen språkbruk med ein person som høyrer deg snakka kvar dag, trur eg det vil vera enklare å ha oversikt over eigen språkbruk.

Eg presenterte sjølv spørjeundersøkinga i dei aktuelle klassane. Dette gjorde eg fordi elevane i dei ulike klassane då ville få ein mest mogleg lik presentasjon, og fordi eg ikkje kunne vera sikker på at alle lærarane ville ha presentert opplegget på den måten eg ønskte.

Opplegget fungerte om lag på same måten i alle klassane. Eg blei med læraren inn i ein norsktime, og så presenterte ho eller han meg for klassen, og gav ordet til meg. Eg fortalte litt om kva det vil seia å vera mastergradsstudent, om nordisk og sosiolingvistikk, og om prosjektet mitt. Deretter delte eg ut spørjeskjemaet, bad elevane setja seg saman i par med ein dei var vane med å snakka med, og gjekk så gjennom dei fleste spørsmåla i skjemaet, slik at det ikkje skulle oppstå misforståingar. Nokon vel å seia minst mogleg om prosjektet sitt i ein slik situasjon, og opptre så nøytralt som mogleg for å unngå å påverka elevane i noka retning. Eg trur det er betre å gje elevane god informasjon, og å visa entusiasme for prosjektet sitt, men unngå å ytra eigne meiningar og hypoteser. På den måten trur eg elevane blir meir positive, og gjev seg betre tid med spørjeskjemaet.

Utfyllinga av skjemaet fungerte godt i alle klassane. Elevane arbeida saman i par, og eg hadde forklart på førehand at dei skulle diskutera saman, men svara kvar for seg. Det såg ut som dei aller fleste forstod dette. Nokon hadde litt problem med kommunikasjonen, og arbeidde meir eller mindre på eiga hand. Likevel diskuterte dei fleste ivrig emnet dialektbruk. Elevane var òg flinke til å spørja meg dersom dei lurte på noko. Dette ser eg på som svært

viktig for å vera sikker på at informanten har oppfatta spørsmålet riktig. Derfor presiserte eg på førehand at dei måtte spørja meg med ein gong dei lurte på noko.

Det viste seg at boksane i teikneseriane (ark 1 og 2 i spørjeskjemaet) hadde ein veikskap. Nokre av elevane sakna alternativet *deke* for DE eller DYKK (sjå tabell 1). Då eg laga alternativa, gjorde eg det ut frå eiga erfaring. Dette kan sjølvsagt føra til manglar, og særleg når det er snakk om eit geografisk stort dialektområde som Nordhordland. Eg ba elevane om å skriva det eventuelle ekstra alternativet utanfor boksen dersom det var dette dei brukte, og setja ring rundt det. Dette hende heldigvis i den første klassen eg var i, sånn at eg kunne opplysa dei andre klassane om at det var mogleg å leggja til variantar som ikkje stod i skjemaet.

3.2.2 Taleopptak og nettverksskjema

Taleopptaka med dei åtte hovudinformatane består av to delar; ei parvis teikneoppgåve og kvalitative djupintervju med ein og ein av dei åtte hovudinformatane. Dataa frå teikneoppgåva har blitt brukt til å undersøkje informantane sin faktiske språkbruk, medan intervjudataa har blitt tolka kvalitativt, hovudsakleg i forhold til haldningsmessige aspekt. I tillegg har hovudinformatane laga eit nettverksskjema som fungerer som eit utfyllande supplement til dataa frå intervjuet. I det følgjande vil eg skildra korleis eg har komme fram til dei åtte hovudinformatane (avsnitt 3.2.2.1), for så å gjera greie for planlegginga og gjennomføringa av taleopptaka (avsnitt 3.2.2.2). Avsnitt 3.2.2.3 forklarar planlegginga og gjennomføringa av nettverksundersøkinga. Avsnitt 3.3–3.3.3 viser korleis eg har behandla dataa frå taleopptaka og nettverksskjema.

3.2.2.1 Utveljing av informantar

For at eg skal kunna analysere kvar og ein av dei grundig, er det viktig å ikkje ha for mange informantar. Samtidig vil eg ha såpass mange at eg får dekt ulike område av dei to kommunane, ulik dialektbruk, og at begge kjønn er like godt representerte. Ut i frå desse krava bestemte eg meg for å ha åtte informantar; to jenter og to gutar frå kvar av dei to kommunane.

Av dei 109 informantane eg har teke med i spørjeundersøkinga var det 13 jenter og 4 gutar frå Meland, medan det var litt fleire frå Radøy; 16 jenter og 7 gutar. Fordi det ikkje er nokon elevar på Austrheim vidaregåande skule frå Meland, bestemte eg meg for at dei åtte hovudinformatane skulle gå på Knarvik vidaregåande skule. Eg har valt å gjera det slik fordi eg synest det er viktig at dei informantane eg skal snakka med kjenner eller har vore i kontakt

med jamnaldrande frå den andre kommunen. Dette førte til at eg stod att med 13 jenter og 4 gutar frå Meland, og 10 jenter og 3 gutar frå Radøy. I og med at det ikkje var så mange informantar å velja mellom, gjekk det greitt å få ein viss oversikt over det dei hadde svart i spørjeskjema. Når eg skulle plukka ut åtte av desse informantane, gjekk eg ut frå to krav i tillegg til dei som er nemnt over. Informantane skulle representera eit gjennomsnitt av alle informantane frå kommunen, samtidig som nokre av dei skulle skilja seg ut frå dei andre. Dette gjekk fint å gjennomføra, fordi det viste seg at informantane innom dei to kommunane hadde svart svært homogent når det gjaldt det språklege. Dersom svara hadde vore meir heterogene, hadde ein ikkje kunna finna nokon som skilde seg klart ut. Meland-informantane hadde jamnt over rapportert ein høg del bergensformer, medan Radøy-informantane hadde rapportert mange strileformer. Det var berre ein eller to frå kvar av kommunane som skilde seg ut på nokon måte når det gjaldt det språklege. Ut frå dette kunne eg ta med ein avvikar frå kvar kommune. På denne måten vil fleirtalet av intervjuinformantane representera det same som fleirtalet av den samla informantmassen i sin kommune, samtidig som eg får snakka med to personar som har valt ein annan språkstrategi enn fleirtalet frå heimkommunen²¹.

Eg hadde også bestemt meg for at eg ville ha med ein person frå kvar av dei to kommunesentra, Manger og Frekhaug (sjå kart i vedlegg 5). For å plukka ut dei fire siste fann eg fram kart over Meland og Radøy og plukka dei andre ut på ein slik måte at eg fekk like mange jenter og gutar spreidd mest mogleg ut over i kommunane. Eg valde å ta med personar som hadde budd same staden heile livet, slik at dei ville ha mest mogleg erfaring med å veksa opp i det området det er snakk om.

Informantane vil bli grundigare presenterte i avsnitt 4.4, saman med ein analyse av dataa frå intervju.

3.2.2.2 Planlegging og gjennomføring av taleopptak

Informantane blei delte opp i par på den måten at dei to som var av same kjønn og frå same kommune, blei sett saman. I første delen samarbeidde dei om ei oppgåve, medan eg tok minst mogleg del. I andre delen intervjuar eg ein og ein av dei, medan den andre informanten gjekk ut av rommet og laga eit nettverksskjema (sjå avsnitt 3.2.2.3).

I første delen av taleopptaket, som eg har kalla *teikneoppgåva*, fekk dei to informantane utlevert kvar si ulike fargelagde teikning (sjå vedlegg 3) og kvart sitt ark. Den eine informanten (informant A) skulle byrja med å forklara til den andre (informant B) kva

²¹ Når eg snakkar om fleirtalet i kommunen, er dette basert på mine funn gjennom resultatata frå spørjeskjemaet i denne undersøkinga.

det var bilete av på teikninga si, og kva fargar det var. Informant B hadde ikkje sett denne teikninga, men skulle likevel prøva å teikna ein kopi av denne ut frå det informant A forklarte. Informant A fekk sjå korleis informant B arbeidde, og kunne korrigera undervegs. Når informant A meinte at teikninga til informant B var 'godkjent', bytte dei to roller, og informant B skulle skildra teikninga ho hadde fått utdelt for informant A.

Poenget med denne oppgåva er å provosera fram variantar av dei variablane eg ønskjer å få dekning på. Det er desse dataa som dannar grunnlaget for analysen av informantane sin *faktiske språkbruk*. Fordi eg er interessert i å komma fram til eit grovriss av talemålet i Meland og Radøy, ikkje å studera enkeltvariablar, har eg valt ut fire *grupper av språklege variablar*. Desse gruppene er baserte på typiske trekk ved det tradisjonelle nordhordlandsmålet, som skil seg tydeleg frå bergensk. Eg har valt å undersøkje følgjande fire variabelgrupper: *Personlege pronomener, presens av verb, delt hokjønnsbøying og a-mål/e-mål*. Ei oversikt over kva for variablar det er sannsynleg at informantane nemner i teikneoppgåva finst i tabell 3:

Tabell 3: Sannsynlege variablar i teikneoppgåva

Variabel-gruppe	1: Personlege pronomener	2: Presens av verb	3: a-mål/e-mål	4: Delt hokjønnsbøying
Variablar	HO, DEI	SIT, LES, HELD, HOPPAR, SMILER, HENG, SEIER, SOLER, LIGG, HENG, KJEM	JENTE, FLETTE, SLØYFE, BUKSE, KLOKKE, DAME, ÅRE, T-SKJORTE, TEIKNA, LIGGJA, VERA	JENTA, BOKA, FLETTA, SLØYFA, SOLA, STRØMPEBUKSA, BUKSA, KLOKKA, KUA, ØYA, DAMA, ÅRA, T-SKJORTA

Ein annan grunn til bruka ei slik teikneoppgåve for å samla inn språklege data, er at eg tidlegare har erfart at stemninga blir god (Birkeland 2005). Det kan oppstå ei litt nervøs stemning i starten av eit intervju når intervjuar og informantar ikkje kjenner kvarandre. Ei slik konkret oppgåve som ikkje fokuserer på noko personleg, fungerer godt for å 'bryta isen'. Fleire har gjort den same erfaringa med ei slik oppgåve (sjå t.d. Hernes 1998 og Stokstad 2007). Informantane opptre på ein naturleg måte, og det kan verka som dei ikkje tenkjer så mykje på at det er ein opptakssituasjon. Ut frå dette er det grunn til å tru at måten dei snakkar på vil vera nær den måten dei vanlegvis snakkar i daglegdagse situasjonar.

Når denne sekvensen var over, intervjuar eg ein og ein av informantane. Eg har vurdert fram og tilbake om eg skulle snakka med to saman eller med ein og ein. Fordelen med å snakka med begge saman, er at dei truleg vil kjenna seg tryggare, og at det då vil bli mogleg for dei å diskutera temaa vi tar opp seg imellom. Det som gjer at eg likevel ikkje valde å gjera det slik, er at eg er redd for å få situasjonar der den eine personen blir dominerande, slik at meiningane og språkbruken til den andre ikkje kjem godt nok fram. Det kan òg bli eit problem

at dei to kanskje ikkje kjenner kvarandre så godt, og derfor blir litt reservert, og kanskje ikkje torer å seia kva dei meiner. Dersom ein greier å skapa god stemning ved hjelp av teikneoppgåva, trur eg dette vil gjera at informantane vil føla seg trygge sjølv om dei skal snakka med meg ein og ein. Eg meiner også at dette vil vera den beste måten for å sikra at kvar og ein av informantane blir behandla mest mogleg likt.

Steinar Kvale (1997:21) definerer eit halvstrukturet livsverd-intervju, som slik eg forstår det, er det same som det eg kallar halvstrukturet djupintervju, på denne måten: "[...] et intervju som har som mål å innhente beskrivelser av den intervjuedes livsverden, med henblikk på fortolking av de beskrevne fenomenene". Denne definisjonen viser at å bruka denne forma for intervju vil vera riktig i forhold til dei intensjonane eg har. Målet med intervjuet er å få fram haldningane til informantane på dei områda eg har skissert gjennom forskingsspørsmåla mine (sjå avsnitt 1.3), slik at eg kan bruka desse opplysningane til å gjera ei kvalitativ tolking av dei åtte informantane.

Sjølve intervjusamtalen var nøye planlagt på førehand, samtidig som eg såg det som viktig at situasjonen skulle vera improvisatorisk og fri. Dette gjennomførte eg ved å laga ein intervjugaid på førehand (sjå vedlegg 4), som eg sette meg grundig inn i. Ifølgje Grønmo (2004:161) skal ein intervjugaid vera

[...] tilstrekkelig omfattende og spesifikk til at forskeren får de typer informasjon som er relevant for studien, men den skal samtidig være så enkel og generell at hvert enkelt intervju kan gjennomføres på en fleksibel måte.

Planen min var å byrja intervjuet med det same spørsmålet til kvar av informantane, for så å fortsetja samtalen delvis på informantens sine premisser. Likevel er det viktig å ikkje spora av frå temaet, men prøva å heile tida fletta inn spørsmål som ligg nær opp til dei som er presenterte i intervjugaiden. Eit minstekrav var å komma innom alle dei fem temaa eg hadde skissert med alle informantane. Grønmo (2004:163) skildrar intervjuprosessen på ein måte eg har prøvd å etterlikna:

Intervjuguiden brukes imidlertid på en fleksibel måte. Forskeren vil sørge for at alle temaene blir dekket i løpet av intervjuet, men vil også *vurdere temaenes rekkefølge og formulere spørsmål ut fra intervjuets utvikling*. Forskeren lytter til respondentens svar, tolker svarene og følger opp med nye spørsmål ut fra disse tolkingene [...] Forskeren er åpen overfor nye tema som respondentene bringer inn i samtalen, men må stadig passe på at ikke pratsomme respondenter overtar styringen og fører intervjuet ut på viddene eller inn på irrelevante og ufruktbare spor.

Teikneoppgåva fungerte fint med alle informantane. Det verka som dei fleste av dei variablane eg hadde tenkt på då eg laga teikningane blei nemnde, og ein kan seia at oppgåva var vellykka både for å få god stemning og for å få språklege belegg.

Samtalen mellom den enkelte informanten og meg sjølv gjekk også bra. I fleire av situasjonane var det litt nervøs stemning i starten, men det gjekk fort over. Etter kvart glei samtalen fint, og situasjonen opplevdes naturleg trass i at samtalen blei teke opp på band. Eg prøvde så godt eg kunne å leggja vekk språkforskarrolla, og heller prøva å få samtalen til å bli mest mogleg på eit likeverdig plan. Dette viste seg å vera lurt. Særleg då eg involverte meg personleg i samtalen, opplevde eg god kontakt og entusiasme. Sidan eg har budd i Meland i oppveksten og har gått på folkehøgskule eitt år i Radøy kommune, var ikkje dette noko problem. Eg trur dette er ein god taktikk så lenge ein unngår å komma med personlege synspunkt på dei temaa ein skal undersøkje, og på den måten påverka informantene sine synspunkt. Grønmo (2004:163) peiker også på at det er viktig å skapa

[...] en god kommunikasjonssituasjon [...] Forskeren bør legge vekt på å finne en god form for samtalen, slik at respondenten føler seg på bølgelengde med forskeren, og slik at samtalen blir mest mulig avslappet og dagligdags.

3.2.2.3 Planlegging og gjennomføring av nettverksregistreringa

Den informanten som ikkje blei intervjuet skulle i mellomtida gå ut av rommet og laga eit nettverksskjema. Dette skjemaet er inspirert av Milroy sin bruk av nettverksregistrering (sjå t.d. Milroy 1980). Informantane fekk med seg ein modell som eg hadde laga på førehand, der eg hadde teikna inn meg sjølv med namn og alder på, og dialekt og personleg forhold til personar eg har nære relasjonar til (sjå vedlegg 2). Dei fekk beskjed om å laga ei liknande modell for seg sjølv, der dei tok med alle personane dei kjende som dei jamnleg brukte tid saman med på tomannshand.

Denne forma for nettverksregistrering skil seg frå andre som er brukte i sosiolingvistiske undersøkingar (sjå t.d. Hernes 1998 og Revheim 1997) ved at informanten skal registrera nettverket sitt på eit *blankt* ark, ved å sjå etter ein modell der eg har sett opp mitt personlege nettverk. Eg har gjort det slik av to grunnar: For det første synest eg eit skjema der ein har høve til å plassera eit visst tal på nettverkspersonar kan verka styrande og hemmande på informantene, fordi det varierer frå person til person kor mange personar ein har i nettverket sitt. For det andre kan det vera litt vanskeleg å forstå kva som blir meint med eit sosialt nettverk, så eg trur det vil vera til stor hjelp for informantene å få ein modell å sjå etter.

Nettverksregistreringa fungerte fint. Den av informantane som ikkje blei intervjuet sat utanfor rommet der intervjuet gjekk føre seg og laga nettverksskjemaet.

3.3 Behandling av data

Dette avsnittet handlar om korleis eg har valt å behandla dei dataa eg fekk inn gjennom bruk av spørjeskjema, intervju og nettverksskjema. Eg vil først ta for meg spørjeskjemadataa (avsnitt 3.3.1), så dataa frå taleopptaka (avsnitt 3.3.2) og til slutt dataa frå nettverksskjemaa (avsnitt 3.3.3).

3.3.1 Behandling av spørjeskjemadata

Som eg har nemnt tidlegare, har eg valt å behandla dataa frå spørjeskjemaet kvantitativt. Spørsmåla er forma med tanke på dette, og med 109 informantar vil dette vera det einaste rimelege innanfor den tida ein har på ei masteroppgåve. I tillegg meiner eg at kvantitativ metodebruk, med få opplysningar om mange personar, passar best ut frå målsetjinga om å få eit oversiktsbilete av språksituasjonen i Nordhordland.

Då eg hadde fått inn alle spørjeskjemaa, byrja eg med å sortera ut dei som ikkje passa inn i forhold til dei kriteria eg har sett (sjå avsnitt 3.1.1.2). 16 av informantane budde utanfor Nordhordland og 22 av dei fylte ikkje kriteriet om å ha budd på heimstaden ei viss tid (sjå avsnitt 3.1.1.2), slik at eg stod att med 109 gyldige svar. Det var ingen som hadde svart tydeleg useriøst eller så ufullstending at det var trong for å utelata svara deira. Under avsnitt 3.1.1.2 nemnde eg at dersom ein svært stor del av informantane fall utanfor, kunne dette vera grunn til å endra kriteria. Eg synest ikkje at 109 av 147 informantar utgjer ein for liten del, så eg har valt å behalda kriteria slik dei er skildra.

Eg har gjort utrekningar av resultatata frå alle spørsmåla i spørjeskjemaet, og laga figurar og tabellar som viser tendensane i resultatata. Utrekninga av informantane sin rapportering av språklege former (sjå spørsmål 4 og 5 i vedlegg 1) er gjort på den måten at dei 29 variablane som finst i spørjeskjemaet (sjå tabell 1 og 2 i avsnitt 3.2.1.2 og vedlegg 1) er delte inn i dei to kategoriane *nordhordlandsvariantar* og *bergensvariantar*. Dette er ei grovinndeling, og det kan diskuteras om alle desse formene høyrer til i desse to kategoriane. Eg meiner likevel denne inndeling er tenleg for å få fram eit grovriss av talemålssituasjonen i Nordhordland, slik målet med spørjeundersøkinga er.

Dersom informanten hadde sett ring rundt både nordhordlandsvarianten og bergensvarianten av den same variabelen, rekna eg dette til ein kategori eg kalla *begge*. Ut frå dette rekna eg ut kor stor del av dei eigenrapporterte variantane til kvar av dei 109 informantane som kom under talemålskategoriane *nordhordlandsmål/stiril*, *bergensk* eller *begge*. Resultata frå utrekningane blir presenterte i kapittel 4.

3.3.2 Behandling av taleopptaksdata

Taleopptaka av dei åtte informantane besto som tidlegare nemnt av ei parvis teikneoppgåve og kvalitative djupintervju med ein og ein informant (sjå avsnitt 3.2.2.3). Dataa frå teikneoppgåva har blitt tolka kvantitativt, medan dataa frå dei kvalitative djupintervjua har blitt tolka kvalitativt.

Når ein skal tolka taledata, bør ein transkribera materialet, slik at ein kan arbeida med tekst når ein skal analysera dataa. Måten ein transkriberer på er avhengig av kva ein skal undersøka. Sidan variablane som blir undersøkte har så tydeleg ulike realisasjonar i tradisjonelt nordhordlandsmål og bergensk, har eg valt å transkribera på ein måte som ligg tett opp til skriftspråket, slik at det skal vera lett å lesa. Berre i dei tilfella der det er viktig for å visa eit særtrekk ved talemålet, har eg transkribert på ein måte som skil seg frå bokmål eller nynorsk. Eg vil visa dette gjennom to døme frå intervjua:

Reidunn: Ja, da e da egentlig. [...] at di e litt mær sånn fjollete av seg [LATTER]. At me e mær sånn bonda på ein måte, og dei e litt mær byfolk, viss du skjønne. Så da.

Formene *da*, *di*, *e*, *mær*, *bonda* og *skjønne* er ikkje godtekne i nynorsk eller bokmål skriftmål, men gjer at Reidunn sitt talemål kjem fram gjennom teksten. Reidunn seier også *egentli* i staden for *egentlig* og *å* i staden for *og*, men eg vurderer det slik at det ikkje er nødvendig å transkribera desse orda lydrett, fordi det ville vore unaturleg, både i strilamålet og i bergensmålet, å uttala desse orda slik dei blir skrivne.

Kj-lyden er eit unntak når det gjeld å transkribera skriftnært. Fordi det er eit svært tydeleg trekk hos fleire av informantane som har eit bergensnært talemål at dei bruker *sj* for *kj*, har eg valt å transkribera *kj*-lyden som *sj* i dei tilfella han blir realisert slik.

Marit: Issje noe sånn spesielt egentlig. Det e'sje noe eg tenkar ovar at eg e der i fra, sånn. Altså, det e jo plassn eg e født på, så det e jo.

Mange av informantane har også ein tendens til å dra saman ord, noko eg viser ved å setja inn eit ' mellom orda som blir dregne saman, som i *e'sje* som står for *er ikkje*.

Eg har valt å ta med minst mogleg symbol og utanomtekstleg informasjon. Dei eg har brukt kan forklarast slik:

- (...): Kortare opphald i tale
- [...]: Tekst er utelate
- [LATTER]: Informanten og/eller intervjuaren ler
- (tekst i parantes): Opplysningar til lesaren

- [tekst i klammeparantes]: Overlappende tale
- ”tekst i hermeteikn”: Informanten siterer/etterliknar nokon andre

I dei tilfella der eg er sitert som intervjuar, er dette berre for å få fram samanhengen i dialogen, og dette vil derfor bli transkribert til nynorsk skriftspråk, sjølv om eg har eit talemål som kan karakteriserast som nordhordlandsmål.

Dei åtte hovudinformatane har fått fiktive namn med same forbokstav som heimkommunen. Meland-informatane blir kalla Merete, Marit, Magne og Mons, medan Radøy-informatane har fått namna Reidunn, Randi, Rune og Ragnar.

3.3.3 Behandling av nettverksdata

Nettverksdataa har blitt behandla både kvantitativt og kvalitativt. Eg har gjort utrekningar av tettleik, talemål og geografisk spreining, som blir presenterte og analyserte i kapittel 4. I tillegg har eg tolka skjema kvalitativt i forhold til det informatane har sagt i dei kvalitative djupintervjua. Her har eg koplå inn storleiken på vennekrinsen i tillegg til tettleik, talemål og geografisk spreining.

4 Presentasjon av resultata

I dette kapitlet blir resultatata frå dei fire innsamlingsmetodane *spørjeskjema* (avsnitt 4.1), *nettverksundersøking* (avsnitt 4.2) og *taleopptak frå teikneoppgåva* (avsnitt 4.3) presenterte. Eg vil også gjera ei tolking av *intervjusamtalane* med kvar av dei åtte hovudinformantane, sett i samanheng med det dei har svart i spørjeundersøkinga og korleis nettverksskjemaa deira ser ut (avsnitt 4.4).

4.1 Resultat frå spørjeskjemaet

Her vil resultatata frå kvart spørsmål i spørjeskjemaet bli presenterte, illustrert med tabellar der det er tenleg. Spørsmål fire og fem vil bli handsama under eitt. Ei oversikt over spørjeskjemaet finst i vedlegg 1.

4.1.1 Spørsmål 1 – bustad og flyttemønster

<p>1a. Kor bur du? Skriv namnet på både kommune og tettstad/bygd.</p> <p>b. Har du budd i same kommunen heile livet? Set kryss.</p> <p><input type="checkbox"/> ja <input type="checkbox"/> nei</p> <p>c. (Dette skal du svara på berre dersom du svarte <u>nei</u> på spørsmål 1b.) Skriv namnet på kommunen/kommunane du har budd i før, kor lenge du budde der, og kor gammal du var.</p>
--

Eg fekk inn 147 utfylte spørjeskjema. 16 av dei personane som hadde delteke var frå kommunar utanfor Nordhordland, og 22 personar var innflyttar slik eg har definert det som under avsnitt 3.2.1.1. Dette gjorde at eg stod att med 109 svar som kvalifiserte til å vera med i undersøkinga. Dei 16 personane som bur utanfor Nordhordland ser eg på som uinteressante i forhold til undersøkinga. Svara til dei 22 innflyttarane har ikkje blitt teke med, men eg har likevel brukt desse skjemaa for å sjå kor stor del av tredjeklassingane i Nordhordland som består av innflyttarar, og for å sjå om det er nokon skilnad mellom dei ulike kommunane på dette området. Desse 22 personane blir ikkje handsama som informantar, og det vil bli opplyst om dette i dei tilfella desse skjemaa blir brukte.

12 av dei 109 informantane budde i Austrheim kommune, medan berre ein var frå Fedje²². 49 personar budde i Lindås, sju i Masfjorden, 17 i Meland, og 23 i Radøy kommune. Ved første blick kan det verka som det er ei skeiv fordeling av informantar i forhold til geografisk spreining, men når ein reknar ut prosenttala av tredjeklassingar i forhold til innbyggjartal, er fordelinga nokså jamn. Desse prosenttala ligg mellom 0,3 prosent (Meland) og 0,5 prosent (Lindås og Radøy). Eg vil ikkje analysere desse tala nærmare; til det meiner eg det samla talet på informantar er for lågt. Poenget her er berre å visa at informantane kan seiest å representere eit gjennomsnitt av innbyggjarane i Nordhordland.


87 av informantane svarte at dei hadde budd på same staden heile livet, medan 22 hadde budd andre plassar, men i så liten grad at dei likevel kvalifiserte til å vera med i undersøkinga. For å sjå nærmare på kor stor del av ungdommen i Nordhordland som har budd same stad heile livet, vil eg her kopla inn dei 22 personane som er tekne ut av undersøkinga fordi dei har budd for kort tid i Nordhordland. Om ein tek med desse, får ein 131 tredjeklassingar som bur i Nordhordland. Av desse utgjer dei 87 personane som aldri har flytta 66,4 prosent, og innflyttarane utgjer 33,6 prosent. Her er skilnadene innom kommunane store. Delen innflyttarar av dei undersøkte i Austrheim er 15,4 prosent, medan han i den største kommunen, Lindås, er 31,1 prosent, og i Masfjorden 44,4 prosent. Meland har størst del innflyttarar blant tredjeklassingane, heile 50 prosent, medan Radøy har 32 prosent.

4.1.2 Spørsmål 2 – namn på talemål

2. Kva vil du kalla dialekten din? Set kryss
Stril/Nordhordlandsmål <input type="checkbox"/> Bergensk <input type="checkbox"/> Anna <input type="checkbox"/>

Når det gjeld resten av spørsmåla, vil eg presentere gjennomsnittstal for heile Nordhordland, og for Meland og Radøy individuelt. Tala for kvar enkelt av dei andre kommunane individuelt vil ikkje vera like interessante i forhold til målsetjingane med denne undersøkinga. Dessutan er informanttala frå Fedje (ein), Masfjorden (sju), og kanskje også Austrheim (12), så låge at det kan vera misvisande å bruka talmaterialet herfrå statistisk.

²² Sidan Fedje er representert med berre éin person, kjem eg i dei tilfella der eg ser på kvar enkelt kommune eller samanliknar Meland og Radøy med dei andre kommunane i Nordhordland, til å utelata denne kommunen. Det vil bli misvisande å rekne prosent basert på éin enkelt person. Dette blir heller ikkje riktig i forhold til personvern.



Figur 7: Informantane si namngjeving av eigen dialekt

59,6 prosent av den samla informantmassen svarte at dei ville kalla dialekten sin nordhordlandsmål eller stril, 14,7 prosent meinte dei snakka bergensk, medan 25,7 prosent syntest ikkje at nokon av desse tre nemningane passa på talemålet deira (sjå figur 7). Det var store skilnader mellom svara til informantane frå Radøy og svara til informantane frå Meland. Heile 91,3 prosent av radværingane hadde kryssa av for *nordhordlandsmål/strilamål*, medan berre 17,6 prosent av Meland-buarane hadde gjort det same (sjå figur 7). Berre to radværingar hadde svart noko anna. Den eine meinte han snakka bergensk og den andre hadde kryssa av for *anna*, og skreiv at ho snakka ”blanding av litt stril og litt bergensk”. Heile 47,1 prosent av Meland-buarane ville kalla talemålet sitt bergensk, medan 35,3 prosent hadde kryssa av for *anna*.

Meland-buarane skil seg ut på fleire måtar her. Av kommunane i Nordhordland har dei den lågaste delen av personar som meiner dei snakkar nordhordlandsmål/strilamål, og dei har den høgste delen av informantar som kallar talemålet sitt bergensk. Det er også høgast prosent av personar som har skrive noko anna enn det dei to første alternativa seier. Dei fleste av desse har skildra talemålet sitt som ei blanding av strilamål og bergensk, til dømes: ”Blanding av strilamål og andre dialekter. Masse bergenske ord.”, ”Blanding av bergensk og stril.”


Radværingane plasserer seg i den andre enden av skalaen blant nordhordlendingane. Radøy har den største delen av informantar som meiner at dei snakkar nordhordlandsmål/strilamål. Dei har også den lågaste delen av personar som meiner dei har eit anna talemål enn nordhordlandsmål/strilamål eller bergensk.

Desse resultatata viser altså store skilnader mellom kva informantane frå Meland og informantane frå Radøy vel å kalla sin eigen dialekt. Det kan sjølvstøtt vera store individuelle skilnader på kva ein meiner med nordhordlands- eller strilamål, bergensk og samlekategorien *anna*. Resultata er likevel ein tydeleg peikepinn på at det er skilnader i talemålet mellom Meland og Radøy. Det vil derfor bli interessant å sjå om eigenrapporteringa av talemålsformer (avsnitt 4.1.4) og den faktiske bruken av talemål hos dei åtte hovudinformatantane samsvarer med desse resultatata.

4.1.3 Spørsmål 3 – informantane si oppfatning av talemålssituasjonen i Nordhordland

3. Ranger desse sju kommunane/områda etter kor vanleg du synes det er at innbyggjarane snakkar "ekte" strilamål:	
Austrheim, Fedje, Knarvik, Lindås utanom Knarvik, Masfjorden, Meland, Radøy.	
Mest stril	1)
	2)
	3)
	4)
	5)
	6)
Minst stril	7)

Det mest interessante her er ikkje å sjå om det er skilnader mellom kva informantane frå dei ulike kommunane har svart, men i kor stor grad *den samla informantmassen* kan seiast å ha eit syn på at nokre av kommunane er meir dialektbevarande enn andre. Det vil i denne samanhengen vera særleg interessant å sjå korleis synet på talemålet til innbyggjarane i Meland og Radøy er.



Figur 8: Syn på grad av dialektbevaring

I spørjeskjemaet blei informantane bedne om å plassera områda som var nemnde i spørsmålet på ein skala frå 1 til 7, der 1 stod for høg grad av strilamål i området, og 7 stod for låg grad. Eg har rekna ut eit gjennomsnittstal for kvart område, og dess lågare dette talet er, i dess større grad meiner informantane at innbyggjarane i dette området snakkar det eg har kalla for *ekte strilamål*. Som ein kan sjå i figur 8, er det radværingane som kjem ut med det lågaste talet (2,2), og altså blir sett på som dei mest dialektbevarande. Meland-buarane har nest høgast sum (5,9). Det er berre Knarvik,²³ regionsenteret i Nordhordland som får høgare sum (6,6).

²³ Knarvik er her skild ut frå Lindås kommune. Sjå avsnitt 3.2.1.1 for grunngjeving av dette.

4.1.4 Spørsmål 4 og 5 – eigenrapportert realisasjon av språklege variablar

4. Ta fram **ark nr.1**. Tenk deg at du seier det som står på arket. Kva for nokre av dei orda som står inne i dei firkanta rutene ville du ha brukt? Set ring rundt desse orda.


Dersom du av og til seier det eine og av og til det andre skal du setja ring rundt begge.

Hugs at dette handlar om korleis du snakkar. Ikkje tenk på riktig skrivemåte.

5. Ta fram **ark nr.2**. Tenk deg at du er personen med topp-lue. Set ring rundt dei orda du ville ha brukt. Gjer dette på same måten som du gjorde under spørsmål 4.

Eg ser på desse to spørsmåla som hovuddelen i spørjeundersøkinga. Informantane skal svara på kva for variantar dei bruker av ulike språklege variablar. Desse resultatane vil eg sjå på som ei grovskisse av talemållssituasjonen i Nordhordland (sjå avsnitt 1).

Som tidlegare nemnt (sjå t.d. avsnitt 3.2.1.3), er det usikkert om ein kan stola på eigenrapportering av talemål. Eg har derfor samanlikna desse resultatane med faktisk språkbruk (sjå avsnitt 4.3).



Figur 9: Eigenrapporterte talemålsformer

Også resultatane frå desse to spørsmåla viser store skilnader mellom Meland og Radøy. Radværingane har gjennomsnittleg rapportert 89,3 prosent strileformer, medan

gjennomsnittstalet for Meland-buarane er 3,9 prosent (sjå figur 9). Meland-buarane har til gjengjeld rapportert 87,6 prosent bergensformer, medan radværingane her berre har rapportert 6,6 prosent. Det som er ganske likt hos dei fleste informantane, er at dei ikkje meiner dei bruker strileformer og bergensformer om kvarandre i særleg stor grad. Tala her er 8,5 prosent for Meland-buarane og 4,1 prosent for radværingane. Ein grunn til at dette talet er så lågt hos informantane, kan vera at det kan vera vanskeleg å rapportera om eigen variasjon.

Tala for den samla informantmassen ligg ein stad mellom tala frå Radøy og Meland på alle tre punkta. Nordhordlandsungdommane har gjennomsnittleg rapportert 59,3 prosent strileformer, 34,4 prosent bergensformer, og i 6,3 prosent av tilfella bruker dei begge former om kvarandre.

4.2 Resultat frå nettverksundersøkinga

I dette avsnittet vil eg seia noko generelt om resultatata frå nettverksundersøkinga, og også noko om eventuelle skilnadar mellom Meland-informantane og Radøy-informantane sine nettverk. Kvar enkelt informant sitt sosiale nettverk vil bli presentert under avsnitt 4.4.

Nettverksmodellen eg har laga for denne undersøkinga er inspirert av den sosiale nettverksteorien (sjå avsnitt 2.2.2). I denne avhandlinga blir det berre fokusert på delar av denne. Eg vil sjå nærmare på områda *tettleik* og *storleik*, og når det gjeld nettverkspersonane vil eg sjå på *talemålet* og *bustaden deira*.


Eg var spent på om informantane forstod kriteria for registrering i nettverksskjemaet (sjå avsnitt 3.2.2.3). Eit teikn på at dette hadde gått bra, var at det var varierende kor mange venner dei hadde ført opp. På mitt skjema, som skulle fungera som mal, var det ført opp sju venner. Eit teikn på at informantane ikkje hadde forstått oppgåva, ville vera om mange hadde ført opp akkurat like mange venner som eg hadde gjort. Dette talet varierte frå 5 til 15, medan talet på familie varierte mellom 5 og 12.

Eg har ikkje gjort nokon utrekningar når det gjeld tettleiken i nettverka til informantane, fordi eg meiner den typen rapportering som skjemaet legg opp til ikkje vil vera nøyaktig nok til det. Eg har likevel studert skjemaa for å sjå om det er tydeleg ulike *mønster* i dei to kommunane. Det viste seg å vera liten skilnad på skjemaa til informantane når det gjaldt tettleik. Ingen hadde markert at alle vennene deira hadde relasjonar seg imellom. Dei fleste hadde ei eller to grupper av venner som hadde innbyrdes relasjonar, i tillegg til nokre enkeltstående venner utanom. Det var ikkje noko vesentleg skilje mellom radværingane og

Meland-buarane på dette området. Eg vil komma nærmare inn på dette i analysen av kvar enkelt informant (avsnitt 4.4).

Det som skilde nettverka til informantane frå dei to kommunane, var at Meland-buarane såg ut til å ha ein større vennekrins enn radværingane. Meland-informantane hadde til saman 42 venner, altså eit gjennomsnitt på 10,5, medan Radøy-informantane hadde 26 venner, eller 6,5 i gjennomsnitt. Når det gjaldt familiemedlemene informantane hadde ført opp, var dette om lag like mange for dei to gruppene. Skilnaden på vennegruppa og familiegruppa til informantane er sjølvsagt at informanten sjølv ikkje kan gjera noko for å regulera storleiken på familien sin. Det var heller ikkje nokon markert skilnad på kor mange familiemedlemer utanom foreldre, søsken og besteforeldre informantane hadde teke med. Meland-buarane hadde tilsaman 27 nære familiemedlemer, medan radværingane hadde 28.


Når det gjaldt talemålet til nettverkspersonane, var det større skilnader mellom dei to kommunane. Her har eg delt kategorien som blei kalla stril/nordhordlandsmål i spørjeundersøkinga i to. Informantane blei tydeleg forklart at *stril* vil seia *tradisjonelt nordhordlandsmål* og *nordhordlandsmål* er eit talemål som ligg ein stad mellom tradisjonelt nordhordlandsmål og *bergensk* (sjå avsnitt 1.1).



Figur 10: Talemålet til informantane sine venner


9,5 prosent av Meland-buarane sine venner snakka stril, 38,1 prosent snakka nordhordlandsmål, 35,7 prosent snakka bergensk, medan 16,7 prosent hadde andre dialektar (sjå figur 10). Når det gjaldt radværingane, snakka 46,2 prosent stril, 11,5 prosent nordhordlandsmål, 23,1 prosent bergensk og 19,2 prosent andre dialektar. Her er det ikkje så store skilnader mellom kor mange som snakkar bergensk og kor mange som har andre

talemål. Den største skilnaden går mellom bruken av stril og nordhordlandsmål. Her ser ein at vennene til radværingane i større grad snakkar strilamål, medan vennene til Meland-buarane snakkar den meir moderate utgåva, nordhordlandsmål.



Figur 11: Talemålet til informantane sin familie

I Meland-buarane sine familiar snakka 33,3 prosent stril, 44,4 prosent nordhordlandsmål, 22,2 prosent bergensk, medan det ikkje var nokon som snakka andre dialektar (sjå figur 11). Ingen av radværingane sine familiemedlemer snakka nordhordlandsmål, men 60,7 prosent snakka stril, 10,7 prosent snakka bergensk, medan 28,6 prosent hadde andre dialektar. Også her ser ein eit tydeleg skilje mellom stril og nordhordlandsmål, der radværingane sine familiemedlem er dei som i størst grad snakkar strilamål.



Figur 12: Bustad til informantane sine venner

Når det gjaldt bustaden til vennene til informantane, var det ikkje noko tydelege skilje mellom Meland-buarane og radværingane her. Meland-informantane hadde 64,3 prosent av vennene sine i kommunen, 16,7 prosent i andre delar av Nordhordland, 7,1 prosent i Bergen og 11,9 prosent andre stader (sjå figur 12). Radværingane hadde 53,9 prosent av vennene i kommunen, 23,1 prosent i andre delar av Nordhordland, 15,4 prosent i Bergen og 7,7 prosent andre stader. Meland-buarane har altså litt større del av vennene sine i kommunen, medan radværingane har fleire venner i andre delar av Nordhordland og i Bergen. Meland-buarane har ein noko større del venner andre stader. Desse resultatane viser likevel småe skilnader mellom dei to kommunane, som ein ikkje kan trekkja nokon generelle slutningar ut frå.

Det tydelegaste skiljet mellom nettverka i dei to kommunane er altså talemålet til venner og familie. Meland-buarane har nettverk der ein hovudsakleg snakkar nordhordlandsmål eller bergensk, medan radværingane har høgare grad av strilamål i nettverka sine. Det er også eit skilje mellom storleiken på vennenettverka, der Meland-buarane har fleire venner enn radværingane.

4.3 Resultat frå teikneoppgåva – faktisk realisasjon av språklege variablar

Her vil eg sjå på bruken av språklege variantar av dei fire variabelgruppene eg presenterte i avsnitt 3.2.2.2 hos dei åtte hovudinformantane. Eg presenterer først tabellar som viser realisasjonane kvar av informantane har av kvar enkelt variabel (tabell 4–7), for så til slutt å visa kor stor gjennomsnittleg prosent kvar av informantane har av bergenske og nordhordlandske variantar av dei fire variabelgruppene (tabell 8).

Det var svært ulikt kor mange realisasjonar kvar informant hadde. Eg har likevel rekna ut prosenttal av realisasjonane, men eg har markert med ei stjerne i dei tilfella informanten hadde fem eller færre realisasjonar.

Tabell 4: Realisasjonar av variablar i variabelgruppe 1: Personlege pronomen (* tyder $n \leq 5$)

Informant	Strileformer	Bergensformer	Strileprosent	Bergenskprosent
Merete	1	1	*50,0 %	*50,0 %
Marit	1	11	8,3 %	91,7 %
Magne	1	35	2,8 %	97,2 %
Mons	1	32	3,0 %	97,0 %
Reidunn	14	0	100,0 %	0,0 %
Randi	6	0	100,0 %	0,0 %
Rune	0	13	0,0 %	100,0 %
Ragnar	3	2	*60,0 %	*40,0 %

Tabell 5: Realisasjonar av variablar i variabelgruppe 2: Presens av verb

Informant	Strileformer	Bergensformer	Strileprosent	Bergenskprosent
Merete	9	1	90,0 %	10,0 %
Marit	0	7	0,0 %	100,0 %
Magne	1	28	3,4 %	96,6 %
Mons	1	12	7,7 %	92,3 %
Reidunn	8	0	100,0 %	0,0 %
Randi	8	0	100,0 %	0,0 %
Rune	0	11	0,0 %	100,0 %
Ragnar	8	0	100,0 %	0,0 %

Tabell 6: Realisasjonar av variablar i variabelgruppe 3: a-mål/e-mål (* tyder $n \leq 5$)

Informant	Strileformer	Bergensformer	Strileprosent	Bergenskprosent
Merete	1	1	*50,0 %	*50,0 %
Marit	0	6	0,0 %	100,0 %
Magne	0	15	0,0 %	100,0 %
Mons	0	20	0,0 %	100,0 %
Reidunn	8	0	100,0 %	0,0 %
Randi	7	0	100,0 %	0,0 %
Rune	0	8	0,0 %	100,0 %
Ragnar	1	0	*100,0 %	*0,0 %

Tabell 7: Realisasjonar av variablar i variabelgruppe 4: Hokjønnsendingar (* tyder $n \leq 5$; ** tyder former som fell utanfor strilamål/nordhordlandsmål og bergensk)

Informant	Strileformer	Bergensformer	Strileprosent	Bergenskprosent
Merete	4	1	*80,0 %	*20,0 %
Marit	0	5	*0,0 %	*100,0 %
Magne	0	22	0,0 %	100,0 %
Mons	0	10	0,0 %	100,0 %
Reidunn	7	0	100,0 %	0,0 %
Randi	8	1	88,9 %	11,1 %
Rune	0	**3+2	**0,0 %	**100,0 %
Ragnar	6	0	100,0 %	0,0 %

Tabell 8: Gjennomsnittleg realisasjonsprosent av dei spåklege variablane

Informant	Gj.sn. strileprosent	Gj.sn. bergenskprosent
Merete	67,5 %	32,5 %
Marit	2,1 %	97,9 %
Magne	1,6 %	98,5 %
Mons	2,7 %	97,3 %
Reidunn	100,0 %	0,0 %
Randi	97,2 %	2,8 %
Rune	0,0 %	100,0 %
Ragnar	90,0 %	10,0 %

Alle informantane har ei sterk overvekt av realisasjonar av den eine typen. Reidunn, Randi og Ragnar har mellom 90 prosent og 100 prosent strileformer, medan Marit, Magne, Mons og Rune har mellom 97,3 prosent og 100 prosent bergensformer. Merete er den som i størst grad blandar saman strileformer (67,5 prosent) og bergenske former (32,5 prosent).

Desse resultatane stemmer godt overeins med dei resultatane som kom fram av spørjeundersøkinga²⁴ (sjå avsnitt 4.1). Reidunn og Randi har rapportert 100 prosent strileformer i spørjeskjemaet og har 100 prosent (Reidunn) og 97,2 prosent (Randi)

²⁴ Samanlikninga av desse tala kan visa eit litt skeivt bilete, fordi ein i spørjeskjemaet har moglegheit til å setja ring rundt to ulike realisasjonar av same variabel. Dette svaret blir då rekna til kategorien "begge" (sjå avsnitt 3.3.1). Når eg her snakkar om rapportering av strileformer og bergenske former frå spørjeskjemaet, vil ikkje denne kategorien vera med. Tala for rapportering kan då i nokre tilfelle vera litt lågare enn det som er tilfelle.

strilerealitasjon, Ragnar har rapportert 93,1 prosent strileformer og har 90 prosent strilerealitasjon. Den bergenske formen Ragnar bruker er *di* for DEI, og dette er også eitt av dei to bergenske formene han har sett ring rundt i spørjeskjemaet.

Dei fire informantane som har høg grad av bergensk realisasjon, har også svart at dei bruker flest bergenske former i spørjeskjemaet. Marit har rapportert 89,7 prosent bergenske former og har 97,9 prosent bergenske realisasjonar. Dei tilsvarande tala for Magne, Mons og Rune er 100 prosent rapporterte former kontra 98,5 prosent faktiske (Magne), 79,3 prosent kontra 97,3 prosent (Mons) og 96,6 prosent kontra 100 prosent (Rune).

Merete skil seg frå dei andre hovudinformatane fordi ho har sett ring rundt både strileformer og bergenske former for den same variabelen i nesten halvdel av tilfella i spørjeskjemaet. Det blir derfor vanskeleg å gjera ei statistisk samanlikning av tala frå spørjeskjemaet og tala frå teikneoppgåva når det gjeld ho (sjå fotnote 23). Det er likevel råd å sjå tendensane her. Merete har rapportert at ho varierer mykje mellom strileformer og bergenske former, noko ho også viser når ho snakkar, som vist i tabell 4–8.

Det er altså eit tydeleg skilje mellom informantane Marit, Magne, Mons og Rune som har eit bergensknært talemål, og Reidunn, Randi og Ragnar som har eit tilnærma tradisjonelt nordhordlandsmål. Merete bruker også flest strileformer, men skil seg likevel ut fordi ho varierer så mykje. Rune og Merete er valde ut som hovudinformatar nettopp fordi dei skil seg ut språkleg frå resten av informantane frå deira kommune. Om vi ser bort frå dei, er det eit markant skilje mellom talemålet til Meland-buarane og radværingane, der radværingane snakkar eit tilnærma tradisjonelt nordhordlandsmål og Meland-buarane har eit talemål som ligg tett opp til bergensk. Resultata viser i tillegg høg grad av samsvar mellom rapportert og faktisk språkbruk.

4.4 Presentasjon av hovudinformatane

Eg vil no presentera ei tolking av kvar av dei åtte hovudinformatane ut frå intervjuet som er gjort med dei. Samtalane med informantane er tolka ut frå fem tema som samsvarer med målsetjingane for denne oppgåva: *Språkleg kartlegging*, der eg ser på resultata frå spørjeskjemaet og frå talematerialet frå teikneoppgåva, og *nettverk og fritid*, der eg ser på nettverksskjemaet og intervjuopptaket. Når det gjeld dei tre siste temaa, har eg berre sett på intervjuopptaka. Desse temaa er: *Haldningar til eige og andre sitt talemål*, *haldningar til heimstaden* og *om Meland-buarar, radværingar, byfolk og strilar*.

4.4.1 Merete

Merete er 17 år og bur på Moldekleiv (sjå vedlegg 5, s.140) saman med begge foreldra og tre søstre.

4.4.1.1 Språkleg kartlegging

Noko av grunnen til at Merete blei plukka ut som informant, var at ho skilde seg språkleg frå dei andre Meland-informantane som var med i spørjeundersøkinga. Av dei 17 personane frå Meland var ho den som hadde sett ring rundt flest strileformer og færrest bergensformer. Ho var også den som hadde sett flest ringar rundt begge former av same variabel. Berre ho og to andre hadde skrive at dei ville kalla talemålet sitt for nordhordlandsmål eller stril.

Tabell 9: Opplysningar frå spørjeskjema, Merete

Talemål	nh-mål/stril
Strileformer	10
Bergensformer	5
Begge former	14

Opptaket av Merete sitt talemål viser dei same tendensane som resultatane frå spørjeskjemaet hennar. Dessverre blei det ikkje så mange belegg som ønskjeleg på eit par av variablane i opptaket, så særleg prosenttala som er merka med * bør ikkje vektleggjast noko særleg her. Tendensen kan likevel seiast å vera at ho bruker fleire strileformer enn bergensformer, men at bergensformene også opptre ein del. I tillegg vekslar ho mykje, slik ho har gjeve uttrykk for gjennom svara i spørjeskjemaet. Ho seier til dømes både *dei* og *di*, og ho seier *ligg* og *liggar*. Merete har skarre-*r* og tonelagsskilje.

Tabell 10: Realisasjonar av dei fire variabelgruppene, Merete (* tyder $n \leq 5$)


Variabelgruppe	Strileformer	Bergensformer	Strileprosent	Bergenskprosent
Pers.pronomen	1	1	*50 %	*50 %
Verb, presens	9	1	90 %	10 %
a-mål/e-mål	1	1	*50 %	*50 %
Endingar hokjønn	4	1	80 %	20 %

4.4.1.2 Nettverk og interesser

Far til Merete er frå ei lita bygd nær Frekhaug, medan mor hennar er frå Bergen. Ho har nesten alt av familie og nære venner i nærmiljøet. Dei einaste ho har ført opp i nettverksskjemaet som ikkje er frå nærområdet, er kjærasten frå Lindås og ei veninne som bur i Bergen. Det kjem fram i intervjuet at denne veninna er oppvaksen i frekhaugområdet.

Merete er svært engasjert i det kristne ungdomsarbeidet i Meland. Ho er leiar for ei gruppe med ungdommar, og ho deltek sjølv på forskjellige møte og tilstellingar. I tillegg trenar ho på treningsstudio i Knarvik. Ho har tidlegare spelt fotball på fleire ulike lag i Nordhordland, og også eit lag i bergensområdet.

Det er tydeleg at aktivitetane i det kristne miljøet er viktige for Merete. Dette kjem fram både ved at ho fortel at ho har viktige ansvarsområde og ved at ho viser entusiasme når ho snakkar om det.



Figur 13: Venner i Merete sitt nettverk²⁵

Merete fortel at ho har dei næraste vennene sine i kristenmiljøet på Frekhaug, men at ho utanom dette har mange venner ”[...] sånn rundt omkring.” Fleire av vennene i nettverket hennar kjenner kvarandre. Det kan altså verka som Merete har eit ganske tett nettverk. Alle personane i nettverket hennar snakkar anten stril eller nordhordlandsmål. Det viser seg etter kvart at når Merete snakkar om nordhordlandsmål kan dette også vera eit talemål som er svært likt bergensk. Dette gjer at det kanskje ikkje er så stor språkleg homogenitet i nettverket hennar som det kan sjå ut som.

4.4.1.3 Haldning til eige og andre sitt talemål

Merete seier fleire gonger at ho er språkleg forvirra. Det verkar som ho er fullstendig klar over at ho varierer språket sitt mykje, men at ho ikkje har noko tydeleg mønster for korleis ho gjer det. Ho seier at ho tilpassar seg den ho snakkar med, men ho kodevekslar likevel ikkje mellom to avklarte varietetar. Merete kjenner seg mest komfortabel med å snakka strilamål når ho er med andre som gjer det, til dømes faren, besteveninna og kjærasten, men ho legg

²⁵ Dei ulike fargane symboliserer ulike vennegrupper, der personane innom gruppa kjenner kvarandre. V1A tyder 'venn nummer 1, gruppe A'. Nummereringa er berre laga for oversikta si skuld. Forkortingane som står under dette, Nh, S, B eller A, viser talemålet til personen, og tyder *Nordhordlandsmål, strilamål, bergensk og anna*.

gjerne om til eit meir bergenskprega talemål når ho er med bergensktalande personar eller i meir formelle samanhengar. Ofte blir det til at ho snakkar "[...] nesten litt sånn midt på treet."

Merete meiner sjølv at noko av grunnen til at ho varierer språket så mykje som ho gjer er at ho har både foreldre og venner der nokon snakkar strilamål og nokon bergensk. "Eg kan slå om veldig lett, fordi pappa snakka ytterst stril og mamma e frå Fyllingsdalen".

Merete fortel at far hennar er veldig oppteken av heimstaden og talemålet sitt, og at han ikkje likar når ho har innslag av bergensk i talemålet sitt.

Med pappa, då, viss han, viss eg, viss eg for'sempel seie "flo og fjære", då, sant, då e da jo heilt på tryne. Ellar "være", viss eg siar "være", "å være", då.

Samtidig blir ho også korrigert av ei veninne som snakkar meir bergenskprega enn Merete, fordi ho synest Merete "rotar" med språket.

[...] honn berre syns det e rart at eg snakka litt sånn, at eg rota så felt, sant. For det ho bare "å, det e sånn merkelig i ørene, for du har alltid snakt sånn", og så har eg ikkje snakt sånn, og så. Sant, veldig sånn typisk.

Merete skil seg ut språkleg frå dei andre Meland-informantane. I spørjeskjemaet har ho rapportert mange fleire strile- og blandingsformer enn dei andre, og det er tydeleg når ho snakkar at hennar talemål er ulikt dei tre andre hovudinformantane frå Meland. Det kan sjå ut som det er særleg tre personar som gjer at ho held såpass mykje på strilamålet som ho gjer. Dette er far hennar, besteveninna og kjærasten. Ho skildrar talemålet deira på desse måtane:

[...] pappa snakka ytterst stril [...] ho som eg e aller, aller mest med [...], ho snakka heilt stril, sånn dønn [...] veldi sånn stril. Eikanger-stril" (kjærasten).

Ho snakkar særleg mykje om faren og om veninna, og det verkar som ho ser opp til begge, noko som sannsynlegvis gjer at ho blir påverka av korleis dei er, kva for haldningar dei har, og også korleis dei snakkar.

Det ser ut som nokon av informantane har ei ganske snever oppfatning av kva som er bergensk. Dette fører til at det som kan høyrast ut som bergensmål blir kalla nordhordlandsmål. Merete seier dette om talemålet til ei veninne:

Merete: Ho snakke mær sånn, ja vet'kje, sånn nordhordlandsmål. Sånn typisk, ja, skrivar bokmål og siar "eg" og "issje", men ikkje så mykje mær liksom.

Intervjuar: Ja, kva meiner du då? At det er nesten som bergensk, eller?

Merete: Ja, egentlig. Ja, det er jo ikkje sånn. "Eg vet isje" og "hassje du gjort det" og sånn veldig sånn typisk, ja. "Ka" og "kæmm".

Intervjuar: Men du tenkjer ikkje på at det er bergensdialekt likevel, eller?

Merete: Nei. Nei, nei, nei. Tro'sje det. Då tenkar vi mer sånn fint, sånn "jeg" og "ikke" og "hvorfor" og sånn, men det siar jo issje vi.

Intervjuar: Men [det]

Merete: [Nei], eg vet det, vet at det issje e sånn, men det e liksom typisk sånn Fana og, sånn ty..., ja. Borti der og sånn, så det e jo. Det e litt sånn forskjellig ka du tenkar på bergensk, det e jo sånn "kæmm" og "kor" og litt sånn. Ja, vet'sje helt, det e vanskelig å skille di syns eg.

Merete har rangert radværingane som dei som snakkar mest stril når ho har svarte på spørsmål 3 i spørjeskjemaet (sjå avsnitt 3.2.1.1). Ho stadfestar dette synet når eg spør ho om det, og seier at ho merkar det på dei i klassen hennar og på eit søskenpar ho kjenner gjennom kristenmiljøet.

Merete verkar positiv til både strilamål og bergensk, noko som er naturleg når ho har eit talemål som kan likna begge desse. Ho seier også at ho synest stavangermål, kristiansandsdialekt og delar av oslomålet er fint, men at trøndersk er "[...] grusomt stygt [...]", og at ho ikkje liker "[...] sånn Bærum [...]".

4.4.1.4 Haldning til heimstaden

Merete bur på Austebygd, søraust i Meland kommune. Ho er den av dei åtte hovudinformantane som tydelegast gjer uttrykk for at ho er stolt av heimlassen sin. Moglegvis har far hennar påverka ho ein del også på dette området.

Intervjuar: Føler du på ein måte, er du stolt av der du er frå?

Merete: Ja visst, klart eg er stolt ovar det, ja ja visst, visst. Nei, eg har en far som, som i alle fall e stolt av da, for å sei da sånn, så eg, e klart det, eg har alltid, lika meg godt eg, eg e i grunn, eg e ikkje den som lengtar inn til sentrum og sånn. På den måten, så eg syns det e bra å bu her eg bur, eg.

Merete fortel at Austebygd er ei såpass lita grend at alle veit kven alle er. Ho skildrar først dette som positivt, men seier også at det kan bli "[...] litt sånn sladrebygd [...]".

Når eg spør Merete om kva ho ville ha sagt dersom ho skulle presentera seg for folk frå heile landet, seier ho at ho ville sagt at ho kom frå Bergen. Til bergensarar ville ho sagt at ho kom frå "[...] Frekhaug og Holsnøy og, liksom den veien." Ho meiner det er få som veit kor Meland er, men ho fortel at mange i det kristne miljøet i heile Noreg veit kor Frekhaug er. Det verkar som kristenmiljøet på Frekhaug er veldig stort i forhold til innbyggjartalet. Merete fortel om eit stemne dei pleier å reisa på i Stavanger, der dei er fleire frå Frekhaug enn det er frå fleire av dei store byane.

Merete er positiv til å bu i området som vaksen, men skal truleg studera nokre år i Bergen først. Ho har også planar om å gå eit år på folkehøgskule ein annan plass i landet. Ho

ville ikkje hatt noko i mot å bu ein heilt annan stad, til dømes i utlandet, men då måtte det vera for ein kortare periode. Ho avsluttar temaet med å seia ”Nei, eg blir sikkert gammal på Meland sjukeheim eg òg”.

4.4.1.5 Om Meland-buarar, radværingar, byfolk og strilar

På spørsmål om ho hadde høyrte at nokon hadde sagt noko fleipande om radværingar, svarte Merete med ein gong, og med stor overtyding:

Merete: Ja, visst! Det e jo raddisane. Di e jo, klart me har, det gjer heile tie det. Det e jo'kje, ingen tvil. Det e jo raddisane som e verst. Alltid dei.”

[...]

Intervjuar: Men kva, for eksempel kva er, kva er det folk seier då, som er typisk for ein radværing, eller raddis?

Merete: Ja, ka ska sei? Nei, di e jo typisk sånn grautamål, då. Veldig sånn, at di e litt sånn grautandes og brøytandes. At du tenke, det e da du, det e da du forbinde med radværinga.

Intervjuar: Ja, utanom dialekten og, altså? [Bare sånn, sånn] dei er?

Merete: Ja, ja, [sånn utnom], sånn raddisa, liksom. Litt sånn frekk i kjeften og, det e litt sånn raddisa.

Det er tydeleg at dette temaet er noko Merete både har høyrte snakk om frå andre, og samtidig noko ho kan seia sjølv. Det er ikkje like lett å vita kva synet på deg sjølv er, men eg spurde likevel om ho trudde at det eksisterte liknande førestellingar om Meland-buarane.

Intervjuar: Nei, men føler du dei (radværingane) seier liknande ting om oss (Meland-buarane) då?

Merete: Eg ha'kje hørt nåke då. Ha'kje hørt 'melandfolk', nei nei nei. Neida, det e raddisane så e verst, sånn e da berre.

4.4.1.6 Samanfating av samtalen med Merete

Merete er veldig engasjert i det kristne miljøet på Frekhaug. Ho har dei fleste fritidsaktivitetane og vennene i nærmiljøet og ho viser tydeleg at ho er stolt av heimstaden sin. Ho ser det som sannsynleg at ho kjem til å busetja seg der ein gong etter at ho er ferdig utdanna. Talemålet hennar skil seg frå dei andre Meland-informantane ved at ho varierer meir og bruker fleire strileformer. Alle vennene til Merete snakkar stril eller nordhordlandsmål og fleire av dei kjenner kvarandre. Nettverket hennar er tett i forhold til dei fleste andre informantane sine nettverk.

4.4.2 Marit

Marit er 18 år og bur på Skurtveit (sjå kart i vedlegg 5) saman med begge foreldra og ein bror på 13 år. Ho er den av Meland-informantane som bur lengst frå Bergen.

4.4.2.1 Språkleg kartlegging

Marit har kryssa av for 26 bergensformer i spørjeskjemaet. Dette er mykje i forhold til gjennomsnittet i Nordhordland, men heilt normalt i forhold til dei andre informantane frå Meland. Ho blei plukka ut som ein av hovudinformatane fordi ho var den som budde lengst nord i Meland kommune, altså lengst vekk frå Knarvik og Bergen.

Tabell 11: Opplysningar frå spørjeskjema, Marit

Talemål	blanding
Strileformer	1
Bergensformer	26
Begge former	2

Informasjonen frå spørjeskjemaet hennar stemmer godt med korleis ho snakkar i intervjuet. Ho bruker omtrent berre bergensformer. Berre ein gong seier ho ”ho”, medan ho seier ”honn” elleve gonger. Når det gjeld dei andre variablane bruker ho utelukkande bergensformene. Marit har i tillegg skarre-*r* og tonelagsskilje.

Tabell 12: Realisasjonar av dei fire variabelgruppene, Marit

Variabelgruppe	Strileformer	Bergensformer	Strileprosent	Bergenskprosent
Pers.pronomen	1	11	8,3 %	91,7 %
Verb, presens	0	7	0 %	100 %
a-mål/e-mål	0	6	0 %	100 %
Endingar hokjønn	0	5	0 %	100 %

4.4.2.2 Nettverk og interesser


Mor til Marit er frå ei lita grend nær Frekhaug og far hennar er frå Masfjorden. Ho fortel at foreldra snakkar nordhordlandsmål. På same måte som Merete, bruker Marit ulike gradar av strilamål når ho skal forklara dialekten til foreldra:

[Det e] nordhordlandsdialekt. Egentlig ja. Det e jo mer, det e mer stril enn meg, men det e jo 'sje, det issje dyppt stril liksom, så det. Nei.

I nettverksskjemaet har ho ført opp nordhordlandsmål på seg sjølv, foreldra og broren, medan ho har skrive at dei to bestemødrene hennar snakkar stril.

Marit har ein stor vennekrins, men få av dei er frå nærområdet. I nettverksskjemaet har ho skrive opp 15 venner frå 10 ulike kommunar. Fem av desse er frå Meland kommune, men

berre ein av dei bur i hennar skulekrins. Marit har altså ingen vennegjeng som ho har vakse opp saman med. Ho har i staden fleire smågrupper av venner, og nokre enkeltstående. Den største gruppa, gruppe A, er på seks personar inkludert ho sjølv. Det spesielle med denne vennegruppa er at berre to av dei bur i same kommunen som Marit.



Figur 14: Venner i Marit sitt nettverk

Det er stor spreing i Marit sitt nettverk både geografisk og språkleg. Ho har venner over heile landet, samtidig som dei vennene ho har i nordhordlands- og bergensområdet bur i ulike delar av desse områda. Ho seier sjølv at vennene hennar bur veldig spreidd, og at dette er noko som har hendt særleg etter at ho byrja på vidaregåande.

På fritida driv Marit med kickboksing. Ho reiser til Bergen opp til to gonger i veka saman med ein kamerat frå Holme for å driva med dette. Om vinteren står ho ein del på snowboard. Ho jobbar også deltid på bensinstasjonen på Frekhaug og ho er med i russetyret på skulen.

Etter den vidaregåande skulen har Marit planar om å anten jobba fulltid på bensinstasjonen eit år eller å vera i militæret. Ho seier at ho har lyst til å gjera noko anna enn å gå på skule i alle fall. Etterpå vil ho gå reiselivslinja på Handelsinstituttet.

4.4.2.3 Haldning til eige og andre sitt talemål

Marit ser på talemålet sitt som ein blandingsdialekt som liknar på bergensk. Ho seier at ho sjølv snakka slik som foreldra då ho var yngre, men meiner at ho blei påverka veldig tidleg av venner.

Intervjuar: Du har jo skrive (i spørjeskjemaet) at du snakkar ein slags blanding, sant? Og så har teke ring rundt eigentleg veldig mange sånn bymålsord eller bergensord, så. Synest du det stemmer eller?

Marit: Det gjør egentlig det, for det eg snakket, tror eg, i barnehagen og sånn, så snakket eg ganske nynorsk. Men bestevenin'n min fra den tidn då, honn snakket bergensk. Det tror eg har fått all innflytelsn fra der då. Så eg tror honn smittet meg mye der. Eg snakket issje så, så mange bergensord holdt eg på te si, før som då.

Intervjuar: Men var det ganske sånn tidleg, eller var det på ungdomsskulen, eller?

Marit: Nei, det va sikkert første årene på barneskolen egentlig. Så eg har jo snakket sånn en stund no.

Undersøkinga Light Bergensk (Birkeland 2005) viste at ungdommar på Rossland som snakka svært likt bergensk, likevel ikkje ville kalla talemålet sitt for bergensk. Dette ser ut til å gjelda for Marit også, så eg ville prøva å finna ut korleis andre såg på talemålet hennar.

Intervjuar: Men, oppfatt-, eller viss du snakkar med folk frå andre plassar, tenkjer dei at du er frå Bergen då, trur du, eller? Har du fått kommentarar på at du har bergensdialekt eller?

Marit: Eh (...) tenkar vel sånn at eg snakkar *litt* annarledes enn bergensk. Di vil vel si stril ellar sånn, for det e sånn, alt som kårmar utnfor Bergen e jo stril i, i andre sine, ellar di fra Bergen og utnfor sine øyne då. Så di siar vel mer at eg snakkar sånn blanding, slostril så di kallar det [LATTER]. Så det, ja.

Intervjuar: Ja, men synest, synest du at du har, har veldig forskjellig dialekt frå bergensk?

Marit: Egentlig issje, altså fra sånn, sånn som du tenkar, sånne gamle damar som snakkar sånn skikkelig pent bergensk, så e det jo veldig forskjellig. Men sånn fra vennar og ungdommar og sånn som eg kjennar i byn, så syns eg issje det e så veldig forskjellig egentlig. Di snakkar vel, di snakkar'sje reint bergensk di hellar egentlig. Sånn sett, viss man tenkar på opprinnelig bergensk.

Intervjuar: Ja, tenkjer du på sånn, sånn fint [på ein måte]?

Marit: [Ja], sånn dannet bergensk ellar sånn.

På same måte som Merete, har Marit ei oppfatning av at det som er ekte bergensk er det som gjerne blir kalla *høgstatusbergensk* (sjå avsnitt 1.6.2). Marit ser ikkje på sitt talemål som bergensk, men seier likevel at talemålet hennar er ganske likt slik som vennene hennar i Bergen snakkar.

Marit er nøgd med måten ho snakkar på sjølv, og seier at ho ikkje slår om til andre dialektar. Det kjem tydeleg fram at ho er mykje meir positiv til bergensk enn til strilamål.

Intervjuar: [...] er det nokon situasjonar du synest at anten bergensk eller strilamål passar dårleg inn?

Marit: Det e utr-, eg syns det e utrolig plagsomt å se på tv med folk som snakkar stril, egentlig. Det, altså det blir så tungvint då syns eg, og så gammaldags, og sånn der NRK-språk, egentlig. Men det, eg syns det e veldig tøft når di har programledare og sånn som snakkar bergensk då. For du hører hele tidn den der østlandsken, og. Når det då endelig kommar noen som snakkar bergensk, så e det veldig sånn "åi, di snakkar bergensk", liksom, så. Det syns eg e bare bra egentlig.

Marit meiner Meland-buarane er meir påverka av bergensk enn radværingane er, og utan at eg spør ho om det, forklarar ho dette med at det er så mange innflyttarar i Meland i forhold til Radøy. Om talemålet i Meland seier ho:

Marit: (...) Og det e jo, det e jo stril, men det e jo, eg syns det e en del innflyttare der og. Det er jo alle di der feltene utovar, og der e det jo så mye byfolk og, og sånt. Det e liksom litt sånn som Knarvik, som, sånn blandingsplass egentlig. I forhold til di andre i hvertfall.

Intervjuar: Trur du det er spesielt mange innflyttarar i Meland?

Marit: I forhold til sånn som Radøy vil eg tro det, ja. Der e det jo, altså du merkar jo det. Det e mye flere hus som kommar opp i løpet av et år i Meland enn på Radøy og sånt, så.

4.4.2.4 Haldning til heimstaden

Marit kjem frå Skurtveit, som er ei lita grend om lag 15 kilometer nord for Frekhaug. Ho meiner Skurtveit og rosslandsområdet er ein god plass å veksa opp, og at ho trivst godt, men ho viser lite teikn på at ho kjenner noko særleg tilknytning eller stoltheit til plassen.

Intervjuar: Føler du deg, er du på måte stolt av å komma der frå? Føler du ein slags tilknytning til plassen?

Marit: Issje noe sånn spesielt egentlig. Det e'sje noe eg tenkar ovar at eg e der i fra, sånn. Altså, det e jo plassn eg e født på, så det e jo. Det blir jo sånn at viss eg hadde flyttet, så hadde eg savnet, men det e mer kanskje akkurat huset og, akkurat eiendommen liksom. Det e issje selve Skurtveit og hele nabolaget og sånt, så. Så det e'sje sånn spesielt.

Eg har dessverre ikkje fått med nokon opplysningar om Marit kunne tenkja seg å bu på Skurtveit eller i Meland kommune som vaksen, men det er likevel fleire ting ho seier som tyder på at ho heller vil bu i meir sentrale områder. Ho kjenner liten tilknytning til heimstaden, har ingen fritidsinteresser som går føre seg der, ho har lite venner i nærområdet og ho har ønske om å studera reiseliv. Interessene hennar er typisk urbane. Ho meiner strilamålet er "tungvint" og "gammaldags", medan ho er positiv til bergensk talemål. På spørsmål om kva ho ville sagt dersom ho skulle presentera seg for ei gruppe med personar frå heile landet, seier ho at ho ville sagt ho kom frå Bergen.

4.4.2.5 Om Meland-buarar, radværingar, byfolk og strilar

Marit har mykje å seia om radværingane. Når eg spør om ho synest det er noko skilnad på folk frå Meland og folk frå Radøy seier ho først at det sikkert ikkje er det. Men så føyer ho til at dei ho kjenner eller veit om frå Radøy er

[...] kanskje sånn gjennomsnittlig litt harray. Det e sånn Volvo-kjørende menneskar som diggar å skru bil og sånn [...]

Ho seier også at dei har annleise festar på Radøy enn ein har andre stader. Når eg spør kva ho meiner med det, forklarar ho det på denne måten:

Nei, det e egentlig mer sånn, du følar at når det e en fest hjemme hos noen der, så e det sånn at alle naboar og sånn kommar, selv om di e sånn der fjortn og sånt, så det. Eg følar at ungdommene hengar mye mer sammen der. Kanskje det e for det at det e litt sånn øde plass egentlig. Så det kommar liksom, alle kjennar alle og sånn. Veldig tett plass egentlig, sånn eg har oppfattet det hvertfall.

Marit kan også fortelja om ting ho meiner blir sagt om radværingar som er av ein meir fleipande type:

Nei altså, di har, di siar jo alltid at radværingar har hår undar tungen og rød flekk på magen og håndtak i ryggen og sånne ting. Så det e jo litt sånne stygge ryktar så går om di då. At di issje e helt skikkelig i hodet og sånn. Men di e jo, di e jo sikkert som oss holdt eg på til å si. Som alle andre plassar fra.

4.4.2.6 Samanfatning av samtalen med Marit

Marit er den av informantane som har størst vennenettverk, og desse vennene bur i alle kantar av landet. Det verkar som det er lite som knyter Marit til heimstaden. Verken interessene hennar eller dei fleste av vennene er i nærområdet. Marit synest strilamålet er gammaldags og tungvint, medan ho synest det er flott å høyra på bergensdialekt. Sjølv har ho eit talemål som ligg tett opp til bergensk, men kallar det ein blandingsdialekt. Det kan verka som Marit er meir positiv til det urbane og det bergenske enn til det som kan knyttast til heimstaden hennar.

4.4.3 Magne

Magne er 18 år og kjem frå Frekhaug (sjå kart i vedlegg 5), kommunesenteret i Meland. Der bur han saman med begge foreldra og tre søsken.

4.4.3.1 Språkleg kartlegging

Magne var ein av fire informantar frå Meland som både hadde kryssa av utelukkande for bergensformer og som også kalla talemålet sitt for bergensk.

Tabell 13: Opplysningar frå spørjeskjema, Magne

Talemål	bergensk
Strileformer	0
Bergensformer	29
Begge former	0


Intervjudelen der Magne og Mons snakka saman varte veldig lenge i forhold til dei tilsvarande samtalan til dei andre informantane. Dette gjorde at det blei mange belegg på alle variablane. Magne hadde til saman tre strilerealisaasjonar av dei fire variabelgruppene. Dette var *ho* for HO, *sitt* for SIT og *håppa* for HOPPAR. Variabelen HO blei realisert som *honn* 23 gonger, variabelen SIT blei realisert som *sittar* to gonger og variabelen HOPPAR blei realisert som *håppar* to gonger. Utanom dette bruker han endinga *-ar*, *-er* eller *-ær* i presens av sterke verb 10 gonger. Dette kan tyda på at dei tre tilfella av strilerealisaasjon ikkje tyder at dette er ein del av eit fast mønster. Det er også mogleg at han bruker strileformene som eit slags tullepråk, på same måte som når han slår om til austlandsk to gonger når han seier *ja*, *supert*. Magne har skarre-*r* og tonelagsskilje.

Tabell 14: Realisaasjonar av dei fire variabelgruppene, Magne

Variabelgruppe	Strileformer	Bergensformer	Strileprosent	Bergenskprosent
Pers.pronomen	1	35	2,8 %	97,2 %
Verb, presens	2	27	6,9 %	93,1 %
<i>a</i> -mål/ <i>e</i> -mål	0	15	0,0 %	100,0 %
Endingar hokjønn	0	22	0,0 %	100,0 %

4.4.3.2 Nettverk og interesser

Mor til Magne er oppvaksen på Karmøy og far hans er frå Frekhaug. Han seier at foreldra snakkar ”ganske stril”, men at det ikkje har påverka ungane noko særleg. Dei fleste av vennene hans bur i nærområdet og snakkar bergensk.



Figur 15: Venner i Magne sitt nettverk²⁶

På fritida spelar Magne fotball på det lokale fotballaget. Han er også aktiv i det kristne miljøet på Frekhaug og er gjennom dette venner med Merete. Ho er den einaste av vennene han har ført opp i nettverksskjemaet som han har skrive at snakkar norhordlandsmål. Magne jobbar også deltid på ei lokal bedrift.

Etter vidaregåande har Magne lyst til å studera i Bergen. Han har tenkt på å ta pilotutdanning etter kvart, men det verkar ikkje som han er så bestemt på dette enno.

4.4.3.3 Haldning til eige og andre sitt talemål

Magne meiner han snakkar bergensk, og at "alle på Frekhaug" på hans alder gjer det same. Dette er noko han har høyrte frå andre også.

Intervjuar: Har du fått nokon kommentar nokon gong på, på din dialekt, frå andre som kjem frå andre plassar eller sånn?

Magne: Har hørt fra di i klassn fra Knarvik, som siar, for det di har jo, di har litt mer dialekt enn eg har. Og di har ofte sagt at vi snakkar liksom veldig bergensk på en måte.

Intervjuar: Kven "vi", tenkjer du?

Magne: Vi i fra Frekhaug liksom.

Han meiner samtidig at folk snakkar meir dialektnært med ein gong ein kjem litt utanfor frekhaugområdet. På ungdomsskulen, då fleire skular blei slått saman, kunne han merka på talemålet til folk om dei kom frå Frekhaug eller litt utanfor.

Magne seier han varierer lite i måten han snakkar på. Det einaste er viss han snakkar med nokon i litt meir formelle samanhengar, at han gjerne snakkar litt "finare bergensk". Han nemner som døme når det ringjer folk frå Oslo som skal snakka med faren i jobbsamanheng.

²⁶ Gruppe CD tyder at personen høyrer til i både gruppe C og D.

Når eg spør Magne om han synest det er forskjell på folk frå Radøy og folk frå Meland seier han, utan at eg har spurd direkte om talemål, at ”Di har hvertfall an dialekt”. Han har vanskeleg for å setja ord på kva som er forskjellen, men forklarar det slik: ” Det e mer, mer sånn dialektpreg, at di har sterkare sånn der, vet’sje helt, eg e’sje så flink med dialekt på Radøy akkurat, men.”

Magne har ikkje noko spesielt i mot verken strilamål eller bergensk, men det verkar som han likar bergensk best. Når eg spør kva han synest om strilamål seier han: ”Vet’sje. Det e no helt grei-, ville issje snakket sånn sjøl.” Han seier også at det kan vera litt morosamt om nokon snakkar ”veldig strilamål”.

4.4.3.4 Haldning til heimstaden

Det verkar som Magne er glad i heimstaden sin. Han seier han kunne tenkja seg å overta huset til foreldra etter kvart, og meiner Frekhaug er ein veldig bra plass å bu og å veksa opp på.

Intervjuar: Er du på ein måte stolt av å komma frå Frekhaug? Føler du noko sånn tilknytning til plassen?

Magne: Ja, egentlig litt stolt ovar det. For det, syns det e grådig grei plass og, det e no (...), ja, vet issje ka eg ska si no egentlig.

Han seier også at det er mykje kjekke folk i området og at det er mykje som skjer. Magne er positiv til å busetja seg i frekhaugområdet som vaksen. Han har allereie no planar om å overta huset til foreldra.

Magne seier at han ville sagt han kom frå Bergen om han var i ei gruppe med folk frå heile landet. Om forsamlinga kom frå nærmare område, til dømes ulike delar av Hordaland, ville han sagt han kom frå Frekhaug.

4.4.3.5 Om Meland-buarar, radværingar, byfolk og strilar

Magne har ikkje så mykje å seia om radværingar, utanom at han veit at dei blir kalla ”raddisar”. Han seier at det gjerne blir sagt med ein ”[...] litt sånn nedverdige stemme”.

4.4.3.6 Samanfatning av samtalen med Magne

Magne har dei fleste interessene og vennene sine i nærområdet. Han har mykje positivt å seia om heimstaden sin, og seier han kan tenkja seg å bu der som vaksen. Magne meiner han snakkar bergensk, og at det er dette som er det vanlege på Frekhaug. Han er nøgd med dialekten sin, men synest det kan vera litt komisk å høyra på strilamål.

4.4.4 Mons

Mons er 18 år og bur i Holmefeltet (sjå kart i vedlegg 5) saman med mora og stefaren. Far til Mons og stemora hans bur i bergensområdet. Mons er einebarn.

4.4.4.1 Språkleg kartlegging

Spørjeskjemaet til Mons skil seg lite frå svara til dei andre Meland-informantane. Han har rapportert at han bruker mange bergensformer og få strileformer (sjå tabell 15). Han skriv at han snakkar ”Hov.saklig bergensk, stril etter kem eg snakker med.” I samtalen med Mons kjem det fram at han stort sett berre snakkar stril når han leikar med to yngre fettrar.

Tabell 15: Opplysningar frå spørjeskjema, Mons

Talemål	Hovudsakleg bergensk ²⁷
Strileformer	1
Bergensformer	23
Begge former	5

Resultatet av intervjuet med Mons viser dei same tendensane som resultatet frå spørjeskjemaet. Han har til saman 76 belegg på dei fire variablane, og berre to av desse er realiserte som strileformer. Dette er *ho* for HO, og *hoppa* for HOPPAR. Når det gjeld *ho* verkar det ikkje som om dette er vanleg, for han seier *honn* 28 gonger. Han har også *-ar*-ending i dei elleve andre tilfella av verb i presens. Mons har skarre-*r* og tonelagsskilje.

Tabell 16: Realisasjonar av dei fire variabelgruppene, Mons


Variabelgruppe	Strileformer	Bergensformer	Strileprosent	Bergenskprosent
Pers.pronomen	1	32	3,0 %	97,0 %
Verb, presens	1	12	7,7 %	92,3 %
a-mål/e-mål	0	20	0,0 %	100,0 %
Endingar hokjønn	0	10	0,0 %	100,0 %

4.4.4.2 Nettverk og interesser

Sju av dei åtte vennene Mons har ført opp i nettverksoversikta si bur i vestbygdområdet, og fire av desse bur i same byggjefeltet som han. Seks av vennene snakkar bergensk, ein snakkar austlandsk og ein snakkar delvis austlandsk og delvis bergensk. Mons har altså ingen venner som snakkar stril eller nordhordlandsmål, slik han ser det. Mons er den einaste av hovudinformantane der alle dei nære vennene er av same kjønn som han sjølv.

²⁷ Heile sitatet er: ”Hov.saklig bergensk, stril etter kem eg snakker med”.

Heller ikkje Mons ser ut til å ha ein stor vennegjeng der 'alle kjenner alle'. Han har budd to andre stader i vestbygdområdet før han flytta der han bur no. Den eine staden budde han frå han var to til han var ti år, og han seier at nokre av dei nære vennene sine blei han kjent med då han budde der.



Figur 16: Venner i Mons sitt nettverk

Familien til Mons kjem frå to små grender i vestbygdområdet, men far hans bur i bergensområdet no. Mons fortel at han har hatt særleg mykje kontakt med mormora og morfaren då dei levde. Han har også skrive opp fleire onklar og ein fetter i nettverksskjemaet, noko som tyder på at han har sterke band til familien. Fetteren er på same alder som han, og er også ført opp som venn. Mons snakkar også mykje om to yngre fettrar som han pleier å leika med, men som ikkje er tekne med i nettverksskjemaet.

Talemålet til familiemedlemma er meir heterogent enn det er blant vennene. Fetteren og stefaren snakkar bergensk og dei andre sju personane snakkar anten stril eller nordhordlandsmål. Mons har skrive at mor hans snakkar nordhordlandsmål/stril og at far hans snakkar nordhordlandsmål. Onklane, farmora og stemora snakkar stril.

Mons var ikkje så veldig oppteken av å fortelja om kva han dreiv med på fritida.

Intervjuar: [...] Kva, kan du fortelja litt om kva du held på med på fritida?

Mons: Skolearbeid, fotball. Ja. Spillar fotball med han (det eigentlege namnet til Magne)
[...]

Intervjuar: Å ja. Kvernbit?

Mons: (Nikking) Pleier no være med vennar og sånn, det vanlige. Issje noe sånn ekstraordinært.

Når eg spør han litt seinare om han pleier å reisa ut av kommunen for å treffa folk eller å delta på ulike aktivitetar seier han: ” Nei, issje så mye. Issje noe nevneverdig ialfall.”

4.4.4.3 Haldning til eige og andre sitt talemål

Til liks med det han har skrive i spørjeskjemaet, seier Mons at han snakkar hovudsakleg bergensk. Han seier at når det gjeld strilamål, så bruker han "[...] et ord ellar to, ellar kanskje siar en setning, og litt ettar ken eg snakkar med." Han nemner ein spesiell situasjon der han slår heilt om, men dette er ikkje noko han gjer i andre situasjonar. Dette er berre når han leikar saman med to yngre fettere.

Mons har sterke meiningar om skriftspråk. Han misliker bokmål seier han, men bruker likevel nokre av dei orda han misliker når han snakkar.

Mons: Eg likar'sje *mye*. Eg hatar det. Sånn der *ikke* og *mye* og, nei det e ekle ord. (...) eg likar *mykje* mye mer enn *mye*.

Intervjuar: Litt for fint?

Mons: Nei, eg likar'sje. *Ikke* iafall, det e et ord eg hatar. Vrengar meg hver gang eg skrivar sidemålsstil og må skrive *ikke*.

Intervjuar: Å ja, likar du betre å skriva [nynorsk]?

Mons: [Og *jeg*], *jeg* og *ikke*. Ja, eg har nynorsk hovedmål. Eg syns det e mye bere. *Ikke* og *jeg* e forferdeli.

Mons er klar over at han som oftast bruker *mye* i talespråk, men meiner det er verst når ein skriv det.

Mons er i ein liknande situasjon som Marit og Magne. Alle tre har foreldre som snakkar noko som dei skildrar som eit moderat strilamål, og har sjølv eit talemål som ligg nært opp til bergensk. Marit meinte ho blei påverka allereie i barnehagen, noko Mons også seier at han blei.

Intervjuar: [...] Men når du var yngre og sånn, har du alltid snakka på same måte?

Mons: Nei, snakket sik-, eg snakket mer stril før tror eg. Men det var tidlig, sikkert i barnehagen og sånt at, men så, barnehagen har en påvirkning på deg på mange rare måtar. Du lærar mye ugagn der. Så, men det har vel noe med at blynte å snakke mer bergensk og tror eg.

Når Mons skal vurderer om han liker eit talemål eller ikkje, verkar det som det viktigaste er at det er lett å forstå det. Han seier at han sjølv prøver å tilpassa seg litt når han snakkar med folk frå andre kantar av landet.

Mons meiner det er meir strilamål i Radøy enn i Meland. Han har også ein del meiningar om korfor det er slik utan at eg spør han om det.

Mons: Nei, di e litt mer sånn, vet'sje ka du ska si. Striladialekt?

Intervjuar: Kor er det?

Mons: På Radøy? E'sje di litt mer sånn konsekvent? Du har fått mer innflytting i Meland, sånn at folk snakkar mer bergensk. Enn du har fått der ute tror eg.

Intervjuar: At innflytterane i Meland snakkar meir bergensk eller, [eller at alle]?

Mons: [Ja, at], ellar at det kommar flere innflyttare fra Bergen og flyttar der til, og issje te Radøy. At då blir mer påvirkning, at då snakkar di mer bergensk der enn ka di gjør på Radøy. På grunn av sikkart distansn og reisen til byn viss di jobbar der og noe sant. No e det jo folk så flyttar der fra byn, for å bo på landet og sånn så det. Har vel noe med det å gjøre.

Desse meiningane er mykje av dei same som Marit har (sjå avsnitt 4.4.2).

4.4.4.4 Haldning til heimstaden

Mons svarar veldig nøytralt når det blir snakk om han trivst på heimplassen og om han er stolt av å komma der frå.

Intervjuar: Kva synest du om, om området då? Altså...

Mons: Nesj, syns det e greit. Ingen innvendingar mot det egentlig.

[...]

Intervjuar: (...) Men tenkjer du på ein måte at du er stolt av å komma frå der som du kjem frå?

Mons: Ha'sje tenkt så mye på det egentlig. Syns det e helt greit. Ha'sje noe problemar med det egentlig, sånn sett.

Det ser likevel ut som Mons er glad i heimplassen sin. Han bruker omtrent all fritid i nærområdet, og han har ikkje planar om å bu nokon annan stad som vaksen. Han har ingen planar om å reisa vekk for å studera. Han har ikkje nokon faste planar, men seier at han kanskje tek eit friår og så byrjar på Handelshøgskulen i Bergen.

Det kan verka som Mons har ein litt tøff og likesæl måte å svara på generelt, noko som gjer at det han seier kan vera litt underdrive. Han viser lite positive kjensler, og det ser ut som han har lettare for å visa engasjement når han er negativ til noko. Dette sitatet, der han svarar på om han vil busetja seg i nærområdet som vaksen, viser ein typisk måte for Mons å formulera seg:

Må nesten ta det så kommar. Nei, plassen e'sje noe nevn-, e'sje sånn at du må flykte fra han, at du vil ende opp en an plass. Det e jo helt greit om eg måtte bo der. Treng'sje akkurat være der, men i nærhetn.

Her verkar det som Mons er likeglad i forhold til heimstaden sin, men den siste setninga viser likevel at han allereie er ganske bestemt på at han vil bu ein stad ikkje så langt frå der han har

vakse opp. Dei fleste av dei andre hovudinformantane verkar å vera meir usikker på dette enn Magne er, sjølv om dei viser mykje større entusiasme i forhold til heimstaden.

På same måte som dei andre Meland-informantane, seier Mons at han i ein presentasjonsituasjon på nasjonalt plan ville sagt han kom frå Bergen. Til folk frå Bergen ville han sagt at han kom frå Nordhordland, og så Meland. Han legg stor vekt på at dei han snakkar med må forstå kor det er for at han skal kunna seia det.

Mons synest for det meste det er bra å bu i byggjefelt. Han likar at det er mykje folk rundt seg, men synest det kan bli litt mykje mas og bråk frå ungar av og til også.

4.4.4.5 Om Meland-buarar, radværingar, byfolk og strilar

Mons har lite å seia om radværingar. Han kjenner ikkje noko særleg til folk som bur der utanom dei i klassen hans. Når eg spør om han har høyrte noko fleipande ting om radværingar, stadfestar han dette, men kan ikkje komma på noko spesielt. Han seier at han heller pleier å fleipa med folk som kjem frå Masfjorden. Då går det på at "[...] det e øde og bor få folk der og sånne ting."

4.4.4.6 Samanfatning av samtalen med Mons

Mons snakkar tilnærma bergensk og fortel at alle vennene hans også gjer det, sjølv om alle bur i Meland kommune. Nettverket hans er ganske homogent språkleg og geografisk, men det er likevel ikkje noko særleg tett. Mons oppheld seg helst i nærområdet på fritida, og spelar fotball på Frekhaug. Sjølv om han bruker mesteparten av fritida i nærområdet, verkar han ganske likesæl i forhold til heimstaden. Det er likevel sannsynleg at han buset seg der som vaksen.

4.4.5 Felles og individuelle trekk hos Meland-informantane

Under avsnitt 4.3 såg ein at Mons, Magne og Marit hadde om lag like høg del av bergensformer i talemålet sitt. Dei har likevel ulike namn og karakteriseringar av dialekten sin. Marit meiner ho snakkar ein blandingsdialekt, Mons hovudsakleg bergensk og Magne bergensk. Merete vekslar mellom bergens- og strileformer og er veldig bevisst på dette sjølv. Ho opplever språklege sanksjonar frå fleire hald og i motsett retning, noko som gjer at ho vekslar mykje på korleis ho snakkar. Ifølgje ho sjølv landar ho som oftast ein stad midt imellom.

Alle Meland-informantane har positive haldningar til eige talemål. Marit, Magne og Mons er meir positive til bergensk enn til strilamål. Merete og Magne er positive til

heimstaden sin, medan Mons og Marit er meir likesæle. Det er ingen som har noko særleg negativt å seia.

Magne og Mons har interesser som går føre seg lokalt, Merete har interesser som er både lokalbaserte og ikkje-lokalbaserte, medan Marit har ikkje-lokalbaserte interesser. Dette samsvarar med dei sosiale nettverka deira på den måten at om ein har interesser lokalt, har ein også flest venner i nærområdet, slik som Magne og Mons, og om ein har ikkje-lokalbaserte interesser har ein meir geografisk spreiding på det sosiale nettverket, slik som Marit.

Alle dei fire Meland-informantane har høyrte at det har blitt sagt noko fleipande om radværingar, men det er særleg dei to jentene som er ivrige til å fortelja om dette. Fellesnemnaren her er at ein seier noko negativt om radværingar på ein spøkefull måte. Det går gjerne på at dei er bondske, uintelligente og samtidig trur dei er betre enn andre. Ingen av Meland-informantane har høyrte at noko liknande har blitt sagt om dei sjølve.

Dei fire informantane har alle foreldre som snakkar stril eller nordhordlandsmål. Mons har ein stefar som snakkar bergensk og ein onkel som snakkar ”stril/bergensk”. Utanom dette snakkar alle familiemedlemene til Meland-informantane i foreldre- og besteforeldregenerasjonen stril eller nordhordlandsmål. Trass i dette har tre av dei fire informantane eit bergensknært talemål. Resultata frå spørjeskjemaet (sjå avsnitt 4.1) tyder på at dette er ein klar tendens blant ungdom i Meland.

Det tydelegaste fellestrekket for dei fire Meland-informantane er at dei alle er oppvaksne i ein heim der ein snakkar det lokale talemålet, men har etter kvart lagt meir eller mindre om til eit bergensknært talemål. Alle fire seier også dei ville sagt dei kom frå Bergen om dei skulle presentera seg i nasjonal samanheng.

4.4.6 Reidunn

Reidunn bur i ei lita bygd nær Sæbø (sjå kart i vedlegg 5) saman med foreldra. Ho har tre eldre søsken som har flytta heimefrå.

4.4.6.1 Språkleg kartlegging

Reidunn er ein av ni Radøy-informantar som har sett ring rundt 29 av 29 strileformer i spørjeskjemaet, og som også har kryssa av for nordhordlandsmål/stril som namn på talemålet sitt.

Tabell 17: Opplysningar frå spørjeskjema, Reidunn

Talemål	nh-mål/stril
Strileformer	29
Bergensformer	0
Begge former	0


Eigenrapporteringa til Reidunn ser ut til å stemma veldig godt med faktisk språkbruk. Ho bruker for det meste strileformer, men vekslar blant anna mellom *det* og *da* for DET, og *di* og *dei* for DEI. Ho har også både skarre-*r* og tonelagsskilje, og vekslar mellom *sj*-lyden og *kj*-lyden. Det ser likevel ut til at Reidunn, saman med Ragnar, er dei av hovudinformantane som har eit talemål som ligg tettast opp til tradisjonelt nordhordlandsmål.

Tabell 18: Realisasjonar av dei fire variabelgruppene, Reidunn

Variabelgruppe	Strileformer	Bergensformer	Strileprosent	Bergenskprosent
Pers.pronomen	14	0	100,0 %	0,0 %
Verb, presens	8	0	100,0 %	0,0 %
a-mål/e-mål	8	0	100,0 %	0,0 %
Endingar hokjønn	7	0	100,0 %	0,0 %

4.4.6.2 Nettverk og interesser

Far til Reidunn kjem frå Manger og mor hennar er oppvaksen i heimbygda. Reidunn har skrive opp foreldra, tre søsken og ei bestemor av familie i nettverksskjemaet, og alle desse snakkar strilamål ifølgje Reidunn. Også fire av dei seks vennene ho har teke med snakkar stril. På dei to andre har ho ført opp ”bergens/stril” og ”alt mulig-talande”. Dei fleste i nettverket til Reidunn snakkar altså stril. Utanom to av søskena og ei veninne bur alle saman på Radøy. Den siste veninna bur på Frekhaug i Meland, og dette er ho som har eit talemål som blir skildra som ”alt mulig-talande”.



Figur 17: Venner, Reidunn sitt nettverk

Reidunn har berre to grupper av venner, men gruppe A (sjå figur 17) er ganske stor, med 5 medlemmer inkludert Reidunn. Reidunn seier også i intervjuet at dei nære vennene hennar stort sett bur i nærområdet. Dette er venner ho har hatt gjennom heile oppveksten, seier ho.

På fritida spelar Reidunn fotball og trenar litt utanom i tillegg. Ho spelar på eit lag i Knarvik fordi det lokale laget ikkje har den aldersgruppa ho er i. I andre klasse på vidaregåande var Reidunn utvekslingselev på ein High school i USA, og ho spelte også fotball medan ho var der. Ho syntest det var kjekt å vera eit år i utlandet, og legg vekt på at det var nytt og spennande.

4.4.6.3 Haldning til eige og andre sitt talemål

Reidunn verkar svært sikker på talemålet sitt. Også når eg spør ho om det i intervjuet, seier ho at ho snakkar stril. Men ho fortel at det var ein periode i tenåra, at ho syntest strilamålet høyrtes "[...] litt dumt ut", der ho prøvde å moderera talemålet sitt litt. Ho seier også at det hender at ho varierer litt framleis, men ikkje så mykje som før.

Intervjuar: Men, synest du, synest du at strilamålet er fint eller? Er du komfortabel med det på ein måte?

Reidunn: Ja, da e eg. Sjøl om eg av og til slår øve, viss, det e'sje så ofte no lengre då. Det e ei stond sia, heller når eg va litt mindre. Men eg syns da e fint, kjem te å snakka det restn av livet sikkert.

Intervjuar: Kva meiner du, du sa at når du var mindre, altså har du, har du hatt ein sånn periode der du veksla litt meir eller?

Reidunn: Det va kanskje for da at da høres kanskje litt dumt ut syns eg då, forhold til andre dialekta kanskje. Men da syns eg ikkje no lengre. Eg huska eg syns da før.

Intervjuar: Men kortid, var det ein spesiell perode i livet ditt, eller noko sånt?

Reidunn: Eg va vel rundt trettn, fjortn år, rundt der.

Reidunn nemner ein konkret episode der ho slo om til meir bergenskliknande talemål fordi ho ikkje var heilt komfortabel med talemålet sitt.

Reidunn: [...] forsempel ein gong så, kan huska eg blei intervjuet på radioen av ein bergensar, og då va da jo raka bergensar, og eg snakke'sje, eg veit'kje heilt korfor, men sånn der knot.

Intervjuar: Trur du det var fordi den personen snakka bergensk, eller fordi at det var sånn der litt ubehageleg, formell situasjon?

Reidunn: Eg trur da va begge dela, da va, eg veit'kje. For da at da va liksom laiv radio og, og han kom der og snakka veldig pent og danna og, og så kjem eg og berre "hallo", men. Eg veit'kje.

Denne situasjonen er veldig spesiell. Det er ikkje daglegdags for Reidunn å bli intervjuet på direkte radio, men sitatet viser likevel noko om haldninga Reidunn har til seg sjølv i forhold til programleiaren. Det er vanskeleg å få det fram skriftleg, men måten ho sa ordet "hallo" på verka å seia noko om at ho kjende seg klossete og brautande i forhold til programleiaren som "[...] snakka veldig pent og danna [...]".

Samtidig seier Reidunn at ho reagerer negativt på venner som slår om frå stril til bergensk.

Å ja, da syns eg e ganske forferdelig. Eg har ei veninna så kjem i frå Radøy, og så har ho gått på skule her i byn no i sånn tre år. Og ho, sånn der når ho e med vennane sine i byn, så e da bergensk og her heima e da stril liksom, så det, eg syns det e rart at di klara det, så.

Det verkar som Reidunn er meir positiv til strilamål enn til bergensk. Ho omtalar bergensk som "brutalt", men seier også at ho synest det er "heilt vanleg" fordi ho kjenner så mange som snakkar slik.

Også Reidunn synest Meland-buarar snakkar meir likt bergensmål og at radværingar snakkar meir strilamål. Ho er usikker på korfor det er slik.

Reidunn: Dialektn har sikkert mykje å sei, for da at, veit'kje, snakka litt sånn der inngrauta kanskje av og te. (...) Det e jo ingen, altså det e ingen klassen min som e bonda elle nåke sant, det e berre dialektn trur eg.

Intervjuar: Mm. Korfor trur du, korfor trur du det er sånn at det er forskjell då? Det er jo ikkje akkurat så veldig...

Reidunn: På dialektn meina du, elle på (...)?

Intervjuar: Ja, sånn du seier, at de snakkar meir stril.

Reidunn: Eg, eg veit ikkje, det e, kanskje di e nærmare byn enn oss.

Når det gjeld andre dialektar seier Reidunn at ho likar sogndalsmålet og at nordlandsk er litt morosamt.

4.4.6.4 Haldning til heimstaden

Reidunn seier ho liker seg godt i den vesle grenda ho bur i. Ho er ikkje interessert i å bu i eit meir tettbygd strøk. Det verkar også som ho er stolt av å komma der ifrå.

Intervjuar: Kva synest du, vi snakka jo litt om at du likte deg godt på, på Tjore, sant og. Men, føler du på ein måte at du er stolt av heimlassen din?

Reidunn: Tja, det e jo alltid sånn at du, viss du snakke med andre, andre plassa frå på Radøy, så seie du sånn der, ja "Sæbø e best og dei e flinkast". Ikkje sånn spesielt utnom at du seie da kanskje. Men eg e glad eg kjem der i frå og issje nåken andre plassa [...].

Intervjuar: Når du snakkar med folk frå andre kommunar, andre plassar, føler du noko sånn spesiell tilknytning til Radøy?

Reidunn: Ja (...), eg gjer vel da. Eg veit'kje, Radøy e jo ein plass du kanskje blir mobba for å komma frå av enkelte andre folk, men du seie jo at du er der frå uansett liksom.

Intervjuar: Er det meir, er det meir lokalt Sæbø du på ein måte føler deg tilknytt til då eller?

Reidunn: Ja, det er mæ-, heller da enn Radøy trur eg. Sæbø.

Når eg spør Reidunn korleis ho ville presentert seg i ei gruppe med folk frå heile landet svarar ho at ho truleg ville sagt ho kom frå Radøy, og så forklart at det låg litt nord for Bergen.

Dessverre manglar eg opplysningar om Reidunn sine framtidsplanar.

4.4.6.5 Om Meland-buarar, radværingar, byfolk og strilar

Reidunn har eit klart bilete av kva som skil ein melandbuar og ein radværing.

Intervjuar: Har du tenkt nokon gong på om det er noko forskjell på folk frå Meland og Radøy?

Reidunn: Ja, da e da egentlig. Sånn som, kan henda at dei frå Meland, gjeld sikkert ikkje alle då, men, hvertfall dei eg kjenne, at di e litt mæ sånn fjollete av seg [LATTER]. At me er mæ sånn bonda på ein måte, og dei e litt mæ byfolk, viss du skjønne. Så da.

Intervjuar: Kva, kva trur du dei tenkjer om det då? Eller trur du dei har same oppfatningen på måte?

Reidunn: Eg trur kanskje at dei tenke at me e mæ sånn strila på ein måte, litt, litt meir frå landet enn da dei e. Og spesielt, eg veit'kje, dialekt og sånn. Eg får høra det heile tie, faktisk av en sånn så kjem fra Meland, at liksom, å ja, radveringa og strila og bondefolk og alt mulig sånt. Så e sikkert litt slikt.

Dette skiljet ho skildrar mellom Meland-buarane og radværingar er samanfallande med eit stereotypisk skilje mellom bønder og byfolk eller mellom strilar og bergensarar. Ho meiner radværingar blir sett på som strilar og bønder, medan Meland-buarane blir sett på meir som byfolk og kanskje også som bergensarar.

Reidunn meiner det er meir fleipande ting som blir sagt om radværingar enn om andre nordhordlendingar. Ho har ikkje høyrte noko sånne ting om Meland-buarane. "[...] nei eg trur det mest blir herpa på radveringa [...], bunadn vår e kjeledress og."

4.4.6.6 Samanfating av samtalen med Reidunn

Reidunn har eit tett sosialt nettverk i forhold til dei andre informantane. Det er også språkleg homogent og lokalbasert. Fotballinteressa hennar er ikkje-lokalbasert. Utanom dette oppheld ho seg mest i nærmiljøet, men reiser også til Åsane og Bergen innimellom. Reidunn er stolt av strilamålet sitt, men har tidlegare vore litt flau av det. Dette førte til at ho modererte talemålet. Ho kan variera litt framleis, men snakkar stort sett strilamål seier ho. Det er tydeleg at

Reidunn er glad i bygda si, men seier det kan vera litt belastande å vera radværing. Ho kjenner godt til at det blir sagt negative ting om radværingar. Reidunn meiner radværingar blir sett på som brautande bønder og strilar, medan Meland-buarar blir sett på som byfolk som er litt meir fine på det.

4.4.7 Randi

Randi er 18 år og bur på Marøy (sjå kart i vedlegg 5), ei øy heilt nord i Radøy kommune. Ho er den av hovudinformatane som bur lengst vekke frå Bergen. Randi bur saman med begge foreldra. Bror hennar, som er to år eldre, bur i Bergen.

4.4.7.1 Språkleg kartlegging

Randi hadde svart heilt likt som Reidunn på spørjeskjemaet. Alle formene ho hadde sett ring rundt var strileformer (sjå tabell 19).

Tabell 19: Opplysningar frå spørjeskjema, Randi

Talemål	nh-mål/stril
Strileformer	29
Bergensformer	0
Begge former	0

Dette såg ut til å stemma med korleis ho snakka. Randi brukte den bergenske forma *øyen* for ØYA ein gong i teikneoppgåva, men brukte strileformer i alle dei andre tilfella (sjå tabell 20). Når det gjeld endingar i hokjønnsbøying brukte ho *-æ* og *-o* i dei åtte andre tilfella, så det er sannsynleg at det er dette som er det mest vanlege for Randi. Også Randi har skarre-*r* og tonelagsskilje.

Tabell 20: Realisasjonar av dei fire variabelgruppene, Randi

Variabelgruppe	Strileformer	Bergensformer	Strileprosent	Bergenskprosent
Pers.pronomen	6	0	100,0 %	0,0 %
Verb, presens	8	0	100,0 %	0,0 %
a-mål/e-mål	7	0	100,0 %	0,0 %
Endingar hokjønn	8	1	88,9 %	11,1 %


4.4.7.2 Nettverk og interesser

Far til Randi er oppvaksen på Marøy, medan mor hennar er frå Bergen. Randi fortel at det er mora sin familie i Bergen dei har mest kontakt med av familie.

Randi har fleire grupperingar av venner enn Reidunn, men Randi og Reidunn har likevel til felles å ha ein vennegjeng dei har vakse opp saman med, der alle bruker det lokale talemålet. I Randi si oversikt er dette det som eg har kalla gruppe C. I intervjuet fortel Randi at desse tre er besteveninnene hennar.

[...] eg har tre besteveninne, og alle me spela på same fotballag, og me har gått i klasse i alle år og me, foreldrena e nesten besteveninne og alt detta herre, så da e en einaste stor gjeng egentlig.

Av dei fem andre vennene Randi har teke med, er det berre ein som snakkar stril. Tre snakkar bergensk og ein austlandsk. Randi fortel at ho blei kjent med ein del folk frå bergensområdet då ho var utvekslingselev i Wales i andre klasse på vidaregåande. To av desse har ho ført opp i oversikta (gruppe D), og ho seier at ho reiser ganske ofte inn til Bergen for å vera med denne gjengen.



Figur 18: Venner i Randi sitt nettverk

Utanom skuletida spelar Randi fotball på det lokale laget, jobbar på gamleheim på Manger og er støttekontakt. Alle dei faste aktivitetane hennar går altså føre seg i nærmiljøet.

4.4.7.3 Haldning til eige og andre sitt talemål

I samtale med Randi høyrer det ut som det ho har rapportert av språkbruk i spørjeskjemaet stemmer, altså at ho har eit talemål som ligg nært opp til det tradisjonelle nordhordlandsmålet. Ho snakkar også strilamål både under teikneoppgåva og i intervjuet. Når eg konfronterer ho med spørjeskjemaet hennar og spør om ho synest det stemmer, seier ho likevel dette:

Randi: Ja, egentlig. Elle da kjem grådig an på ken eg snakke med, og kortid og. Eg seie egentlig grådig mykje løye. Så nåken ganga så seie eg andre ting og av og til liksom sånn og sånn. Men mestepartn av tie, når eg snakke med strila, og eg snakke sånn som eg egentlig ville ha snakka, så e da helst alle mulige slags strilaord liksom. Så ja.

Intevjuar: Men slår du om av og til, for eksempel viss du snakkar med bergensarar eller?

Randi: Ja, da gjer eg.

Det kjem fram at Randi kodevekslar på den måten at ho snakkar stril med strilar og bergensk med bergensarar. Randi si mor snakkar bergensk, og ho synest derfor det er lett å slå over. Det

er særleg etter at ho har fått ein del venner i Bergen gjennom studieopphaldet i Wales ho har byrja med denne kodevekslinga.

[...] hvertfall sånn alle dei som eg reiste til Wales med, eg e einaste striln, så når me då e i lag heile gjengen, så e da kav bergensk. Då gå'kje da i nåke anna liksom. Og da e jo sånn, med ein gang eg bjynna snakka stril, då sitt alle sammen der og ska herma. Sånn at då vert da sånn at okei greitt, då kan eg lika godt berre slutta, så e me ferdi med da liksom [LATTER]. Og då, ja. Dei reagere'kje på da når eg snakke bergensk egentlig. [...] Då e da liksom, då e eg ein tå dei på ein måte, når eg slår øve.

Dersom Randi er saman med strilar og bergensarar samtidig seier ho at ho ville ha "[...] snakka bergensk med bergensarane og stril med strilane." Dette gjer ho trass i at veninnene hennar frå Radøy reagerer negativt på det.

Dei (veninnene frå Radøy) syns da høres kjempedumt ut [LATTER]. For da at eg har jo liksom, eg, dei har aldri hørt meg snakka bergensk omtrent, for eg snakke jo kun stril når eg e heima. Så når dei då plutseli e med alle bergensarane, så driv eg og snakke bergensk, då blir di jo nesten berre flau på mine vegne liksom at berre "nei, ka gjer du på".

Randi synest det er stor skilnad på talemålet i Meland og i Radøy. Ho har skrive Meland nedst på lista under spørsmål 3 i spørjeskjemaet (sjå avsnitt 3.2.1.1), og seier at "[...] di snakke bergensk heile gjengen syns eg."

Av andre dialektar i Noreg er Randi positiv til sogndalsmål og negativ til trøndsk og austnorsk.

4.4.7.4 Haldning til heimstaden

Marøy er ei lita øy som ligg ganske isolert til. Det går til dømes ingen bussar ut der utanom skulerutene. Randi seier også at det bur få folk på hennar alder der.

Da e mest berre bonda og fiskara og sånne ting. Så alle berre driv og mobbe meg for at eg kjem så langt ute. Me e vel femti folk til sammen som bur dar, trur eg. Berre lite sånt øysamfunn. Sånn alle kjenne alle og alle veit alt og det e typisk sånn, ja, øysamfunn [...] ellers så e da mykje gamle folk som e berre strila og blande seg inn i alt, og syns at datta e kjempegøy.

Randi kan verka litt ambivalent i forhold til heimplassen sin, men ho er i alle fall ikkje likegyldig. Ho synest det er positivt at det er "...fredelig og [...] grådig fint å bu der...", samtidig som ho synest det er "[...] litt sånn kjedelig [...]" fordi det er langt til byen og andre plassar der det skjer ting. Ho seier at det er særleg dumt i hennar alder når ho "[...] helst skulle gått på byn og liksom sånn." Likevel høyrer det ut som ho er ganske bestemt på at det er her ho vil bu som vaksen. Ho fortel at foreldra alltid har snakka om at nokon av ungane skal ta over huset etter farmora til Randi. Planen til Randi er å anten bu der eller å byggja eige hus når ho blir eldre.

Ja, da e enkli ganske sannsynlig trur eg, at eg kjem te å bu faktisk på Marøy, av alle plassa. Men ja, elle da e liksom sånn, helst mamma og pappa som alltid har snakt om da, for at me har enkli to hus der på gårn liksom. [...] Så da kan vera at eg enten flytta ut dar, elle bygge et nytt ett, elle et'ler ant sånt. Men, ja, da har liksom vært plan'n enkli.

Randi har ingen planar om å busetja seg på Marøy med ein gong. Først vil ho ta lærarutdanning i Bergen eller i Sogndal. Ho kunne også tenkja seg å vera ei stund i utlandet og studera språk. Ho seier det kjem litt an på om ho skal flytta saman med kjærasten eller ikkje. Men uansett kjem ho til å flytta frå Marøy nokre år.

Randi nemner fleire gonger at ho blir mobba fordi ho kjem frå Marøy. Det er folk frå alle moglege plassar som mobbar ho, og det går helst i at Marøy er så lita og isolert.

Intervjuar: Ja, er det sånn godmobbing som er då? Kva meiner du?

Randi: Ja, du meine da jo ikkje stygt meint sånn liksom. Det e jo ikkje sånn for å rakka ner eller nåke sånt, (...). Da e liksom, Marøy da er heil-, ja, det e nåke heilt for seg sjøl. Liksom driv og mobba, "ja, dei ha'kje telefon og dei ha'kje tv", men me har jo da då [LATTER]. Men, ja, dei tenke liksom at da e so langt ute at da, ingen kontakt med resten av ve-, omverdn.

Randi seier at ho ikkje bryr seg om det, men imøtekjem slikt med å lata som ho er stolt av å komma frå Marøy.

Eg drit i da, liksom. Eg late no av og te som eg e stolt øve da, men det e sånn, tja, sku gjerne budd ein an plass sånn innimellom liksom.

Når eg spør kor Randi ville sagt ho kom frå i ein presentasjon på nasjonalt nivå blir ho litt usikker, men ho er sikker på at ho ikkje ville sagt ho kom frå Bergen. Ho seier ho ville sagt noko slikt som "[...] ei øy heilt nord i Hordaland elle nåke sånt kanskje."

4.4.7.5 Om Meland-buarar, radværingar, byfolk og strilar

Randi meiner at folk frå Meland ikkje vil vedkjenna at dei kjem frå strilelandet, men heller prøver å identifisera seg med bergensarar.

Når eg har vært dar (i Meland) og besøkt folk og sånt, så har liksom, da minna veldig om Radøy på ein måte, for det e liksom sånn bortimot øde nåken plassa iafall, men samtidig då e di veldi sånn "neida, me e'kje strila. Me e, me e frå Bergen", liksom [LATTER]. [...] Det er liksom "off, neida. Ditta her e ikkje snakk om strileland" liksom. Men da, da e jo egentlig da då.

Det verkar også som Randi har ein klar oppfatning av at det er skilnader mellom byfolk og stril, og at ho tilhøyrrer den siste kategorien. Ho fortel at då ho var i utlandet og skulle seia kor ho kom frå sa ho alltid at ho kom frå "bondelandet". Ho meinte at om ho hadde sagt ho kom frå Bergen, ville ikkje folk ha trudd på ho.

For då trur eg alle sånn der skjønnte at eg ikkje va byjenta så allikavel. Da e visst ett'ler ant med måtn me e og går og står på som seie at me ikkje e frå byn [LATTER].

Randi meiner at radværingane har eit dårleg rykte på seg, og at dette er noko som er kjent så langt som til Bergen. Då ho møtte dei vennene ho no har i Bergen for første gong, fortel ho at dei var skeptiske til ho fordi ho var radværing.

Intervjuar: (...) har du høyrte noko om at folk seier ting om, om radværingar eller?

Randi: Ja. [LATTER]. Da har eg. Absolutt. Ja, da e sånn. Hvertfall dei veninn'na som eg no har fått inne frå byn liksom. Når me først vart kjent, då var di liksom veldig skeptisk, og ”off då, radvering. Må me”, liksom [LATTER].

Forklaringa på at det eksisterer eit slikt rykte om radværingar meiner Randi er at det er nokre få folk som gjer mykje ut av seg når dei er i byen, og at folk derfor tenkjer at alle radværingar er slik.

4.4.7.6 Samanfatning av samtalen med Randi

Randi har nære venner både på heimstaden og i Bergen. Ho har tidlegare hatt eit tett, lokalbasert og språkleg homogent nettverk, men etter eit studieopphald i utlandet har nettverket blitt utvida og meir ope. Randi snakkar hovudsakleg strilamål, men legg om til bergensk når ho er med vennene frå Bergen. Fotballinteressa og deltidsjobbane hennar er lokalbaserte, men ho er likevel ofte i Bergen. Det er tydeleg at Randi er glad i heimstaden sin, og ho har planar om å busetja seg der seinare. Ho synest samtidig det kan vera negativt at det er lite som skjer og at det er dårleg kommunikasjon til meir sentrale område. Randi seier radværingar har dårleg rykte på seg blant både nordhordlendingar og bergensarar. Ho meiner folk frå Meland ikkje vil vedkjenna seg å vera strilar, men prøver å bli bergensarar.

4.4.8 Rune

Rune er 18 år og bur saman med foreldra og ei søster på 14 år i Austmarka (sjå kart i vedlegg 5). Dette er eit byggjefelt som ligg sør på Radøy.

4.4.8.1 Språkleg kartlegging

Hovudårsaka til at Rune blei plukka ut som hovudinformant var at han skilde seg tydeleg ut språkleg frå dei andre Radøy-informantane i spørjeundersøkinga. Av dei andre Radøy-informantane var det ingen som hadde rapportert over fire bergensformer, medan Rune hadde rapportert 28. Han er også den einaste radværingen som meiner han snakkar bergensk.

Tabell 21: Opplysningar frå spørjeskjema, Rune

Talemål	bergensk
Strileformer	1
Bergensformer	28
Begge former	0

I samtale med Rune er det tydeleg at opplysningane han har gjeve i spørjeundersøkinga stemmer godt. Han bruker ikkje ei einaste strileform i teikneoppgåva. Det spesielle med talemålet til Rune, som ikkje passar inn verken i strilamål eller i bergensmål, er at han to gonger bruker *a*-ending i hokjønnsord. Han seier *jænta* og *klåkka* for JENTA og KLOKKA. Han seier også *jæntn* for JENTA to gonger og *boken* for BOKA ein gong, som er typiske former i bergensmålet. Rune har også skarre-*r* og tonelagsskilje, og han bruker ein del finbergenske ord, som til dømes *va* for KVA.

Tabell 22: Realisasjonar av dei fire variabelgruppene, Rune. **: former som ikkje høyrer heime i strilamål/nordhordlandsmål eller bergensk.


Variabelgruppe	Strileformer	Bergensformer	Strileprosent	Bergenskprosent
Pers.pronomen	0	13	0,0 %	100,0 %
Verb, presens	0	11	0,0 %	100,0 %
<i>a</i> -mål/ <i>e</i> -mål	0	8	0,0 %	100,0 %
Endingar hokjønn	0	3+2**	0,0 %	100,0 %

4.4.8.2 Nettverk og interesser

Mor til Rune kjem frå Bergen, men har budd store delar av oppveksten på austlandet, og har derfor i følge Rune "[...] en veldig rar dialekt." Far til Rune kjem frå nærområdet og snakkar stril.

Det er særleg to ting ved vennenettverket til Rune som er spesielt i forhold til hos dei andre hovudinformatane. Han seier sjølv at han har vanskeleg for å få venner på eigen alder. "[...] sånn kontaktflatn min, det e som regel førti pluss." Han forklarar dette med at han er veldig interessert i musikk, og særleg klassisk musikk, korpsmusikk og kyrkjemusikk, og at det derfor ofte blir til at han har meir til felles med folk som er eldre. Han har skrive opp fem personar i nettverksskjemaet sitt som er godt vaksne og som han omtalar som "dirigentlærer", "dirigent-mentor", "pianolærer" og "musikkvenn". Den som er omtalt som "musikkvenn" er ei dame på 80 år. I tillegg har han teke med to kameratar på 18 år.

Det andre som skil vennenettverket til Rune ut er at ingen av vennene hans bur i Radøy kommune. Han har også eit ganske ope nettverk, med to grupper med to personar i kvar, og tre enkeltstående venner utanom. Talemålet til Rune sine venner er heller ikkje særleg heterogent. Ein snakkar stril, tre snakkar bergensk og tre har andre dialektar.



Figur 19: Venner i Rune sitt nettverksskjema

Rune er veldig interessert i musikk. Han spelar piano, kornett, trompet, kyrkjeorgel i tillegg til å komponera musikk og vera dirigent. Han spelar i korps og tek jamleg speletimar for både piano og kornett og i tillegg timar i direksjon. Han har også planar om ei utdanning innan musikk. Rune byrja først i det lokale skulekorpset, men spelar no i eit skulekorps i Lindås fordi nivået er høgare og fordi han kjem betre overeins med dei andre medlemene der.

4.4.8.3 Haldning til eige og andre sitt talemål

Rune er den einaste av Radøy-informantane som kallar talemålet sitt for bergensk. I tillegg bruker han nokre ord som er typiske for finbergensk og nokre endingar som ikkje høyrer heime verken i strilamålet eller i bergensmålet (sjå avsnitt 1.6). Dette gjer at han skil seg mykje frå dei andre Radøy-informantane. Han seier utan at eg spør om det, at det er mor hans som er årsaken til det. ”Det e jo på grunn av honn (mora) at eg har fått litt sånn, rare dialektn i forhold til kor eg bor hen.” Men han seier også at det verkar som folk som bur sør på Radøy, i nærleiken av der han bur, er meir påverka av bergensk enn dei lenger nord er, slik at han ikkje føler at han skil seg noko særleg ut i det området han bur i.

[...] Austmarka liggar jo sør på Radøy. Hvertfall sør i Radøy kommune. Og der e det mer innflyttare enn nord på, nord på øyen. Hverfall sånn som utpå, ja ta sånn som Manger og Hordabø, der har di jo veldig mye mer disse herre helt sånn skikkelig kav stril. Og, og veldig mange av disse som eg havnet i klasse med, di var *helt* sånn hardbarka strilar.

Rune har opplevd fleire gonger at folk synest det er rart at han kjem frå Radøy på grunn av talemålet hans.

Sånn som her, folk som eg har gått i parallellklasse med i mange år, og snakkar med og sånn, og så ”Sjitt, e du fra Radøy, men du snakkar jo’kje sånn som di andre radværingene”.

Rune kjenner ikkje så mange frå Meland, så han er litt usikker på korleis talemålet er der. Han har inntrykk av at det er ”[...] liksom sånn blanding. Tror det e veldi mye av det meste der ute.”

Når det gjeld å variera talemålet fortel Rune at han kanskje snakkar litt ”penare” i formelle samanhengar, medan han av og til bruker nokre strileuttrykk, særleg heime.

4.4.8.4 Haldning til heimstaden

Rune skryt veldig mykje av nærområdet sitt. I løpet av samtalen vår kjem han fleire gonger inn på kor trygt og godt det er å bu nettopp i Austmarka.

Det e et veldi nytt byggefelt, og e undar stadig utbygging, og det voksar hele tidn, og veldi sosialt kjekt å bo der. Det e veldi fredeli, veldi fint miljø der og barneskoln liggar jo like ved [...] Det e veldig, veldig trygt og greit miljø der. Og fotballbane har vi der og, stor sjanse for å få kompisar og sånn då, og egentlig et veldig greit sted.

Trass i dette har han ikkje skrive opp nokon kompisar frå nærområdet i nettverksskjemaet sitt. Det kan av og til verka som han prøver å forsvara Austmarka, at han prøver å få fram at det er ein minst like bra plass som alle andre plassar i Radøy sjølv om det er eit byggjefelt. Når eg spør han om han er stolt av å komma frå Austmarka og føler tilknytning til staden svarar han på denne måten:

Asså eg, eg syns det e litt sånn, sånn som eg havna på ungdomsskoln så, så va det liksom det at det va snakk om hvor folk bodde hen, då og så, "ja, Austmarka e jo en dritt plass". For det var jo bare det derre busskuret der, sant. Det e jo liksom, det, Austmarka, det e et busskur. Sant, men det e jo, det e jo så mykje mer då. Eg syns liksom, asså eg bli'kje fornærma når folk snakkar drit om plassn, men eg tenkar som så, at di, di siar sånn, for di veit ikkje bedre [...] For det e en veldi bra plass å vokse opp.

Også Randi har den innstillinga at når andre rakkar ned på heimlassen hennar, går ho i forsvarsposisjon. Det ser ut som det er dette Rune gjer også. Han skryt i tillegg mykje av Radøy kommune, særleg naturen, sjølv om han synest det er litt mykje jantelov av og til.

Når Rune skal presentera seg i ein fiktiv presentasjon på nasjonalt nivå, ville han ikkje berre sagt at han kom frå Radøy, men også fortalt kor fint det var der.

Då ville eg sagt at eg (...) kommar fra Radøy. Det e en øy som liggar fire mil nord for Bergen. Sånn at folk skjønner noenlunde geografisk hvordan, hvor det e, og så, så ville eg, det e egentlig bare, og så ville eg sagt at den, Radøy, det e en ufattelig fin plass.

Rune seier han har lyst til å busetja seg i nærområdet som vaksen dersom det er mogleg.

4.4.8.5 Om Meland-buarar, radværingar, byfolk og stril

Rune snakka ein del om skilnaden mellom byfolk og stril utan at eg spurde direkte om det. Han meiner at strilane ser på seg sjølv som dårlegare enn byfolka, samtidig som det råder ei

jantelov som seier "[...] må'kje kamma her å tru du e nåkke [...]" til dei som flyttar inn i kommunen. Denne haldninga synest han er meir påfallande jo lengre nord ein kjem på øya.

[...] mentalitetn der ute e, det e preget av jantelov, og så rett og slett dårlig selvtillit. I forhold til sånn som det alltid har vært. Stril, stril kontra byfolk, sant, så det.

Rune kan også fortelja at han har høyrte mykje snakk om korleis radværingar er. Dette er same typen "mobbing" som Randi fortel om, og det kan handla om alt mogleg, verkar det som, men fellesnemnaren er altså at han kjem frå Radøy. Rune fortel at til og med ein i klassen hans som er innflyttar frå Oslo får høyra at han er raddis fordi at han bur på Radøy no.

Intervjuar: Okei. Men går det på språk, eller går det liksom på framtoningen eller?

Rune: Det går rett og slett bare på det at du e fra Radøy. Har ingenting med hvor på Radøy du e fra eller hvordan du snakkar eller hva du har på deg eller hva mora di hetar. Det går rett og slett på at du e fra Radøy, og då e du teit.

Intervjuar: Så du får gjennomgå like mykje som ein som snakkar kav stril?

Rune: Å ja, ja, ja. Sant, og til og med han ene i klassen som e jo no innfløttar fra Oslos beste vestkant. [...] "han snakker jo veldig pent østlandsk, sant. Men nå har han bodd på Radøy noen år, og da er han raddis" (etterlikning av Oslo-vest-talemål). Sant, så då får han gjennomgå.

Det plagar ikkje Rune at folk seier slike ting, for han meiner det er noko som blir sagt berre "[...] fordre alle andre siar det."

Rune har ikkje høyrte noko liknande snakk om Meland-buarar.

Men sånn me-, sånn "å ja, jævla melandfolk" og sånn. det, eg har aldri hørt nåkke om det, men altså, når du e radværing, så får du gjennomgå (...) Det e hvertfall greit.

4.4.8.6 Samanfatning av samtalen med Rune

Rune snakkar bergensk, og skil seg dermed ut frå dei andre Radøy-informantane. Han er sjølv klar over dette, men seier det er ein del som snakkar bergensk i den delen av Radøy han bur. Nettverket hans er ope, ikkje-lokalbasert og språkleg heterogent. Interessene til Rune er ikkje-lokalbaserte, og det verkar som han bruker lite av fritida si i nærmiljøet. Trass i dette skryt Rune veldig mykje av heimstaden sin og av Radøy kommune generelt. Han kan også tenkja seg å busetja seg i området seinare. Rune meiner mentaliteten på Radøy dels er prega av dårleg sjølvbilete og jantelov. Han har mykje å fortelja når det gjeld stereotype oppfatningar av radværingar, men veit ikkje om noko liknande når det gjeld Meland-buarar.

4.4.9 Ragnar

Ragnar er 18 år og bur på Manger (sjå kart i vedlegg 5), kommunesenteret i Radøy. Der bur han saman med foreldra og tre yngre søsken. Ragnar har budd i Knarvik og ein annan plass på Radøy tidlegare. Familien flytta til Manger då han var fem år, og Ragnar seier at det er berre der han kan hugsas at han har budd.

4.4.9.1 Språkleg kartlegging

Til liks med dei aller fleste Radøy-informantane i spørjeundersøkinga har Ragnar kryssa av for at han snakkar nordhordlandsmål/stril. Han rapporterer vidare at han bruker 27 av 29 nordhordlandsformer, ei bergensform og i eitt av tilfella vekslar han mellom bergensforma og nordhordlandsforma. Dette er eit resultat som ikkje skil seg noko frå resultatata til dei fleste av dei andre radværingane.

Tabell 23: Opplysningar frå spørjeskjema, Ragnar

Talemål	nh-mål/stril
Strileformer	27
Bergensformer	1
Begge former	1

Ragnar snakka ikkje så mykje som ønskjeleg under teikneoppgåva, så det er litt få taledata frå han (sjå tabell 24). Det ser likevel ut som det han seier samsvarer godt med det han har rapportert i spørjeskjemaet. Han seier *di* for DEI to gonger. I spørjeskjemaet har han sett ring rundt både *di* og *dei*. Utanom dette har Ragnar berre strileformer, men i variabelgruppa *a-mål/e-mål* har han berre ein realisasjon, så det er vanskeleg å seia noko generelt om denne gruppa.

Det som er spesielt for Ragnar, og som ein legg merke til med ein gong han byrjer å snakka, er at han har rulle-*r*. Dette er eit trekk som førekjem så hyppig og som kan høyrast så tydeleg, at det gjer at talemålet til Ragnar høyrer meir ut som tradisjonelt nordhordlandsmål enn det gjer hos nokon av dei andre informantane. Ragnar skil seg likevel frå det tradisjonelle nordhordlandsmålet ved å ha tonelagsskilje.

Tabell 24: Realisasjonar av dei fire variabelgruppene, Ragnar (* tyder $n \leq 5$)


Variabelgruppe	Strileformer	Bergensformer	Strileprosent	Bergenskprosent
Pers.pronomen	3	2	*60,0 %	*40,0 %
Verb, presens	8	0	100,0 %	0,0 %
a-mål/e-mål	1	0	*100,0 %	*0,0 %
Endingar hokjønn	6	0	100,0 %	0,0 %

4.4.9.2 Nettverk og interesser

Ragnar har skrive opp mange familiemedlem i nettverket sitt i forhold til dei andre informantane. I tillegg til foreldra, dei tre søskena og fire besteforeldre har han skrive opp to tanter og ein fetter.

Mor til Ragnar er frå Radøy, medan faren er frå Nord-Noreg. Foreldra og eine søstra til far til Ragnar bur no på austlandet, og Ragnar fortel at dei er på besøk der med jamne mellomrom. Særleg har dei vore der mykje om sommaren. Mora, søskena og foreldra til mora snakkar stril, medan dei andre snakkar anten austlandsk eller nordnorsk. Far til Ragnar snakkar nordnorsk.

Ragnar er den av hovudinformatane som har skrive opp færrest venner i nettverksskjemaet sitt. Berre to av desse fem vennene har jamnleg kontakt med kvarandre i tillegg til å ha kontakt med Ragnar, så heller ikkje han kan seiast å ha ein stor vennegjeng der alle kjenner kvarandre. Alle vennene til Ragnar snakkar stril eller nordhordlandsmål, så Ragnar sitt vennenettverk kan seiast å vera ganske språkleg homogent.



Figur 20: Venner i Ragnar sitt nettverk

Utanom dei vennene han har ført opp i oversikta, fortel Ragnar at han har ein del kjende i Bergen og andre plassar i tillegg, men som ikkje er nære venner. Dei fleste vennene hans har han fått gjennom korps. Ragnar er ein veldig aktiv kornettist og trompetist. Han spelar i det lokale skulekorpset og i Manger musikklag, som er eit brassband på svært høgt nivå. Ragnar er også med på eit talentutviklingsprogram på Griegakademiet og han tek trompetspeletimar. Utanom øvingane til skulemusikken, går alt dette føre seg i Bergen, så Ragnar reiser ofte til byen. I tillegg kjem konsertar og liknande som gjerne er i bergensområdet. Sjølv om musikkinteressa til Ragnar tek mykje tid, spelar han også fotball. Han er ikkje med på noko organisert lenger, men har tidlegare spelt på A-laget til eit lag lenger nord på Radøy.

4.4.9.3 Haldning til eige og andre sitt talemål

Ragnar meiner han snakkar stril, men at det finst folk som snakkar meir stril enn han, særleg lenger nord på Radøy. Han seier at dei snakkar "[...] grovare stril på ein måte" og at han sjølv er meir påverka av andre dialektar. Han meiner han har nokre ord i talemålet sitt som kjem frå faren sitt nordlandsmål og at han blir påverka av andre dialektar. Han seier til dømes at han bruker forma *blir*, medan ein ekte stril ville sagt *vært*.

Ragnar meiner sjølv at rulle-*r*-en er veldig uvanleg for hans generasjon på Radøy. Han seier det er vanleg i besteforeldra sin generasjon og delvis i mora sin generasjon, men ikkje blant ungdom. Ragnar har av og til opplevd at folk er usikre på kor han kjem i frå på grunn av dette trekket ved talemålet hans. "[...] di høre at eg har rulle-*r*, sant, og spør om eg kjem frå for'sempel Sogn og Fjordane og litt sånn."

Når det gjeld å variera talemålet, meiner Ragnar han gjer dette av og til, men i liten grad. "Nei, altså det e liksom, kan vera av og te sånne endinga og sånn som eg seie litt forskjellig liksom, men da e'kje sånn som eg styre liksom sjøl." Han ville aldri slått om til bergensk seier han. Ragnar verkar komfortabel med å snakka strilamål og seier sjølv at han ikkje tenkjer over det noko særleg. Når eg spør om det er nokre situasjonar han synest det ikkje passar inn å snakka strilamål, svarar han på denne måten:

Ragnar: Nei, egentlig ikkje. (...) For eg e jo stril liksom, e jo ikkje nåke flau øve vera stril. Eg vil heller flau øve vera bergensar, for å sei da sånn.

Intervjuar: Ja. Synest du det er stygt med bergensdialekt?

Ragnar: Ja, da kan vera ganske stygt. Hvertfall sånn derre, altså sånn Laksevågbe-, sånn ikkje penbergensar, men det motsatte av. Di så seie *issje* og, ja, nei, da e'kje nåke særli.

Ragnar er altså ikkje noko særleg glad i bergensmålet. Han er den av informantane som tydelegast gjev uttrykk for at han mislikar både bergensmålet og fleire andre talemål.

Ragnar meiner talemålet på Radøy er ulikt alt etter kva for område ein snakkar om, men at dei fleste snakkar stril. Som tidlegare nemnt, meiner han dei snakkar meir stril lenger nord enn han bur, men han seier også at ein snakkar stril i mangerområdet. I område lenger sør i kommunen meiner han ein er meir påverka av bergensk.

Ragnar: [...] Altså di fleste som kjem frå Radøy, di snakke stril. Utnom di som kjem fra Austmarka og Sæbø. Austmarka og Sæbø, der snakke di sånn, der snakke di sånn bergensk, på-, påvirka av bergensk liksom.

Intervjuar: Ja. Er det veldig tydeleg at veldig mange gjer det eller?

Ragnar: Ja, eg syns da. Vafall di som bur i Austmarka. Di snakke sånn. Sånn som (det egentlege namnet til Rune). Sånn snakke veldig mange av di, mens di som kjem frå Sæbø, di e kanskje stril, men. Så di frå, som kjem frå Hordabø og utøve der, di snakke jo veldig stril. Di snakke jo mær stril enn meg sant. Ja, di kjem frå Manger òg snakke jo stril.

Utan at eg spør direkte om talemålet, er dette det første Ragnar kommenterer når eg spør om han synest det er noko skilnad på folk frå Meland og folk frå Radøy.

Ragnar: [...] da som eg merke, det e at di som kjem frå Meland, di snakke jo bokmål heile gjeng-, elle di snakke mær bergensk. Ja di snakke jo, ja di snakke sånn bergensk (...) på ein måte.

Intervjuar: Og det gjer ikkje radværingar?

Ragnar: Nei.

4.4.9.4 Haldning til heimstaden

Ragnar seier han trivst godt på Manger. Han trekkjer fram at det er eit godt aktivitetstilbod, stille og fredeleg og flotte naturområde like ved. Likevel er Ragnar fast bestemt på at han ikkje kjem til å busetja seg her som vaksen. Han har ambisjonar om å bli profesjonell trompetist, eit yrke som det er så få stillingar innan, at det er svært usikkert kor ein kan få jobb. Ragnar er derfor innstilt på å bu der han får jobb.

[...] viss eg ska satsa fullt på da som eg skal, sant, og da e å bli ein trompetist, så må eg fløtta dar som jobben e [...] Sant, i Bergen så e da to jobba, og, altså da e jo nesten sånn, viss da e ein ledi jobb i Finland, så må eg jo prøvespela på den, og får eg den, så e da jo berre te å, må jo fløtta der som, der som det e jobb liksom.

Ragnar er positivt innstilt til å bu i ein stor by og fokuserer særleg på det gode kulturtilbodet som finst sånne stader. Samtidig verkar han litt usikker, fordi han alltid har budd på landet.

Ja, eg har jo ikkje nåkke i mot å bu i byn, eg. Elle, eg har jo aldri budd i by, sant. Eg har alltid budd på Manger, og der har du jo liksom alle di derre fritidsaktivitetane, eg kan gå og fiska når eg vil og, det e jo rett attmed sjøen. Så e da'kje så mykje bråk, di e veldig, det e jo ganske stille, sant. Så da e jo bakdeln med å bu i by, for'sempel i Bergen. Men allikavel i Ber-, det e jo så mykje mær tilbud sant. Alle di kulturtilbudna sant. Alle konsertane, alt skjer jo i byen liksom. Og det e jo litt tungvint for meg, må reisa inn til byn kver gong eg ska på nåkke musikkgreie.

Eg har dessverre gløymt å spørja Ragnar kva han ville sagt i ein fiktiv presentasjon på nasjonalt nivå, men han seier likevel dette indirekte når eg spør han om han er stolt av å komma frå Manger:

Ja (...), eg e jo da. For det e'kje, har jo alltid budd på Manger sant, eg føle jo at eg alltid har budd på Manger, så da e jo sånn, eg seie liksom at eg kjem frå Manger liksom.

4.4.9.5 Om Meland-buarar, radværingar, byfolk og strilar

Ragnar har ikkje så mykje å seia om dette emnet. Det verkar ikkje som han har tenkt over dette før. Det einaste han kjem på som skil Meland-buarar og radværingar er talemålet. Til liks med dei fleste andre informantane, har også Ragnar høyrte at radværingar blir kalla raddisar og at ein fleipar med at det er negativt å komma frå Radøy.

Ragnar: Nei, di (Meland-buarane) (...) e vel (...), nei di e egentlig ikkje så, altså eg merka ikkje nånne forskjell. Hvertfall ikkje di som eg kjenne liksom. Di e no berre heilt vanlig, berre at di snakke litt, di snakke ikkje stril, for å sei da sånn.

[...]

Intervjuar: Har du høyrte såne ting om radværingar?

Ragnar: Ja, me blir kalt for raddisa [...] Ja, det e einaste eg har hørt, sånn der liksom sånn kor hen du kjem frå, at da er dumt liksom sånn. E jo berre tull.

4.4.9.6 Samanfating av samtalen med Ragnar

Ragnar snakkar strilamål, og skil seg frå dei andre informantane ved å ha rulle-*r*. Han har eit relativt lite, delvis lokalbasert og ope nettverk som er språkleg homogent. Musikkinteressa til Ragnar er både lokalbasert og ikkje-lokalbasert. Ragnar er positiv til strilamålet, og han er den av informantane som er mest negativ til det bergenske talemålet. Ragnar er glad i heimstaden, men seier han ikkje kjem til å busetja seg der fordi han sannsynlegvis kjem til å få jobb i ein stor by. Han synest dette er greitt, sjølv om han seier han sikkert kjem til å sakna noko av dei kvalitetane heimstaden har, som ein ikkje kan få i ein by. Han er samtidig veldig positiv til det rike kulturilivet ein finn i ein by. Også Ragnar har høyrte at det blir fleipa om radværingar, men bryr seg ikkje noko særleg om dette. Han meiner at Meland-buarar snakkar omtrent som dei gjer i Bergen.

4.4.10 Felles og individuelle trekk hos Radøy-informantane

Alle dei fire Radøy-informantane er stort sett positive til eige talemål. Reidunn seier ho varierer språket litt i ulike samanhengar og Randi kodevekslar til bergensk når ho er saman med venner frå Bergen. Ingen av dei har noko problem med å namngje talemålet sitt. Reidunn, Randi og Ragnar seier dei snakkar strilamål og Rune seier han snakkar bergensk. Dette ser ut til å stemma, med unntak av Randi si kodeveksling.

Det ser ikkje ut til å vera nokre felles trekk for nettverka til Radøy-informantane; dette varierer frå person til person. Heller ikkje interessefeltet kan seiast å ha noko gjennomgåande felles ved seg. Det einaste som kan seiast her, er at ingen av Radøy-informantane har utelukkande lokalbaserte interesser. Men graden av deltaking i nærmiljøet varierer veldig.

Alle Radøy-informantane verkar å vera glade i heimstaden sin. Dei fortel ivrig om positive sider, men særleg Randi og Ragnar seier også at dei saknar nokre av dei tilboda ein finn på større stader.

Begge foreldra til Reidunn snakkar strilamål, medan hos dei tre andre snakkar den eine av foreldra strilamål. Randi har ei mor som snakkar bergensk, og meiner det er derfor ho har så lett for å slå over til bergensk. Rune meiner også at mor hans, som snakkar ein blanding av standard austnorsk og bergensk, har hatt den viktigaste innverknaden på talemålet hans. Det kan altså verka som talemålet til foreldra spelar ei viktig rolle for radværingane.

Alle fire har høyrte om stereotype oppfatningar av radværingar, og både Reidunn, Randi og Rune har mykje å fortelja om dette. Dei ser humoristisk på det, og fleire av dei seier at dei plar å gå i forsvarsposisjon ved å skryta ekstra mykje av heimstaden sin. Ingen av dei har høyrte noko liknande om Meland-buarar, men både Reidunn, Randi og Ragnar meiner Meland-buarane har eit talemål som liknar bergensk. Reidunn og Randi seier også dei synest det er ein annan mentalitet i Meland enn det er i Radøy. Dette går på at Meland-buarane ønskjer å vera meir som bergensarar eller byfolk.

Det tydelegaste fellestrekket hos Radøy-informantane ser ut til å vera at dei har ei tydeleg oppfatning av heimstaden sin. Alle viser positivt engasjement, samtidig som dei er klare over at det kan verka som ordet radværing er negativt ladd. Dette ser ut til å få Radøy-ungdommane til å innta ei forsvarsposisjon for heimkommunen sin. Det verkar ikkje som dei synest det er pinleg å vera radværing, tvert i mot seier alle fire at dei ikkje ville lagt skjul på dette dersom dei skulle presentera seg i nasjonal samanheng²⁸.

²⁸ Ragnar har ikkje sagt dette direkte, men eg meiner likevel at noko av det han seier kan tolkast i denne retninga (sjå avsnitt 4.4.9.4).

5 Drøfting av resultata

Til no har eg presentert resultata frå dei ulike datainnsamlingsmetodane kvar for seg. I dette kapitlet vil eg sjå på resultata som blei presenterte i kapittel 4 i samanheng med kvarandre og i lys av teoriene som blei presenterte i kapittel 3. Overskrifta på avhandlinga fortel at dette er ein *komparativ* analyse av *talemål, haldningar og samfunnsforhold* i to kommunar. Eg vil i dette kapitlet prøva å finna *samanhengar* mellom talemål, haldningar og samfunnsforhold, og sjå nærmare på korleis dette *varierer* i dei to kommunane. Resultata blir drøfta under dei fire temaa som også forskingsspørsmåla er sorterte under (sjå avsnitt 1.3): språk (5.1), samfunn (5.2), individet som aktør i samfunnet (5.3) og haldningar (5.4).

5.1 Språklege resultat

5.1.1 Talemålet i Meland og Radøy

Di (radværingane) har hvertfall an dialekt [...] Det e mer, mer sånn dialektpreg, at di har sterkare sånn der, vet'sje helt [...] (Magne)

[...] da som eg merke, det e at di som kjem frå Meland, di snakke jo bokmål heile gjeng-, elle di snakke mæ bergensk. Ja di snakke jo, ja di snakke sånn bergensk (...) på ein måte (Ragnar).

Både dei språklege resultata frå spørjeundersøkinga og taleopptaket av teikneoppgåva viser at radværingane har eit talemål som ligg tett opp til det tradisjonelle nordhordlandsmålet, medan Meland-buarane sitt talemål liknar på det bergenske. Om ein samanliknar desse resultata med talemålssituasjonen for heile Nordhordland, ser det ut som om radværingane har eit talemål som er meir tradisjonelt enn det gjennomsnittlege talemålet til ungdom i Nordhordland. Meland-buarane skil seg ut i motsett retning. Dei har den høgste delen av eigenrapportering av bergenske former (sjå avsnitt 4.1.4), og Meland-informantane er også dei som i klart størst grad kallar talemålet sitt for bergensk, sjølv om det kan sjå ut som om terskelen er ganske høg for å gjera dette (sjå avsnitt 5.1.2).

Også vennene og familien til Meland-buarane har eit meir bergensnært talemål enn personane i radværingane sine sosiale nettverk. Det store skiljet her går mellom den tradisjonelle varianten *stril*, og varianten som ligg mellom *strilamål* og bergensk, *nordhordlandsmål*.

I samtalan med dei åtte hovudinformatane er det ei gjennomgåande oppfatning hos både Meland-informantane og Radøy-informantane at talemålet i Meland er påverka av bergensk, medan radværingane held meir på *strilamålet*. Denne oppfatninga kjem også fram

av resultatene frå spørsmål 3 i spørjeundersøkinga (sjå avsnitt 4.1.3). Fleire av informantane har eigne teoriar om korfor det er slik. Flyttemønster og avstand til Bergen blir nemnt av fleire.

5.1.2 Namn på talemål

Kanskje eg har noen sånn der nynorsk-ord som eg brukar og, ellar sånn strila-dialekt då men. Det går jo hovudsaklig i bergensk egentlig [...] brukar et ord ellar to, ellar kanskje siar en setning, og litt ettar ken eg snakkar med (Mons)

Da hende jo sånn viss du snakka med sånne som snakka annerledes at eg kanskje tar litt ette dei, men ellers så e da berre stril (Reidunn s.5).

Fleire av informantane frå Meland har vanskeleg for å setja namn på talemålet sitt, medan dette ikkje ser ut til å vera noko problem for radværingane, der 21 av 23 informantar har kryssa av for alternativet ”stril/nordhordlandsmål” i spørjeundersøkinga. Seks av dei 17 Meland-informantane har kryssa av for alternativet ”anna”, og skildra talemålet som ei blanding av eller veksling mellom strilamål og bergensk. Dei tre Meland-informantane som har kryssa av for ”nordhordlandsmål/stril” har mykje høgare del av bergensformer i resultatene frå spørsmål 4 og 5, der ein skal rapportera språkformer (sjå vedlegg 1), enn dei 21 Radøy-informantane har. Det kan verka som Meland-buarane har problem både med å namngje eige talemål og å definera dei ulike termene som eksisterer.

I samtale med Meland-informantane kjem det fram at fleire har ei konservativ oppfatning av bergensk. Marit har til dømes rapportert 26 av 29 bergensformer i spørjeskjemaet, har 98 prosent realisasjon av bergensformer i teikneoppgåva og kallar talemålet sitt for ”blanding”. Ho og fleire av dei andre informantane ser på det som ofte blir kalla høgstatusbergensk (sjå avsnitt 1.6.2) som det eigentlege og ekte bergenske talemålet. Det gjer at mange ser på sitt eige talemål som noko som ikkje høyrer heime verken som strilamål eller bergensk, sjølv om resultatene frå denne undersøkinga viser at dei har eit talemål som er svært likt lågstatusbergensk.

I ”Light bergensk”-undersøkinga (Birkeland 2005) var også dette fenomenet svært tydeleg. Der brukte sju av dei ti informantane over 90 prosent bergensformer, men ingen av desse kalla talemålet sitt bergensk (14). Spørsmålet er om ein medvite *unngår* å kalla talemålet sitt for bergensk fordi ein ikkje vil bli assosiert med det bergenske, eller om ein faktisk meiner at ein har eit talemål som skil seg tydeleg frå bergensk, trass i at mine resultat viser det motsette. I sluttordet på ”Light bergensk” blir det peika på at dette kan ha samanheng med sterk identitetskjennele knytt til heimstaden (Birkeland 2005:16). Dette er noko eg vil komma nærmare inn på under avsnitt 5.4, der eg drøftar dei haldningsmessige resultatene.

5.1.3 Språklege nivelleringsinstansar

Eg har brukt termene *bergensk* og *bergensformer* om talemålet og talemålsformene til dei informantane som ikkje kan seiast å ha anten det *tradisjonelle nordhordlandsmålet* eller den meir moderate og vide varietetten eg har kalla *nordhordlandsmål* (sjå avsnitt 1.1). Eg vil no drøfta kor vidt dette er ein presis terminologi.

Hernes (2006:284) har komme fram til fire potensielle nivelleringsinstansar for osmålet: *bergensk talemål, norsk standardtalemål, regionalvestlandsk og austlandsk talemål*. Desse vil også vera aktuelle nivelleringsinstansar for talemålet i Nordhordland. Ifølgje Sandøy (1990) høyrer også målet i Os inn under det tradisjonelle nordhordlandsmålet, og til liks med Meland og Radøy, er også Os nabokommune til Bergen.

Hernes (2006:286) kjem fram til at den sterkaste nivelleringsinstansen for osmålet er *norsk standardtalemål med støtte i bergensk*. Ho argumenterer med at former som *noe, mye, skole, tro, vært, ned, hode* og *nese*, som er former som informantane hennar bruker, ikkje er former som har eigentleg basis i det tradisjonelle bergensmålet. Samtidig ser ikkje bergensspesifikke trekk, som monoftongering av *e/e*-vokalismen, ut til å stå sterkt hos os-ungdommen (284). Det som gjer at Hernes ser på bergensmålet som del av ein nivelleringsinstans er først og fremst at informantane ikkje bruker det ho karakteriserer som typiske standardtalemålsformer, som *jeg, mei* og *ikke*, og at dei har negative haldningar til desse (286).

Av bergensspesifikke trekk hos mine informantar vil eg nemna dei personlege pronomena *dåkkar* og *honn*, og i tillegg *-ar*-ending i presens av verb og i fleirtalsbøying (t.d. *håppar* og *leksar*). Informantane bruker også former som ein kan kopla til høgstatusbergensk, andre bymål eller til bokmål skriftspråk, som *noe* (lågstatusbergensk: *nåkke*), *være* (lågstatusbergensk: *vere*) og *mye* (lågstatusbergensk: *mykje*). På same måte som informantane til Hernes, tek informantane mine avstand frå former som Hernes omtalar som standardtalemålsformer (Hernes 2006:286), som *jeg, mei* og *ikke*. Dette kan også ha samanheng med å ta avstand til høgstatusbergensk og til *skriftspråket* bokmål. Mons gjev tydeleg uttrykk for at han mislikar desse formene, samtidig som han bruker forma *mye* i talemålet sitt. Han presiserer at det først og fremst er i skriftspråk desse formene plagar han.

Som nemnt under avsnitt 5.1.2 har fleire av informantane som bruker eit bergensnært talemål vanskar med å setja namn på talemålet sitt. Dette er hovudsakleg fordi dei meiner det er noko som skil talemålet deira frå bergensk. Dette er eit viktig argument for å hevda at det er andre krefter enn det bergenske talemålet åleine som verkar inn på talemålet i Nordhordland, sjølv om bergensmålet tydeleg spelar ei sentral rolle. Eg vil ikkje komma inn på diskusjonen

om noko kan kallast *standardtalemål*²⁹, sidan dette er ein svært omfattande diskusjon. Eg vil heller moderera Hernes (2006:286) sin teori for os-målet om at "[...] 'norsk standardtalemål med støtte i bergensk' er den sterkaste nivelleringsinstansen" til i denne undersøkinga å kalla nivelleringsinstansen for 'bergensstøtta talemål'.

5.2 Samfunnsmessige resultat

5.2.1 Samfunnsstruktur

Nordhordland blir ofte omtala som ein *region* som består av fleire *kommunar* (sjå avsnitt 2.1.1.1). Eg vil no sjå på om desse inndelingane er relevante for informantane.

Som nemnt under avsnitt 2.1.1.1, vil eg sjå på om dei administrative eller funksjonelle inndelingane også kan komma inn under det ein kan kalla kulturelle einingar. Salomonsson (1996:15) meiner i så fall at området må pregast av likskap innan *historie*, *religiøse tilhøve* og *dialekt*. Det må i tillegg vera ei *samhaldskjensle* blant innbyggjarane.

Historisk har nordhordlendingane mykje til felles, men dette har dei til dels også til felles med folk frå andre kommunar som ligg nær Bergen. Det er skrive mykje litteratur om strilane si historie, der det blir trekt eit klart skilje mellom Bergen og omlandet (sjå t.d. Ertresvåg 2001).

Når det gjeld dei religiøse tilhøva i Nordhordland, har eg ikkje noko grunnlag for å seia noko om dette, men eg vil tru at desse tilhøva ikkje er spesielle i Nordhordland i forhold til andre stader i Noreg.

Ein kan altså seia at nordhordlandssamfunnet er prega av likskap innom religiøse og historiske forhold, men at dette likevel ikkje seier noko om Nordhordland som region, fordi dei same forholda også gjeld for større område.

Denne undersøkinga viser store interindividuelle skilnader på talemålet til innbyggjarane i Nordhordland, slik at talemålet i regionen må karakteriserast som heterogent.

Samhaldskjensla mellom innbyggjarane er det kriteriet som det er vanskelegast å måla. Eg vil likevel påstå at det ikkje eksisterer noko slikt i særleg stor grad blant nordhordlendingane. Ingen av informantane seier eksplisitt at dei ikkje kjenner seg som del av eit nordhordlandssamfunn, men dei fleste viser tydeleg at dei set skilje mellom 'seg' og 'dei andre' innom nordhordlandsområdet. Tittelen på avhandlinga "Dei e teite og dei e mær stril enn oss", som blir sagt av ein radværing om austrheimingar, viser eit døme på dette.

²⁹ Sjå t.d. Hernes (2006) og Akselberg (2006) for meir om denne diskusjonen.

Ut i frå desse vurderingane vil eg påstå at Nordhordland *ikkje* kan seiast å vera ein funksjonell region.

Det kan sjå ut som talemålet til informantane er heller homogene innom kvar av dei to kommunane. Med nokre få unntak i kvar kommune, rapporterer Meland-informantane at dei har eit talemål som ligg tett opp til bergensk, medan Radøy-informantane meiner dei snakkar strilamål.

Fleire av Radøy-informantane seier dei kjenner seg meir knytte til bygda dei bur i, enn til kommunen, men ein kan likevel seia at det eksisterer ein viss grad av samhaldskjensle mellom innbyggjarane i Radøy kommune, som går på det å vera *radværing*. Dette viser seg på den måten som er nemnt over, ved at ein seier 'vi' når ein snakkar om radværingar og 'dei' når ein snakkar om folk frå andre kommunar. Reidunn seier til dømes: "Eg trur kanskje at *dei* tenke at *me* er mæ'r sånn strila på ein måte [...]" s.5 (mine uthevingar). Også Randi bruker fleire gonger 'vi' om radværingar: "*Me* har visstnok et rykt-, rykte på oss [...]" (mi utheving). Hos Meland-buarane er det vanskelegare å finna noko slikt, men også Meland-buarane har ei klar oppfatning av 'radværingar'.

Eg meiner dette seier noko om at det eksisterer ei samhaldskjensle hos radværingane, og når også talemålet og dei historiske og religiøse forholda er nokolunde homogene, kan ein seia at Radøy kommune eksisterer som ein kulturell region. Meland kommune gjer ikkje i like stor grad gjer dette, fordi det er vanskeleg å finna ei samhaldskjensle her. Eg nemnde tidlegare at eg ville sjå på 'lokalsamfunn' som eit samfunn som oppfylte kriteria for å vera ei kulturell eining (sjå avsnitt 2.1.1.2). Meland kan altså *ikkje* seiast å vera eit lokalsamfunn. Eg vil heller ikkje sjå på Radøy som eit lokalsamfunn, fordi eg meiner kriteriet om samhøyrighet ikkje er tilstrekkeleg oppfylt. Så lenge det eksisterer mindre einingar innom Radøy kommune der ein finn ei tydeleg samhøyrighetskjensle, er det desse einingane eg vil sjå på som lokalsamfunn.

Intervjuar: Når du snakkar med folk frå andre kommunar, andre plassar, føler du noko sånn spesiell tilknytning til Radøy?

Reidunn: Ja (...), eg gjer vel da. Eg veit'kje, Radøy e jo ein plass du kanskje blir mobba for å komma frå av enkelte andre folk, men du seie jo at du er der frå uansett liksom.

Intervjuar: Er det meir, er det meir lokalt Sæbø du på ein måte føler deg tilknytt til då eller?

Reidunn: Ja, det er mæ-, heller da enn Radøy trur eg. Sæbø.

Under avsnitt 2.1.1.1 skreiv eg at eg ville vurdere om det er tenleg å gjera ei samanlikning mellom Meland og Radøy, dersom det skulle visa seg at kriteria for å vera ein kulturell eining ikkje var oppfylte. I og med at kriteria om religiøse tilhøve, historie og talemål kan seiast å

vera oppfylte, meiner eg det er tenleg å gjera samanlikningar mellom kommunane, sjølv om kriteriet om samhøyrigheit mellom innbyggjarane berre delvis er oppfylt.

5.2.2 Samfunnstypar

5.2.2.1 Meland som samfunnstype

Dei fire Meland-informantane viser ulik grad av tilknytning til heimstaden sin. Merete og Magne er mest positive til staden og gjev uttrykk for at dei er glade i han, medan Marit og Mons verkar å vera meir likesæle. Det er likevel ingen av informantane som har noko særleg negativt å seia om heimstaden eller heimkommunen.

Alle dei fire informantane seier dei ville sagt dei kom frå Bergen dersom dei skulle presentera seg for folk frå andre kantar av landet. Dette meiner dei kjem av at folk ikkje har høyrte om heimstaden deira, og fordi dei verkar å ha problem med å velja om dei skal bruka namnet på regionen, kommunen eller bygda dei kjem frå. Dette viser at Meland-samfunnet er diffust (sjå avsnitt 2.1.2). Innbyggjarane har problem med å definera grensene og særpreget i samfunnet, og dei har inntrykk av at utanforståande har lite eller inga kjennskap til dette samfunnet.

Meland kommune profilerer seg som ein kommune som er i sterk vekst og som ligg nær Bergen (sjå avsnitt 1.5.1). Det verkar som ein er meir oppteken av at ein er nær dei tilboda som finst i Bergen og dei urbane nærområda, enn å fokusera på kva som faktisk finst i kommunen. Heller ikkje informantane sine val av fritidsaktivitetar speglar noko som er spesielt med Meland kommune. Marit reiser helst ut av kommunen i fritida. Dei tre andre spelar fotball og driv med kristent ungdomsarbeid. Sjølv om dette er aktivitetar som går føre seg i nærmiljøet, har dei ikkje noko spesiell tilknytning til Meland-samfunnet. Fotballag og kristenmiljø finn ein over alt i Noreg, og Meland utmerkar seg ikkje på nokon måte på desse felta.

Ut i frå dette kan ein plassera Meland-samfunnet på undersida av den horisontale aksan i samfunnstypemodellen. Det er ikkje like lett å avgjera om Meland kan seiast å vera eit samfunn av type C eller D. Fordi biletet av melandssamfunnet er moderat positivt, meiner eg det kan seiast å vera av type D, men det må plasserast ein stad nær den vertikale aksan (sjå figur 21 i avsnitt 5.2.2.2).

5.2.2.2 Radøy som samfunnstype

Radøy-informantane er på den eine sida tydeleg positive til heimstaden og viser ei sterk tilknytning til han. Samtidig er dei klare over at det å vera radværing gjerne blir tolka negativt

hos utanforståande. Denne negative tolkinga blir delvis gjort på ein humoristisk måte. Dette gjer at det kan vera vanskeleg å seia noko om positiv eller negativ valør i Radøy sin stadidentitet. Den totale oppfatninga av Radøy, har nok ein overvekt av negativ valør, men Radøy bør plasserast nær den vertikale aksens på den negative sida.

Radøysamfunnet verkar å vera mykje meir fokusert enn melandssamfunnet. Informantane seier at Radøy er kjent langt utanfor Nordhordland, og at dei sannsynlegvis ville sagt dei kom frå Radøy, uansett kven dei skulle presentera seg for i Noreg.


Radøy kommune verkar å vera mykje meir oppteken av å fokusera på det som skjer i kommunen. Dei har lenge populært seg som 'den grønne øya', og er oppteken av at Radøy har ein flott natur, og at ein tek godt vare på kulturlandskapet. Radøy har også utmerka seg innan kultur. Kommunen blei blant anna kåra til kulturkommune i Hordaland i 2004–2005 (sjå avsnitt 1.5.2).

Nordhordland er kjent for eit svært høgt nivå innom brassbandsjangeren³⁰, både gjennom gode skulekorps og vaksenkorps. Radøy kommune utmerker seg særleg her. Manger musikklag, som Ragnar spelar i, er eit elitedivisjonskorps. I tillegg har ein Radøy brass, som har delteke i både førstedivisjon og elitedivisjon i norgesmeisterskap. Ein har også fleire gode skulemusikklag, særleg Manger skulemusikklag, som Ragnar også spelar i. I tillegg har ein Manger folkehøgskule, som er ein folkehøgskule med eiga brassbandlinje.

Radøy har altså noko ved seg som gjer kommunen spesiell, og ein er oppteken av å signalisera dette for andre. Samtidig er ein oppteken av at innbyggjarane skal trivst, noko som informantane mine viser er vellukka. Dette gjer at ein kan karakterisera Radøy som eit fokusert samfunn. Det er meir problematisk å vurdere om Radøy kan seiast å vera eit samfunn som er mest prega av det positive eller det negative. Informantane er ambivalente i sitt syn på heimstaden. Dei er både stolte og flaue av han. Det kan likevel verka som dei er stolte av *bygda si*, medan dei er litt meir flaue av å vera *radværing*, fordi dette verkar å vera eit negativt ladd uttrykk. Ut i frå dette vil eg plassera Radøy under samfunnstype A, som eit fokusert samfunn med overvekt av negativ valør. Dei positive verdiane Radøy har, blir delvis overskugga av dei negative stereotypiane som eksisterer (sjå avsnitt 5.4.2).

Ut i frå vurderingane i avsnitt 5.2.2.1–2 har eg plassert Meland og Radøy inn i samfunnstypemodellen på følgjande måte (plasseringa må sjåast på som omtrentleg):

³⁰ Eit brassband er eit musikkorps bestående av messinginstrument og slagverksinstrument.



Figur 21: Plassering av Meland og Radøy i samfunnstypemodellen

5.3 Individet som aktør i samfunnet

5.3.1 Språksamfunn

Under avsnitt 2.2.1 presenterte eg ein definisjon på språksamfunn der eg opererte med termene 'underordna språksamfunn' og 'overordna språksamfunn'. Som nemnt under same avsnitt, ser eg på Nordhordland som eit overordna språksamfunn. Eg vil no drøfta om Meland og Radøy kan seiast å vera underordna språksamfunn eller om desse samfunna igjen inneheld eitt eller fleire underordna språksamfunn.

For at eit samfunn skal kunna kallast underordna språksamfunn, må medlemene ha nokolunde homogent talemål og homogene talemålshaldningar, og det må vera ein viss grad av interaksjon mellom medlemene. For å seia nøyaktig korleis slike underordna språksamfunn framstår i Meland og Radøy, måtte ein hatt eit mykje meir omfattande datamateriale enn det som finst i denne undersøkinga. Det eg vil seia noko om, er om *strukturen* i melandssamfunnet verkar annleis enn *strukturen* i radøysamfunnet når det gjeld underordna språksamfunn.

5.3.1.1 Språksamfunns-strukturen i Meland

Når det gjeld Meland-informantane, er talemålet deira nokolunde homogent. Dette vil likevel ikkje seia at talemålet i *kommunen* er homogent. Meland-informantane kjem frå heimar der det blir snakka eit tradisjonelt eller moderat nordhordlandsmål, medan dei sjølve har eit bergensknært talemål. Desse funna tyder på at ungdomsgenerasjonen har eit anna talemål enn store delar av dei eldre generasjonane.

Merete er positiv til både bergensk og strilamål, medan dei tre andre er mest positive til bergensk. Meland-informantane er altså mest positiv til bergensk, som også er det talemålet som deira eige talemål ligg tettast opp til. Om dette også er ein samanheng som gjeld for andre aldersgrupper, kan ein tenkja seg at når talemålet er heterogent, vil også talemålshaldningane vera heterogene.

Undersøkingane av sosiale nettverk og sosiale felt tyder på at det i liten grad eksisterer tydelege grupper med sterkt samhald innom kommunen.

Det kan ut frå dette sjå ut som om Meland har ein samfunnsstruktur der ein i liten grad finn underordna språksamfunn. I denne undersøkinga kjem dei fire informantane frå fire ulike stader i kommunen, og ingen av dei kan fortelja om eit miljø der det er språkleg og språkhaldningsmessig homogent.

5.3.1.2 Språksamfunns-strukturen i Radøy

Radøy-samfunnet ser ut til å vera annleis enn Meland-samfunnet også på dette punktet. Talemålet til Radøy-informantane er nokså homogent, og her er det snakk om det tradisjonelle talemålet i området, som ifølgje informantane er mykje det same talemålet som foreldregenerasjonen og besteforeldregenerasjonen bruker.

Dei tre Radøy-informantane som snakkar strilamål er for det meste stolte av talemålet sitt. Randi og Reidunn er litt ukomfortabel i visse situasjonar, men er ikkje i tvil om at det er strilamålet som gjeld på heimebane. Også Rune, som snakkar bergensk, kan fortelja om utbreidd bruk av, og positive haldningar til strilamålet i Radøy. Ifølgje informantane gjeld dette også for dei av familiemedlemene og vennene som er oppvaksne på Radøy. Ein kan altså finna eit homogent talemål og homogene talemålshaldningar i Radøy.

Heller ikkje i Radøy kunne undersøkingane av sosiale nettverk og sosiale felt visa noko særleg grad av tydelege grupper med høg grad av interaksjon. Rune fortel likevel at han opplever det som om det er skilje mellom dei tidlegare kommunegrensene, Hordabø, Manger og Sæbø, innom Radøy kommune, og at det eksisterer eit tydeleg samhald innom desse. Han fortel om ein episode då korpset hans spelte i ei anna bygd på 17. mai:

[...] det va no disse herre strilegubbene som hadde komt til honn der ansvarlige, at neste år, så får du pinadø finne nåkken fra bygda her, for vi behøvar no'kje hente nåkken helt inne fra Sæbø for å spille salmene på 17. mai. Det *får* være grensar, liksom. Så du se-, altså det e helt sånn, sånn klare kommuneskillar endå.

Kanskje fungerer også desse gamle kommuneskilja som skilje mellom underordna språksamfunn. Det er i alle fall tydeleg at språksamfunnsstrukturen i Radøy skil seg frå språksamfunnsstrukturen i Meland, der ein sannsynlegvis finn mindre grad av underordna språksamfunn.

5.3.2 Sosiale nettverk

Når det gjeld sosiale nettverk, har eg undersøkt tettleik og storleik i nettverka, og talemålet og bustaden til personane i nettverka til informantane. Det som tydelegast skil nettverka til Meland-informantane frå nettverka til Radøy-informantane er *talemålet* til nettverkspersonane.

Resultata frå nettverksundersøkinga (avsnitt 4.2) viste at vennene til Meland-buarane snakka hovudsakleg nordhordlandsmål og bergensk, medan radværingane hadde ein høg del av venner som snakka strilamål. Familiemedlemene til Meland-buarane er fordelte mellom kategoriane stril, nordhordlandsmål og bergensk, med flest som snakkar nordhordlandsmål. Dei fleste av radværingane sine familiemedlem snakkar stril. Informantane frå Radøy meiner at ingen av familiemedlemene deira snakkar nordhordlandsmål.

Eg vil no komma litt nærmare inn på talemålet til informantane sine foreldre. Dette er eit felt eg eigentleg ikkje hadde tenkt å fokusera på, men om ein ser nærmare på opplysningane om familiemedlemene sitt talemål, finn ein mykje interessant her.

Resultata frå mine undersøkingar viser eit tydeleg skilje mellom talemålet i Meland og Radøy, der Meland-buarane sitt talemål ligg tett opp til bergensk, medan radværingane held på det tradisjonelle strilamålet (sjå avsnitt 4.3). Mæhlum (1992:324) peikar på at om foreldra har eit homogent talemål, vil dette verka sterkare normerande på ungane sitt talemål enn om foreldra har ulikt talemål. Hernes (2006:281) har funne ein liknande samanheng hos ungdommane frå Os som ho har undersøkt på to ulike stadie i ungdomstida.

I den kvantitative analysen peikar *foreldrebakgrunn* seg ut som ein faktor som er viktig for informantane si språklege åtferd. Det ser ut til å vera klar samanheng mellom foreldrebakgrunn og bruken av bergensstøtta nivellerte former gjennom undersøkingsperioden. Dei som endrar talemålet mest i undersøkingsperioden, ser ut til å vera informantane i gruppa med ein osforelder og ein innflyttarforelder. Elles har informantane med to osforeldre jamt over eit stabilt lågt nivelleringsgjennomsnitt, medan informantane i gruppa med to innflyttarforeldre jamt over har eit meir eller mindre stabilt høgt nivelleringsgjennomsnitt.

Eg synest det er interessant å samanlikna informantane mine med informantane frå Os, fordi dette også er ein stad som ligg nær Bergen, og der det bergenske talemålet har hatt stor påverknad. Eg vil derfor dela informantane mine inn i grupper som tilsvarer det Hernes har gjort over, og sjå om ein finn samanfallande resultat.

Dei av informantane som har to foreldre frå Nordhordland er Marit, Mons og Reidunn. Magne seier han trur mora er oppvaksen ein annan stad, men at ho snakkar nordhordlandsmål, så eg reknar også Magne med i denne gruppa. Ingen av informantane har to innflyttarforeldre. Merete og Randi har mødre frå Bergen, og Rune har mor som har budd ulike stader i landet, som snakkar ein blanding av bergensk og austlandsk. Ragnar har far frå Nord-Noreg.

I gruppa med to foreldre frå heimstaden finn ein Marit, Mons og Magne, som alle tre har eit bergensknært talemål. Den einaste som passar inn i forhold til Hernes og Mæhlum sine funn, er Reidunn.

I gruppa som blir karakterisert som den mest ustabile, der foreldra har heterogent talemål, finn ein Rune som snakkar konsekvent bergensk og Ragnar som alltid snakkar strilamål. Randi seier at ho snakkar stril, men at ho også kodevekslar til bergensk. Også Merete vekslar mykje mellom nordhordlandsmål og bergensk. Strategiane til desse to jentene stemmer med Hernes (2006:275) sitt syn på at denne gruppa "[...] har tilgjenge til eit større språkleg repertoar som dei kan ta i bruk når andre faktorar legg til rette for det". Randi stør denne påstanden når eg spør ho om ho trur kodevekslinga har samanheng med at mor hennar er frå Bergen:

[...] då veit eg iafall korleis da *skal* snakkast liksom, og at eg har no hvertfall en viss anelse, at da bli'kje berre sånn "no ska eg prøva å lata så eg e bergensk" liksom, så da vert liksom, ja, veit litt ka da ligg i liksom.

Sjølv om Randi, Merete og Reidunn passar inn i forhold til Hernes sine funn når det gjeld foreldrebakgrunn, kan ein ikkje seia at dette mønsteret stemmer for Meland og Radøy. Det er truleg meir fruktbart å sjå dette i samanheng med at ein er oppvaksne i ulike samfunn, og å sjå på foreldrebakgrunnen som ein sekundær faktor.

Melandssamfunnet fungerer på ein måte som gjer at trass i at ein er oppvaksen med to foreldre frå staden, legg ein likevel talemålet om til eit bergensknært talemål. Eg trur dette seier noko om at foreldrebakgrunn er ein mindre viktig faktor for Meland-ungdommen i forhold til deira språklege strategiar. I Radøy-samfunnet ser det derimot ut som om foreldrebakgrunn er ein viktig normeringsinstans.

5.3.3 Sosiale felt

Ut frå informantane sine skildringar av interesser og fritidsaktivitetar vil eg seia noko om kor vidt melandsamfunnet og radøysamfunnet er prega av tydelege, lokalforankra sosiale felt (sjå avsnitt 2.2.3).

Marit kan ikkje seiast å delta i noko tydelege sosiale felt i Meland. Ho trenar kickboksing i Bergen og står på snowboard om vinteren.

Magne og Mons spelar fotball på det same laget på Frekhaug. Merete har tidlegare også spelt fotball på Frekhaug, men har i tillegg spelt på fleire ikkje-lokale lag. Ho har slutta å spela fotball, og trenar no på eit treningssenter i Knarvik. Sjølv om fotballaget til Magne og Mons er lokalforankra, kan det ikkje seiast å ha noko med kulturen i Meland å gjera. Ein finn fotballag i omtrent kvar einaste bygd i Noreg, og Meland utmerkar seg ikkje på nokon måte når det gjeld fotballkulturen. Magne og Mons viser heller ikkje teikn til å ha sterke kjenslemessige band til fotballaget sitt.

Det tydelegaste og mest lokalforankra feltet eg kan finna hos Meland-informantane er det kristne miljøet Magne og Merete er ein del av. Sjølv om det å ha eit kristent miljø ikkje gjer at Meland skil seg ut på nokon måte, verkar det som Frekhaug er kjent for å ha eit stort og sterkt kristent miljø. Særleg Merete er engasjert i dette miljøet, og er oppteken av å få med folk frå andre delar av kommunen, som tidlegare ikkje har vore inkludert i dette miljøet. Ho er oppteken av at miljøet skal vera samlande i staden for å vera splittande.

Det kan likevel ikkje seiast at nokre av desse feltene er så tydelege at dei står fram som typiske og særneigne for Meland. Meland-samfunnet verkar heller å innehalda vage felt, som ein finn overalt elles i landet.

Når det gjeld Radøy-informantane er situasjonen ganske lik som hos Meland-informantane. Rune har alle interessene og vennene sine utanfor kommunen. Reidunn spelar fotball på eit lag i Knarvik. Randi spelar fotball på eit lokalt fotballag, men på same måte som for Magne og Mons, kan ikkje dette seiast å vera eit felt som kan knytast spesielt til Radøy. Heller ikkje Randi viser noko særleg engasjement i forhold til fotballaget sitt.

Det tydelegaste feltet hos radværingane er korpsmiljøet Ragnar er ein del av. Rune har også tidlegare spelt i eit skulekorps i Radøy, men har no gått over til å spela i eit skulekorps i Lindås. Nordhordland er kjent for å ha eit svært høgt nivå og eit sterkt engasjement innan korpsmiljøet, og Radøy utmerkar seg særleg her (sjå avsnitt 1.5.2). Ragnar er tydeleg engasjert i dette miljøet. Han fortel at han vurderte å gå på musikklinje på vidaregåande skule, men at han bestemte seg for ikkje å gjera det. Ein av grunnane var at han då måtte ha flytta på hybel, og det ville bli vanskelegare å følgja opp skulekorpsset. Ragnar driv med musikk på

langt høgare nivå enn skulekorpset, så det at han rangerer skulekorpset så høgt, har sannsynlegvis noko med det lokale engasjementet til Ragnar.

Korpsmiljøet på Radøy står fram som det mest tydelege feltet i dei to kommunane, men ein kan likevel ikkje seia at nokon av dei to kommunen *utmerkar* seg ved å innehalda tydelege lokalforankra felt. Om ein samanliknar med felte Akselberg (1995) og Stokstad (2007) opererer med på Voss og i Aurland, kjem både Meland og Radøy ut som svært vage på dette området.

5.4 Haldningsmessige resultat

5.4.1 Språkhaldningar

Alle informantane var positive til eige talemål. Dei fleste hadde også til felles at dei ikkje hadde noko i mot andre talemål som var i bruk i nærmiljøet, altså anten bergensk eller strilamål, men det var likevel tydeleg at dei sette deira eige talemål høgare. Eg vil no prøva å forklara samanhengen mellom haldningar til talemål og bruk av talemål ved hjelp av Katz sin teori om personlegdomsfunksjonar (sjå avsnitt 2.2.4). For å illustrera dette, vil eg presentera dei språklege strategiane til tre av informantane.

Ragnar er den einaste av informantane som alltid har snakka det lokale talemålet, og som seier han ikkje varierer talemålet sitt. Han er oppvaksen i ein heim der mora snakkar strilamål og faren snakkar nordnorsk. Sidan faren sitt talemål er såpass framand på staden Ragnar vaks opp, vil det vera mora sitt talemål som vil vera det naturlege for Ragnar. Gjennom *verdifunksjonen* (sjå avsnitt 2.2.4) får han overført positive haldningar til strilamålet frå familien. Ragnar har dei fleste vennene sine på Manger og andre stader i Nordhordland, og desse snakkar anten stril eller nordhordlandsmål. Sannsynlegvis har Ragnar møtt liknande språkhaldningar hos vennene som dei han har med seg heimefrå, og har derfor ikkje hatt noko grunn til å endra desse haldningane. Ragnar er den som har størst grad av negative haldningar til bergensk.

Ragnar: For eg e jo stril liksom, e jo ikkje nåke flau øve vera stril. Eg vil heller flau øve vera bergensar, for å sei da sånn.

Intervjuar: Ja. Synest du det er stygt med bergensdialekt?

Ragnar: Ja, da kan vera ganske stygt. Hvertfall sånn derre, altså sånn Laksevågbe-, sånn ikkje penbergensar, men det motsatte av. Di så seie *issje* og, ja, nei, da e'kje nåke særli.

Randi har ein likande bakgrunn som Ragnar, men har valt ein noko annleis språkleg strategi. Også ho er oppvaksen i eit miljø der dei fleste snakkar strilamål. Hennar *verdifunksjon* har

derfor gjort at ho har utvikla positive haldningar til strilamålet, og bruker dette. Ho fortel at ho alltid snakka på same måten, heilt til ho fekk ein ny vennegjeng der alle var bergensarar. Her møtte Randi sosiale sanksjonar *mot* strilamålet. I slike tilfelle kan *tilpassingsfunksjonen* spela inn (sjå avsnitt 2.2.4). Dersom vi skjønner vi kan unngå sanksjonar ved å endra talemålet, vil haldningane vi har til talemål endra seg, og etter kvart også talemålet. Randi skildrar denne prosessen godt:

[...] hvertfall sånn alle dei som eg reiste til Wales med, eg e einaste striln, så når me då e i lag heile gjengen, så e da kav bergensk. Då gå'kje da i nåke anna liksom. Og da e jo sånn, med ein gang eg bjynna snakka stril, då sitt alle sammen der og ska herma. Sånn at då vert da sånn at okei greitt, då kan eg lika godt berre slutta, så e me ferdi med da liksom [LATTER]. Og då, ja. Dei reagere'kje på da når eg snakke bergensk egentlig. [...] Då e da liksom, då e eg ein tå dei på ein måte, når eg slår øve.

I denne situasjonen er det *enklare* for Randi å snakka bergensk. På den måten unngår ho sanksjonar i form av at dei andre hermar etter ho og gjer narr av talemålet hennar. Veninnene hennar frå Radøy og familien hennar reagerer negativt dersom dei høyrer ho snakka bergensk, så Randi har derfor valt ein språkleg strategi som går ut på å "[...] snakka bergensk med bergensarane og stril med strilane". På denne måten unngår ho sanksjonar på best mogleg måte. Randi har også positive haldningar til både strilamål og bergensk.

Marit er oppvaksen i ein heim der begge foreldra snakkar nordhordlandsmål, men møtte sosiale sanksjonar mot dette talemålet mykje tidlegare enn Randi. Marit seier at ho blei påverka allereie i barnehagen, og byrja å snakka slik ho gjer i dag allereie då. Medan Randi har valt å kodeveksla mellom strilamål og bergensk, har Marit bytt ut talemålet ho først lærte, med ein varietet som liknar meir på vennene sitt talemål. Hovudskilnaden mellom Randi og Marit er at Randi møtte desse språklege sanksjonane i tenåra, og *utanfor* nærmiljøet, medan Marit møtte språklege sanksjonar tidleg i barndomen, og *i* nærmiljøet. Hos Randi er det *tilpassingsfunksjonen* som har spela inn. Ho endrer talemålet etter *behov*, men ser framleis på strilamålet som *sitt* talemål. Hos Marit har *verdifunksjonen*, den mest grunnleggjande funksjonen (sjå avsnitt 2.2.4), gjort at ho har endra dei mest grunnleggjande språkhaldningane sine, og dermed endra talemålet sitt permanent. Det er tydeleg at Marit har meir positive haldningar til bergensk enn til strilamål.

Ut i frå desse tre tilfella kan ein sjå eit tydeleg mønster mellom språkhaldning og språkbruk. For at ein skal endra språkbruk, må språkhaldningane endrast først.

5.4.2 Strilestereotypien

Det viste seg at haldningar til språk ofte kom tydelegare fram når vi snakka om haldningar til *språkbrukarar*. Informantane var ivrige etter å fortelja når det blei snakk om kva for oppfatningar dei hadde av seg sjølve, folk i andre delar av Nordhordland og bergensarar. Dei fleste hadde ei klar oppfatning av at det var eit skilje mellom bergensarar og strilar. For å forstå bakgrunnen for dette, trur eg ein må sjå på det historiske forholdet mellom strilar og bergensarar:

Strilen var annleis enn byfolk. Ein kunne sjå det på kledda og høyra det på målet. Mange meinte jamvel at ein òg kunne sjå det på mennesket. Strilen var liten av vekst, tettvaksen og med svært lange armar. Det kom av all roinga (Ertresvåg 2001:8).

Det var ein tydeleg opposisjon mellom bergensarar og strilar, der strilane blei rangerte lågare enn bergensarane. Dette hadde samanheng med maktstrukturane, der strilane reiste til Bergen for å selja varer til meir velstående bergensar (sjå avsnitt 1.4).

Paul Kerswill (1994) har gjort ei sosiolingvistisk undersøking av strilar som har busett seg i Bergen. Han meiner at sjølv om maktstrukturane har endra seg og dei økonomiske tilhøva er utjamna mellom bergensarar og strilar, eksisterer det framleis stereotypiske førestellingar om strilen, bygd på dei førestellingane ein hadde i tidlegare tider (31). Dette finn ein også mange døme på i media. Strilane blir blant anna ofte sett på som 'harrye':

Inne i Stevnebøhallen er festen allerede i gang med en harry-faktor strileryktet verdig.³¹

Både Rune og Randi nemner at radværingar har rykte på seg for å vera bråkmakarar, noko som ser ut til å samsvara med bergenspolitiet si oppfatning av strilar:

Politiet ber strilene skjerpe seg [...]Det kan være vanskelig å forholde seg til det du karakteriserer som fulle striler, sier politistasjonssjef i Bergen, Bernt Solberg til NRK Hordaland [...]De har en tendens til å ville diskutere, argumentere og tvile på autoriteten vår.³²

Det einaste positive trekkjet i strilestereotypien, ser ut til å vera at strilane er hardtarbeidande. Ordet stril kjem truleg av *strile*, som tyder 'å streva' eller 'å anstrengja seg',³³ noko eigedomsmeklarselskapet Notar tok i bruk i ein reklamekampanje:

De (Notar) mente det var best å ansette striler fordi de mente folk med bondeblood var mer vant til å ta et krafttak enn byfolk. Mer arbeidskraft for pengene, rett og slett.

– Du høres ikke akkurat ut som en stril selv?

³¹ <http://www.ba.no/puls/article301753.ece>

³² <http://www.bt.no/lokalt/hordaland/article264221.ece>

³³ <http://www.dokpro.uio.no/perl/ordboksoek/ordbok.cgi?OPP=stril&ordbok=bokmaal&alfabet=n&renset=j>

– Nei da. Det med striler var selvsagt en spissformulering – men alvorlig ment. Men jeg er oppvokst i en arbeiderfamilie, der man alltid har trodd på at man må jobbe hardt for å lykkes. Kall det gjerne strilete, smiler sønn av Byggmester Hitland.

Også informantane i denne undersøkinga har klare førestellingar om at det er skilnad på strilar og bergensarar. Då Randi var på studieopphald i Wales, meinte ho at det ikkje ville vera noko vits i å presentera seg som byjente:

For då trur eg alle sånn der skjønnte at eg ikkje va byjenta så allikavel. Da e visst ett'ler ant med måtn me e og går og står på som seie at me ikkje e frå byn [LATTER].

Walter Lippmann meiner at stereotype førestellingar skapar orden i ei kompleks verd (ref. i Katz 1960:175). Kunnskapsfunksjonen gjer at haldningar som skapar orden i kunnskapen om personlege forhold oppstår (jf. Katz 1960).

Eit av punkta i intervjugaiden min gjekk på om det eksisterte stereotypiske oppfatningar om folk frå Radøy og folk frå Meland, og om desse var ulike ut frå om ein var innbyggjar eller budde i nabokommunen. På grunnlag av dette ønskte eg å finna ut om Meland-buarane og radværingane i like stor grad var utsette for stereotypering, og om dette fall saman med strilestereotypien. Mæhlum (2003:93) forklarar stereotypi på denne måten:

I nær forbindelse med holdningsbegrepet finner vi også termen *stereotypi*. Dette er en betegnelse for den typen gjengs oppfatning og forventning som vi kan ha til både atferd og personlighet hos en bestemt gruppe mennesker på grunnlag av f.eks. deres kjønn, etnisitet, og ikke minst deres *språk*.

I denne undersøkinga er det særleg relevant å undersøkjia om det eksisterer stereotypiar med grunnlag i informantane sitt *språk* og deira *etnisitet*. Til liks med Fjell (2003) ser eg på strilane som ei *etnisk gruppe*, sjølv om dette er noko som kan diskuterast. Fjell (2003) drøftar dette i hovudoppgåva ”Torgdagen – eit fenomen og forum for strileidentitet”. Ved å visa til Fredrik Barth og Stein R. Mathiesen si forskning peiker han på at for å kalla ei gruppe for etnisk, må ein fokusera på ”[...] grensa mellom dei etniske gruppene, og [...] sjå korleis desse gruppene kategoriserar kvarandre og seg sjølv” (Fjell 2003:86). Informantane til Fjell trekkjer fleire gonger fram *dikotomien bergensar – stril* for å visa kva som gjer at dei kjenner seg som strilar (jf. Fjell 2003), noko også mine informantar gjer.

For eg e jo stril liksom, e jo ikkje nåke flau øve vera stril. Eg vil heller flau øve vera bergensar, for å sei da sånn (Ragnar).

[...] nåken (Meland-buarar) meine liksom at dei e strila, men di snakke bergensk heile gjengen syns eg [...]da minna veldig om Radøy på ein måte, for det e liksom sånn bortimot øde nåken plassa iafall, men samtidig då e di veldi sånn "neida, me e'kje strila. Me e, me e frå Bergen", liksom [LATTER] (Randi).

Desse grensene ein set mellom 'dei' og 'oss' er bygd på stereotype oppfatningar. Når Randi seier om austrheimingar at "[...] dei e mær stril enn oss [...]", forklarar ho dette slik:

Ja, *me* pleie å kalla di da (meir stril), sånn av og til, men, eg veit'kje *egentlig* om di e da då. Men da e berre ein sånn ting, for da at dei e litt lenger nord og så, då e liksom, joda, me må ha nåke meira negativt å sei om *nåken* liksom, så det ikkje e me som får alt, så då pleie me å ta da ut øve austrheimingane.

Randi er altså oppteken av at ein må seia dette om austrheimingane, slik at dei sjølve, altså radværingane, ikkje får all hetsen. Dette viser eit hierarki, der bergensarane er på topp og dei mest utprega strilane på botn. Slike haldningar kan forklarast med den ego-forsvarande funksjonen (sjå avsnitt 2.2.4). For å styrkja eit allereie lågt sjølvbilete, sparkar ein nedover til den som har enno meir av det ein ser på som negative sider ved ein sjølv.

Det å vera stril heng tydeleg saman med det å snakka strilamål. Randi ser det som ei sjølvmotseiing når enkelte Meland-buarar meiner dei er strilar, men likevel snakkar bergensk. Ein kan altså seia at språk og etnisitet dannar grunnlaget for strilestereotypien. Ein stereotypi kan fungera slik Mæhlum (2003:93) skisserer her:

En slik sosial stereotypi kan ofte være sterkt overdrevet og nærmest karikert, og den fungerer vanligvis slik at samtlige medlemmer av den aktuelle gruppen blir tillagt et gitt sett av egenskaper. Dette kan omfatte personlighet, intelligens, interesser og evner, såvel som andre individuelle eller sosiale karaktertrekk [...].

Informantane i denne undersøkinga kjem med mange døme på kva strilestereotypien inneheld, og som oftast er det radværingane som representerer strilane, medan ein anten har vanskar med å plassera Meland-buarane, eller ein plasserar dei saman med bergensarane i stril-bergensar-dikotomien:

Dialektn har sikkert mykje å sei, for da at, veit'kje, snakka litt sånn der inngrauta kanskje av og te. [...] Det e jo ingen, altså det e ingen klassen min som e bonda elle nåke sant, det e berre dialektn trur eg (Reidunn).

Det e jo'kje, ingen tvil. Det e jo raddisane så e verst. Alltid dei [...] di e litt sånn grautandes og brøytandes (Merete).

[...] å ja, radveringa og strila og bondefolk og alt mulig sånt [...] nei eg trur det mest blir herpa på radveringa [...], bunadn vår e kjeledress og (Reidunn).

Eg ha'kje hørt nåke då. Ha'kje hørt 'melandfolk', nei nei nei. Neida, det e raddisane så e verst, sånn e da berre (Merete).

5.4.2.1 Strilestereotypien i eit kjønnsperspektiv

Det verkar som særleg jentene er opptekne av at det er eit skilje mellom byfolk og strilar. Dette skiljet ser dei gjerne for seg som at strilane representerer noko traust, solid og maskulint, medan byfolka representerer noko aktivt, bevegeleg og feminint. Radværingane ser

det positive ved dette, ved å sjå på seg sjølv som tøffe jenter i forhold til dei fisefine, fjollete byjentene, medan melandsjentene ser på seg sjølv som trendy og attraktive. Denne haldninga finn ein også i denne diskusjonen som har bakgrunn i ei kåring av dei ti vakraste prinsessene i verda, der dei norske prinsessene ikkje var nemnde:

Debattant 1: Mette-Marit og Märtha [...] kommer til kort. De er begge to ganske **strilete** (debattanten si utheving).

Debattant 2: *Strilete* var et ganske bra og dekkende ord for hva også jeg synes om de to norske prinsessene. Det er nettopp det, de er rett og slett rufsete/striglete/strilete. De andre er mer glatte, forfinede, vakre, estetisk renlinjet og feminine (debattanten si kursivering).³⁴

Eit anna døme, der det blir fokusert meir på dei positive sidene ved å vera kvinneleg stril, finn ein på nettstaden Facebook, der ein kan finna ei gruppe som kallar seg ”For alle oss som liker tøffe radøy jenter (sic.)”.³⁵ Skildringa av gruppa seier:

Ditta e gruppo for alle oss so elska radøy jente (sic.)! Og for oss so e stolte strila, men endo stoltare øve å vera frå RADØY!

Denne vinklinga finn ein også hos Reidunn, som ser på melandjenter som ”fjollete”. Når ho karakteriserar melandjenter som fjollete, viser dette at ho ser det som positivt at ho og andre radøyjenter ikkje er like opptekne av å pynta seg, som melandjentene. Ho koplår det å vera fjollete saman med å vera frå byen:

[...] di (Meland-buarane) e litt mær sånn fjollete av seg [LATTER]. At me er mær sånn bonda på ein måte, og dei e litt mær byfolk, viss du skjønne.

Jentene er altså dei som har mest å seia om eit skilje mellom radværingar og Meland-buarar og eit skilje mellom bønder og byfolk. Dette er kanskje fordi dei opplever det som vanskeleg å vita kva for ei av rollene dei skal vera i. Unge jenter opplever gjerne eit press på at ein skal vera mest mogleg feminin. Ein blir då tvungen til å ta stilling til om ein vil bli identifisert med det strilete, bondske og maskuline eller det urbane og meir feminine.

For gutane vil kanskje desse rollene vera meir samanfallande. Det verkar i alle fall ikkje som gutane ser på talemålet som ein markør for desse rollene på same måten som jentene. Mons misliker tydeleg ”sossane fra byn” og vil ikkje bli assosiert med dei, men har likevel ingen problem med å seia at han snakkar bergensk.

³⁴ (<http://forum.kvinneguiden.no/lofi/version/index.php/t306819.html>).

³⁵ <http://www.facebook.com/group.php?gid=5732054653>

6 Sluttord

Til slutt i denne avhandlinga vil eg summera opp dei viktigaste resultatane frå undersøkingane ved å prøva å svara på forskingsspørsmåla eg presenterte under avsnitt 1.3. Desse spørsmåla er formulerte med utgangspunkt i problemstillinga for avhandlinga. Svara på forskingsspørsmåla vil såleis visa essensen i denne avhandlinga.

6.1 Svar på forskingsspørsmåla

6.1.1 Språk

Det kjem tydeleg fram at talemålet i Nordhordland er heterogent. Ut frå resultatane frå spørjeundersøkinga er det store skilje mellom enkeltindivid, og også mellom kommunane. Meland og Radøy framstår som to ytterpunkt i denne samanhengen. Det kan sjå ut som at talemålet til informantane internt i dei to kommunane er ganske homogent, men Meland-buarane har eit talemål som liknar det bergenske, medan radværingane held på det lokale talemålet, strilamål. Ifølgje dei åtte hovudinformatane finn ein eit skilje mellom talemålet til ungdoms- og foreldregenerasjonen i Meland, på den måten at foreldregenerasjonen har eit talemål som ligg tettare opp til det tradisjonelle nordhordlandsmålet. Dette skiljet verkar ikkje å eksistera i like stor grad i Radøy.

Nivelleringskreftene som verkar på talemålet i Nordhordland, ser ut til delvis å ha bakgrunn i bergensk og delvis i andre nivelleringsinstansar. Dei språklege resultatane frå denne undersøkinga fell i stor grad saman med dei språklege resultatane Hernes (1998 og 2006) har funne i Os, og som Revheim (1997) har funne på Sotra. Det kan såleis sjå ut som det går føre seg ein språkleg regionaliseringsprosess i nærområda rundt Bergen, både i sør, vest og nord. Aust for Bergen er ikkje tendensane like tydeleg (sjå t.d. Akselberg 2003b og Bleikli 2005). Det ser ut som Bergen fungerer som eit spreingsentrum, men at også andre krefter verkar inn i denne prosessen.

6.1.2 Samfunn

Det verkar som innbyggjarane i Nordhordland i liten grad kjenner seg som 'nordhordlendingar'. Det varierer mykje frå informant til informant kor mykje ein i det heile teke kjenner noko særleg form for tilknytning til ein stad.

Alle dei fire Radøy-informatane viser tydeleg at dei kjenner ei slik form for tilknytning, men det ser ut som om dette gjeld mest for bygda dei kjem frå, og ikkje kommunen. Dei har likevel alle fire ei klar oppfatning av seg sjølv som *radværingar*.

Skilnaden er at medan dei knyter positive verdiar til bygda si, blir det å vera radværing sett på som hovudsakleg negativt.

To av informantane frå Meland gjev uttrykk for at dei kjenner ei tilknytning til bygda dei kjem frå, men ingen av dei fire Meland-informantane kjenner seg som *Meland-buarar*.

Det verkar som om Meland-buarane har sterkare band til Bergen enn radværingane har. Alle dei fire Meland-informantane ville sagt dei kom frå Bergen om dei skulle presentert seg i nasjonal samanheng. Alle Radøy-informantane ville sagt dei kom frå Radøy, eller prøvd å forklara kor heimstaden deira var.

Med bakgrunn i desse funna, har eg plassert Meland og Radøy inn i ein samfunnstypemodell (sjå avsnitt 5.2.2). Eg vil kalla Meland eit diffust samfunn med hovudsakleg positiv valør, og Radøy eit fokusert samfunn med hovudsakleg negativ valør. Biletet er likevel meir komplisert. Sjølv om Radøy-samfunnet blir karakterisert som eit samfunn med større grad av negativ valør enn Meland-samfunnet, ser det likevel ut som radværingane er meir positive til heimstaden sin. Dei har også eit mykje meir *medvite* forhold til heimstaden enn Meland-buarane har. Radværingane viser tydeleg at dei er glade i *bygda* dei kjem frå. Om ikkje dei direkte seier at dei er glade i sjølve Radøy, er dei i alle fall opptekne av å forsvara staden og seg sjølv som radværing, mot all 'mobbinga'. I denne samanhengen vil talemålet vera ein tydeleg markør for å visa at ein er stolt over å vera radværing og stril. Det kjem fram hos fleire av informantane at stoltheit knytt til heimstaden og til strilamålet heng saman.

6.1.3 Individet som aktør i samfunnet

Verken Meland-samfunnet eller Radøy-samfunnet verkar å vera prega av tette, lokalbaserte sosiale nettverk, eller tydelege, lokalbaserte sosiale felt.

Dei fleste av informantane har venner både i nærmiljøet og andre stader. Alle har meir enn ei gruppe med venner der vennene har relasjonar innom gruppa. Dei fleste av informantane har venner med ulike talemål, men det er ein tydeleg tendens til at overvekta av venner har det same talemålet som informanten sjølv.

Dei sosiale felta ein kan finna i Meland- og Radøy-samfunna er vage felt, på den måten at dei ikkje utgjer noko som er spesielt for staden. Det verkar ikkje som dei lokalbaserte felta informantane er medlem av har noko særleg å seia i forhold til deira tilknytning til heimstaden, kanskje med unntak av korpsmiljøet (sjå avsnitt 5.2.3).

Den store skilnaden i talemålet mellom Meland og Radøy ser altså ikkje ut til å ha nokon klar samanheng med typen av sosiale nettverk og sosiale felt i dei to samfunna.

6.1.4 Haldningar

Det ser ut til å vera ein samanheng mellom positiv haldning til eit bestemt talemål og bruken av det. Dei informantane som tidlegare har hatt eit anna talemål, eller som av og til bruker heile eller delar av eit anna talemål, er positiv til dette, men set 'hovudtalemålet' sitt høgare. Ragnar, som utelukkande snakkar strilamål, og alltid har gjort dette, er den einaste som er tydeleg negativ til nabotalemålet, som i hans tilfelle er bergensk.

Informantane har ei klar oppfatning av at det er skilnader mellom bergensarar og strilar. Bergensarar blir karakteriserte som urbane, fjollete og sossete, medan strilane blir sett på som bondske, brautande og frekke. Fleire av informantane meiner at radværingane kjem under kategorien stril, medan Meland-buarane er meir som bergensarar eller byfolk. Ifølgje informantane har dette å gjera med både talemålet og framtoningen til radværingane i forhold til Meland-buarane.

6.2 Konklusjonar

Basert på dei resultatane og drøftingane eg har lagt fram, vil eg no presentera følgjande konklusjonar:

- Talemålet i Nordhordland er heterogent. Nordhordlandsungdommen har ulike talemål som ligg på ein skala mellom det tradisjonelle nordhordlandsmålet og bergensk.
- Ungdom i Meland har eit nokolunde homogent talemål som ligg tett opp til det bergenske talemålet.
- Ungdom i Radøy har eit nokolunde homogent talemål som ligg tett opp til det tradisjonelle nordhordlandsmålet.
- Både Meland-informantane og Radøy-informantane har positive haldningar til eige talemål.
- Informantane frå Meland kjenner i liten grad tilknytning til heimstaden.
- Informantane frå Radøy kjenner i stor grad tilknytning til heimstaden.
- Verken Meland-samfunnet eller Radøy-samfunnet inneheld høg grad av tette, lokalbaserte sosiale nettverk.
- Verken Meland-samfunnet eller Radøy-samfunnet inneheld tydelege, lokalbaserte felt som seier noko spesielt om staden.
- Meland-samfunnet kan seiast å vera diffust. Haldningane til staden er anten positive eller likesæle.
- Radøy-samfunnet kan seiast å vera fokusert. Haldningane til staden er både positive og negative.

6.3 Sluttord om Meland og Radøy

Det er store språklege skilnader mellom innbyggjarane i Meland og Radøy. Det ser også ut som haldningane til innbyggjarane i dei to kommunane er svært ulike. Det er knytta stereotypiske førestellingar til radværingane både i dei andre kommunane i Nordhordland og i bergensområdet. Radværingane er også klare over dette sjølv. Når det gjeld Meland-buarane, ser det ut som det i mindre grad eksisterer stereotypiske førestellingar. I den grad Meland-buarane blir assosierte med noko, er dette det urbane, gjerne i form av det bergenske.

Folk i Meland har i større grad kontakt med bergensarar og andre utanforståande. Det er fleire innflyttarar og det er fleire som pendlar ut av kommunen enn det er i Radøy (sjå avsnitt 1.5). Det verkar også som mentaliteten i dei to kommunane er ulik. Meland kommune framstår som ein stad som er i vekst og i endring, og reklamerer med å vera nær Bergen (sjå avsnitt 1.5.1). Slagordet til Meland kommune er "eit samfunn for alle", og kommunen har Nordhordlandsbrua som logo på nettsidene sine³⁶. Dette signaliserer opne grenser og flyt mellom strileland og by.

I Radøy verkar ein å vera meir oppteken av å ta vare på det ein har. Ein er oppteken av å signalisera kva som er spesielt for Radøy. Ein ser meir *innover* i Radøy, enn i Meland, der ein ser *utover*. Radøy profilerer seg som 'den grønne øya', og har eit slagord som seier "tryggleik, trivsel og livskvalitet for alle" kombinert med nærbilete av blomar og ein gammaldags steinmur.³⁷ Folketalet i Radøy kommune har vore stabilt sidan 1964, medan folketalet i Meland aukar for kvart år som går. Også dette seier noko om graden av bevaring og stabilitet i Radøy-samfunnet og endring og vekst i Meland-samfunnet.

Også busetjingsmønsteret i Meland og Radøy signaliserer dei same tendensane. Kommunesenteret i Meland, Frekhaug, ligg heilt sør i kommunen, nærmast Bergen, medan busetjinga blir meir og meir grisgrend dess lenger nord i kommunen ein kjem (sjå vedlegg 6). I Radøy ligg kommunesenteret midt i kommunen, og ein finn tett busetjing både nord og sør for kommunesenteret Manger. På Manger finn ein også den einaste ungdomsskulen i kommunen, og eit stort idrettsanlegg. Dette kan vera faktorar som held ved like det at ein ser 'innover' i staden for 'utover'.

Til saman fortel desse faktorane at Meland er eit samfunn som er ope, i vekst, i endring, og som ser utover, mot Bergen. Radøy er derimot prega av det stabile og dei nære verdiane. Radværingane ser innover mot sitt eige samfunn, og er oppteken av å bevare dette.

³⁶ <http://www.meland.kommune.no/artikkel.aspx?AId=1&MIId=1>

³⁷ <http://www.radoy.kommune.no/>

Ved å sjå på bevaring av det lokale talemålet i samanheng med dette, gjev det meining at radværingane held på det lokale talemålet, medan Meland-buarane endrar det.

Å forklara språkleg endring ut frå tal på innbyggjarar, innflyttarar, pendling og avstand til sentrum kan verka som ei litt for enkel forklaring på språkendring. Eg meiner likevel at når desse faktorane peikar i same retning, kan dei saman med dei språklege dataa eg har samla inn, seia noko om korfor ein finn så store skilnader i talemålet mellom dei to nordhordlandskommunane, Meland og Radøy.

6.4 Forslag til vidare forskning

Det har vore svært interessant å sjå kor ulikt Meland og Radøy framstår som samfunn, og korleis dette ser ut til å ha ein samanheng både med haldning til heimstad og talemål, og med bruken av det lokale talemålet. Det ville vore spanande å gjera undersøkingar av talemål, haldningar og samfunnsforhold også i dei andre kommunane i Nordhordland for å sjå om ein finn liknande tendensar.

Undersøkinga mi har hatt ungdommar i 17–18-årsalderen som informantar. Det kunne vore interessant å gjera undersøkingar av talemål og haldningar i andre aldersgrupper i Meland og Radøy, blant anna for å prøva å finna samanhengar mellom foreldrebakgrunn og ulike språklege strategiar hos ungdommane. Resultata frå mi undersøking tyder på at foreldrebakgrunnen er viktigare for Radøy-informantane enn for Meland-informantane. Det trengst å undersøkje både om foreldregenerasjonen har dei same haldningane til heimstaden som ungdommane har, og om ein også hos denne generasjonen finn eit så markant skilje i talemålet. Slik ville ein fått eit endå meir nyansert bilete av Meland- og Radøy-samfunna.

Dei siste åra har det innom sosiolingvistisk forskning vore snakka om ein Oslo-cirkumferens i området rundt Oslo, der talemåla i nærområda til Oslo blir meir og meir like, med Oslo som språkleg spreingsentrum for denne endringa (sjå t.d. Skramstad 1999). Om ein ser på språklege funn frå andre sosiolingvistiske undersøkingar i nabokommunane til Bergen (sjå t.d. Revheim 1997 og Hernes 1998 og 2006), ser ein at det går føre seg ei omfattande språkendringsprosess, der bergensmålet truleg er den viktigaste nivelleringsinstansen. Det ville vore nyttig å sjå på desse funna i samanheng, og i tillegg undersøkje område som ikkje har vore undersøkte til no, t.d. Øygarden, Askøy, Osterøy og Samnanger, for å finna ut meir om ein eventuell språkleg cirkumferens med utgangspunkt i Bergen og bergensmålet.

Samandrag

Mastergradsavhandling i nordisk språkvitskap våren 2008

Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studium, Universitetet i Bergen

Namn: Mariann Birkeland

Rettleiar: Professor Gunnstein Akselberg

Tittel: ”Dei e teite og dei e mær stril enn oss” – Ein komparativ analyse av talemål, haldningar og samfunnsforhold i nordhordlandskommunane Meland og Radøy.

I denne avhandlinga undersøker og samanliknar eg talemål, haldningar og samfunnsforhold i Meland og Radøy. Dei to kommunane ligg i Nordhordland, nord for Bergen. Hovudproblemstillinga er følgjande: Eg ønskjer å finna ut noko om korleis samfunn og individ påverkar kvarandre gjensidig, og korleis dette samspelet kjem til uttrykk gjennom talemål og haldningar i dei to kommunane Meland og Radøy.

109 tredjeklassingar frå Knarvik vidaregåande skule og Austrheim vidaregåande skule frå dei seks kommunane i Nordhordland; Austrheim, Fedje, Lindås, Masfjorden, Meland og Radøy er informantar. Dei har svart på eit spørjeskjemaet der målet er å kartleggja talemålssituasjonen i Nordhordland. Av desse 109 har eg valt ut åtte hovudinformantar, fire frå Meland og fire frå Radøy. Desse har laga kvart sitt nettverksskjema og delteke i to former for taleopptak, der den eine forma har som mål å avdekkja realisasjonar av språklege variablar fordelt på fire variabelgrupper, og den andre er eit kvalitativt djupintervju der målet er å avdekkja informantane sine haldningar og synspunkt, særleg innom temaa talemål og samfunn.

Både eigenrapportering og faktisk tale viser at det er store talespråklege skilnader mellom Meland-informantane og Radøy-informantane. Meland-informantane sitt talemål ligg tett opp til bergensk talemål, medan Radøy-informantane i mykje større grad held på det lokale nordhordlandsmålet.

Alle dei åtte hovudinformantane er positive til eige talemål, medan dei er meir eller mindre negative til ’nabotalemålet’, som er anten bergensk eller tradisjonelt nordhordlandsmål.

Fleire av informantane har stereotypiske førestellingar om ’strilar’ i forhold til ’bergensarar’. Det verkar som om strilestereotypien fell saman med synet på radværingane, medan Meland-buarane blir sett på som meir like bergensarane. Dette samsvarer med bruken

av talemål på den måten at radværingane snakkar tradisjonelt nordhordlandsmål, eller strilamål, medan Meland-buarane har eit bergensknært talemål.

Eg har utvikla ein modell for samfunnstypar, der eg har plassert Meland og Radøy. Meland blir karakterisert som eit diffust samfunn med svakt positiv valør, og Radøy som eit fokusert samfunn med hovudsakleg negativ valør. Det ser ut til å vera ein samanheng mellom eit fokusert samfunn, der innbyggjarane har eit medvite forhold til heimstaden sin, og bevaring av det lokale talemålet.

Litteraturliste

- Akselberg, G. 1995. Fenomenologisk dekonstruksjon av det labov–milroyske paradigmet i sosiolingvistikken. Ein analyse av sosiolingvistiske tilhøve i Voss kommune. Doktorgradsavhandling, Universitetet i Bergen.
- Akselberg, G. 2003. Utviklinga av vossamålet ved tusenårsskiftet. Ei gransking av språkbruk hjå ungdomar på Voss 2001-2003 sett i eit talespråkleg regionaliseringsperspektiv. I *Nordisk dialektologi*, red. G. Akselberg, A. M. Bødal og H. Sandøy. 197-226. Oslo: Novus.
- Akselberg, G. og B. Mæhlum 2003. Sosiolingvistisk metode. I *Språkmøte. Innføring i sosiolingvistik*, red. B. Mæhlum, G. Akselberg, U. Røyneland og H. Sandøy, 70–85. Oslo: Cappelen Akademisk Forlag.
- Akselberg, G. 2006. Horisontalistar versus vertikalistar. Om ulike tolkingar av talespråklege endringsprosessar i Noreg. I *Målbryting* 8: 133–150.
- Birkeland, M. 2005. ”Light bergensk” – ei sosiolingvistisk undersøking av talemålet til tiandeklassingar ved Rosslund skule i Meland kommune. Upublisert manuskript.
- Bleikli, C. 2005. ”Da har med identiteten te vaksdølingane å gjera – da e eg sikker på”. Ei sosiolingvistisk undersøking av lokal identitet, språknormer, haldningar og språkbruk på Vaksdal. Upublisert mastergradsavhandling, Universitetet i Bergen.
- Bourdieu, P. 1989. *Distinction. A Social Critique of the Judgement of Taste*. London: Routledge.
- Broady, D. 1991. *Sociologi och epistemologi. Om Pierre Bourdieus författarskap och den historiska epistemologin*. Stockholm: HLS Förlag.
- Broady, D. 1984. Agent til Subjekt. Liten ordlista för att underlätta läsningen av Pierre Bourdieu, ”Vad det vill säga att tala”. I *Rätten att tala. Texter om läroplansteori och*

- kulturreproduksjon. Skeptron 1*. red. U. P. Lundgren. Stockholm: Symposium Bokförlag.
- Carlsson, Y. 2006. Bedre enn sitt rykte – om byers omdømme – men mest om Drammen. http://www.stedsforskning.no/publikasjoner/bedre_enn_sitt_rykte_om_byers_omdoeme_men_mest_om_drammen (8.mai 2008).
- Engelstad, F. 1985: Finnes det en kvalitativ og en kvantitativ forskningsmetode? I *Metode på tvers. Samfunnsvitenskapelige forskningsstrategier som kombinerer metoder og analysenivåer*, red. B. Dale, M. Jones og W. Martinussen, 7–41. Trondheim: Tapir.
- Ertresvåg, E. 2001. *Strilesoga – nord- og midhordland gjennom tidene. Band 5: Frå 1914 til i dag*. Bergen: Eide forlag.
- Fjell, L. 2003. Torgdagen – eit fenomen og forum for konstruering av strileidentitet. Upublisert hovudfagsoppgåve, Universitetet i Bergen.
- Fossåskaret, E. 1996. Region som sum og del. I *Att skapa en region – om identitet och territorium*, red. M. Idvall & A. Salomonsson. Stockholm: NordREFO.
- Fossåskaret E. 2000. Surapalen som identitetsmarkør. Regionalisering, stad og sjølvforståing. *Målbryting 4*: 27–46.
- Grønmo, S. 2004. *Samfunnsvitenskapelige metoder*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Haugen, R. 1998. Variasjon og endring i sogndalsdialekten. Ei sosiolingvistisk undersøkning av talemålet i Sogndal. *Målbryting 1*: 1–168
- Haugen, R. 2004. Språk og språkhaldningar hjå ungdomar i Sogndal. Doktorgradsavhandling, Universitetet i Bergen.
- Hernes, R. 1998. ”Eg snakke sånn så – det komme av seg sjøl” – Ein sosiolingvistisk analyse av talemålsvariasjon hjå ungdom i Os. Upublisert hovudfagsoppgåve, Universitetet i Bergen.

- Hernes, R. 2006. Talemål i endring? Ein longitunell studie av talemålsutvikling og språkleg røyndomsoppfatning hjå ungdomar i Os. Doktorgradsavhandling, Universitetet i Bergen.
- Høyland, R. 2005. Meiningar om mål. Ungdomar på Stord si oppfatning av seg sjølv og stordamålet i relasjon til haugesundarar og haugesundsmålet. Upublisert mastergradsavhandling, Universitetet i Bergen.
- Katz, D. 1960. The Functional Approach to the Study of Attitudes. *Public Opinion Quarterly* Vol. XXIV, No. 2: 163–204.
- Kerswill, P. 1994. *Dialects Converging. Rural Speech in Urban Norway*. Oxford: Clarendon Press.
- Kvale, S. 1997. *Det kvalitative forskningsintervju*. Oslo: Gyldendal.
- Labov, W. 1972. *Sociolinguistic Patterns*. Philadelphia: University of Pennsylvania Press.
- Marøy, B. H. 1998. Ei sosiolingvistisk gransking av talemålet på vestlandsøya Fedje. Upublisert hovudfagsoppgåve, Universitetet i Bergen.
- Milroy, L. 1980. *Language and Social Networks*. Oxford: Blackwell.
- Molde, E. B. 2007. Knot. Omgrepet, definisjonane og førestellingane. Upublisert mastergradsavhandling, Universitetet i Bergen.
- Mæhlum B. 2003. Normer. I *Språkmøte. Innføring i sosiolingvistikk*, red. B. Mæhlum, G. Akselberg, U. Røyneland og H. Sandøy, 86–102. Oslo: Cappelen Akademisk Forlag.
- Mæhlum B. 1999. Sted og språk – en skisse. I *Stedet som kulturell konstruksjon*, red. B. Mæhlum, D. Slettan og O. S. Stugu. Trondheim: Historisk institutt.

- Mæhlum B. 1992. *Dialektal sosialisering. En studie av barn og ungdoms språklige strategier i Longyearbyen på Svalbard*. Tromsø-studier i språkvitenskap 12. Oslo: Novus.
- Nesse, A. 1994. Kollektiv og individuell variasjon i bergensdialekten. I *Talemål i Bergen 5*: 11–144.
- Papazian E. & B. Helleland. 2005. *Norsk talemål. Lokal og sosial variasjon*. Kristiansand: Høyskoleforlaget.
- Pettersen, E. 1990. Bergens bymål. I *Den store dialektboka*, red. E. H. Jahr, 199–203. Oslo: Novus forlag.
- Revheim, I. 1997. Sosiolingvistisk variasjon i Sund kommune på Sotra. Upublisert hovudfagsoppgåve, Universitetet i Bergen.
- Rudi, N. B. 1999. Er det råd å stole på rapportert språkbruk? I *Målbryting 2*: 171–178.
- Rudi, N. B. 2007. Språkvariasjonar i to dalføre : ei sosiolingvistisk gransking av talemålet blant 18-20-åringar i Hallingdal og Gudbrandsdalen. Upublisert hovudfagsoppgåve, Universitetet i Oslo.
- Røyneland, U. 2005. Dialektnivellering, ungdom og identitet : ein komparativ studie av språkleg variasjon og endrding i to tilgrensande dialektområde, Røros og Tynset. Doktorgradsavhandling, Universitetet i Oslo.
- Røyneland, U. 2003: Språk og dialekt. I *Språkmøte. Innføring i sosiolingvistikk*, red. B. Mæhlum, G. Akselberg, U. Røyneland og H. Sandøy, 13–31. Oslo: Cappelen Akademisk Forlag.
- Salomonsson, A. 1996. Regionaliteten som problem. I *Att skapa en region – om identitet och territorium*, red. M. Idvall & A. Salomonsson. Stockholm: NordREFO.
- Sandøy, H. 1990. Vestlandet – der fjordane batt folket saman. I *Den store dialektboka*, red. E. H. Jahr, 63–87. Oslo: Novus forlag.

- Sandøy H. 2003. Kontakt og spreining. I *Språkmøte. Innføring i sosiolingvistik*, red. B. Mæhlum, G. Akselberg, U. Røyneland og H. Sandøy, 224–246. Oslo: Cappelen Akademisk Forlag.
- Skramstad, T. 1999. Oslocirkumferensen og språklig regionalisering – en metodetriangulert undersøkelse av språk og normer hos ungdom på Hadeland. Upublisert hovudfagsoppgåve, Universitetet i Oslo.
- Stokstad, I. Talemål og livsverd. Ein aldersavgrensa populasjonsstudie blant ungdomar i Aurland i Sogn. Upublisert mastergradsavhandling, Universitetet i Bergen.
- Tungodden, B. (red.) 1993. *Nordhordland – vegen vidare*. Isdalstø: Nordhordland forlag.
- Toreid, T. 1999. ”Frå badnahagje til barnehage”. Ei sosiolingvistisk gransking av jondalsmålet. Upublisert hovudfagsavhandling, Universitetet i Bergen.
- Vestby, G. M. 2003. Ungdoms bilder av bygda og tanker om framtida.
http://www.stedsforskning.no/publikasjoner/ungdoms_bilder_av_bygda_og_tanker_om_framtida (8.mai 2008).

Internettsider:

- <http://www.ssb.no/>
- <http://www.meland.kommune.no/>
- <http://www.radoy.kommune.no/>
- <http://www.nordhordland.net/>
- <http://www.uib.no/region/documents/Region%20og%20regionalisering.pdf>
- http://nyheter.uib.no/?modus=vis_nyhet&id=39528)
- <http://www.filmlisten.no/cgi-bin/visfilm.cgi?id=105>)
- <http://www1.vg.no/film/artikkel.php?artid=44644>
- <http://www.ba.no/puls/article301753.ece>)

<http://www.bt.no/lokalt/hordaland/article264221.ece>

<http://www.dokpro.uio.no/ordboksoek.html>

<http://no.facebook.com/>

Vedlegg 1: Spørjeskjema

Spørjeskjema Namn: _____ Klasse: _____

1 a. Kor bur du? Skriv namn på både kommune og bygd/tettstad. _____

b. Har du budd i same kommunen heile livet? Set kryss.

Ja Nei

c. (Dette skal du svara på berre dersom du svarte nei på spørsmål 1b.) Skriv namnet på kommunen/kommunane du har budd i før, kor lenge du budde der, og kor gammal du var.

2. Kva vil du kalla dialekten din? Set kryss.

Nordhordlandsmål/strilamål Bergensk Anna _____

3. Prøv å rangera desse kommunane/områda etter kor vanleg du synes det er at innbyggjarane snakkar "ekte" strilamål:

Austrheim, Fedje, Knarvik, Lindås utanom Knarvik, Masfjorden, Meland, Radøy.

Mest stril 1 _____

2 _____

3 _____

4 _____

5 _____

6 _____

Minst stril 7 _____

4. Ta fram **ark nr.1**. Tenk deg at du seier det som står på arket. Kva for nokre av dei orda som står inne i dei firkanta rutene ville du ha brukt? Set ring rundt desse orda.

Dersom du av og til seier det eine og av og til det andre skal du setja ring rundt begge.

Hugs at dette handlar om korleis du snakkar. Ikkje tenk på riktig skrivemåte. (Teksten som står i parentes er den same som teksten til bileta, skriv på nynorsk.)

5. Ta fram **ark nr.2**. Tenk deg at du er personen med topplue. Set ring rundt dei orda du ville ha brukt. Gjer dette på same måten som du gjorde under spørsmål 4.

Tusen takk for at du ville vera med i undersøkinga! ☺

ARK 1

Dette er

en
ei

 jente  Ho

Ho
tion

 er

syv
sju

 år.

(Dette er ei jente. Ho er sju år.)

Her er

moren
mor
more

 til

jento
jenten



(Her er mor til jenta.)



Jenten
Jento

sitte
sitt
sit
sittar

 og

les
lese
lesar

ei
en

 bok.

(Jenta sit og les ei bok.)



Klokken
Klokko

åtta
ätte

kjem
kommar
komme

moren
more

inn og

siar
seie

 ho må

legge
ligge
legga
ligga
leggja
liggja

 seg.

(Klokka åtte kjem mora inn og seier ho må leggja seg.)

ARK 2 Du er personen med topplue. Personen med caps er ein i klassen din. Dei andre to går i parallellklassen c

Me Vi går i 3A, kva for klasse går de i ?

dåkkar de dåke dåkke

3B

(Vi går i 3A, kva for klasse går de i?)

Har de dåke dåkke dåkkar mye mykje lekse leksar ?

Nei, som oftast berre i matte og i norsk.

(Har de mykje lekser?)

Berre Bare det da ? Då kan de dåke dåkkar dåkke jo kose kosa dåkke dåke dåkkar og slappa slappe av.

Ja. Snakkast!

(Berre det? Då kan de jo kosa dykk og slappa av.)


Skal si sei seia dei di har det bra!

Ja, dei er heldige.

(Skal seia dei har det bra!)

Vedlegg 2: Nettverksskjema

Blå strek: Relasjon til meg (krav: jannlog kontakt, må kunna vera saman på tomannshand).
Raud strek: relasjonar innfor nettverket (krav: same som over). Det er naturleg at familien har kontakt med kvarandre.
Grøn strek: familie. Her trøng ein ikkje seija stadar mellom personane.
Gul sirkel: ein sjølv



Vedlegg 3: Teikneoppgåvene



Vedlegg 4: Intervjugaid

Kartlegging av informantane sin livssituasjon:

- Kva driv du med på fritida?
- Om svaret er ingenting: Har du vore med på noko tidlegare?
- Litt om familie og venner
- Er du mest med folk frå heimstaden din, eller har du kontaktar andre stader?

Haldning til heimstaden

- Kva synest du om heimstaden din?
- Er du stolt av heimstaden din?
- Synest du din heimkommune er spesiell på nokon måte?
- Nemn nokre positive og nokre negative sider ved heimstaden/heimkommunen din.
- Når du skal presentera deg for nokon som er frå andre stader i landet, kor seier du at du kjem frå?

Haldning til nabokommunen

- Kjenner du nokon frå Meland/Radøy? (Den kommunen informanten ikkje bur i sjølv).
- Synest du det er noko spesielt med denne kommunen eller med dei som bur der?
- Har du sjølv sagt, eller høyrte andre seia noko spesielt om folk frå denne kommunen?


Haldning til eige talemål


- Du har svart i spørjeskjemaet at du snakkar (...)dialekt, stemmer det?
- Varierer du i måten du snakkar på?
- Synest du at du har fin dialekt?
- Hender det at nokon kommenterer dialekten din?

Haldning til andre talemål

- Synest du det er nokon dialektar i Noreg som er spesielt fine eller stygge?
- Kva synest du om nabodialekten din? (strilamål/nordhordlandsmål eller bergensk)
- Er det nokon situasjonar du synest det passar dårleg å bruka bergensk eller nh-mål?

Vedlegg 5: Kart over informantane sine heimstader






Vedlegg 6: Busetjingstettleik i Meland og Radøy

1256 Meland kommune – busetjingsmønster

Talet på busette per rute 250 m x 250 m. Ikkje fargelagde ruter/område er utan busetjing. Befolkningsdata per 1. januar 2002.



1260 Radøy kommune – busetjingsmønster

Talet på busette per rute 250 m x 250 m. Ikkje fargelagde ruter/område er utan busetjing. Befolkningsdata per 1. januar 2002.

